

Vegard Klepsvik Vinsjansen

Trolldomsjakt og kongemakt

Trolldomsprosessar og sentralisering i Ribe og Bergen på 1500- og 1600-talet – Ei komparativ studie

Masteroppgåve i Lektorutdanning i Historie

Veileder: Magne Njåstad

Mai 2019

Vegard Klepsvik Vinsjansen

Trolldomsjakt og kongemakt

Trolldomsprosessar og sentralisering i Ribe og Bergen på 1500- og 1600-talet – Ei komparativ studie

Masteroppgåve i Lektorutdanning i Historie
Veileder: Magne Njåstad
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

Føreord

Denne masteroppgåva har vore «in the making» ganske lenge: I likskap med andre av min generasjon er eg oppvaksen med Harry Potter og vart tidleg interessert i trolldom som fenomen. Då eg byrja å arbeide med fordjupingsoppgåva innanfor det same temaet for to år sidan var eg litt redd for at forholdet mitt til den skjønnlitterære magien skulle ta ein smell dersom eg lærte meir om korleis folk i heksebrenningas samtid handsama det magiske universet omkring seg. No viser det seg den gong at trolldomsforestillingane i eldre tid er minst like spennande som skjønnlitteraturen gjer inntrykk av, samstundes som trolldom vert desto meir interessant viss ein undersøker dei politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle dimensjonane som fenomenet fanst i midten av. No då eg er ferdig med masteren er eg framleis ikkje lei trolldom; faktisk sit eg attende med enda fleire spørsmål enn då eg byrja.

Bøker og seriar i fantasy-sjangeren topper framleis salslister, og interessa for desse har eg til felles med mine framtidige elevar. Arbeidet med masteren har gitt meg mykje å spele på når eg snart skal stå fram som lektor og nytte verktøykassen eg har bygd av kjeldekritikk, hypoteseformulering, og argumentasjon til å undervise framtidige generasjonar om eit fortidas samfunn som på mange måtar var ulikt, men også ganske likt det me lever i den dag i dag.

For at masteren i det heile vart ferdig må eg sjølvsagt takke min vegleiar, Magne Njåstad. Han har vore entusiastisk for arbeidet gjennom heile prosessen og klarte ved kvar vegleiingstime å overtyde meg om at eg, trass mine tvil, var på veg i riktig retning med oppgåva.

Samstundes vil eg takke medstudentar og vegleiarar på Nasjonal mastersamling for middelalderstudenter som bidrog med fagprat og innspel til at dei noko uoversiktlege skribleriene eg tok med meg etter kvart fann ei ramme som vart ei oppgåve.

Ein takk fortener òg venner og familie som har måtta høyre på mini-føreløsingar om trolldom og masterskriving dei siste par månadane. Takk for støtta eg har fått undervegs samt alle spørsmåla som har latt meg starte på nye mini-føreløsingar om trolldom!

Takk også til den solidariske gjengen på lesesalen: Arbeidet med masteren går lettare når ein er fleire om det. Spesiell takk til Heidi, som har stilt som trolldomskyndig diskusjonspartner som kan kastast idear mot, samt for moralsk støtte gjennom heile perioden.

Lesesalen på Dragvoll gård,

Trondheim, mai 2019

Vegard K. Vinsjansen

Innholdsliste

FØREORD	I
OVERSIKT OVER TABELLAR	V
KAPITTEL 1 – INTRODUKSJON	1
1.1 PROBLEMSTILLING	1
1.3 KVA VAR TROLLDOMSPROESSANE?	3
1.4 SENTRALISERING.....	5
1.5 HISTORIOGRAFI: TROLLDOM I LITTERATUREN	6
1.6 KJELDER.....	8
1.7 METODE/VINKLING	12
1.7.1 Kvifor komparativ historie?.....	12
1.7.2 Kva er komparativ historie?.....	12
1.7.3 Korleis utføre ei komparativ undersøking?.....	13
1.7.4 Praktisk gjennomføring.....	14
KAPITTEL 2 – NOREG OG DANMARK: SKILDRING AV SAMANLIKNINGSOBJEKTA	15
2.1 – LOV OG RETT	15
2.1.1 Lovar før 1617.....	16
2.1.2 1617 – Forordning om trolldom og deres medvidere.....	19
2.1.3 Bergens rettssystem.....	20
2.1.4 Ribes rettssystem	21
2.1.5 Praktiske forskjellar	22
2.2 TO BYAR	22
2.2.1 Bergen.....	22
2.2.2 Ribe	23
KAPITTEL 3 – RIBE: KORLEIS GJEKK TROLLDOMSSAKENE FØRE SEG	25
3.1 TRENDAR OVER TID	26
3.1.1 Tidsrommet 1617-25.....	26
3.2 KVA TYPE TROLLDOM VART NYTTA I RIBE BY?.....	29
3.4.1 Kven vart ramma av trolldom	29
3.4.2 Konklusjon: Trolldom i by og land i Jylland	31
3.3 LOV OG RETT	31
3.3.1 Skuldingar kven rettsforfølgde; Ribes «heksejagarar»?	32
3.3.2 Rettsinstansane; dom	34
3.3.3 Bruk av tortur.....	35
3.3.4 Utlekkingar	35
3.4 SAMANDRAG	39
KAPITTEL 4 – BERGEN	41
4.1 TRENDAR OVER TID	42
4.1.1 TIDSROMET 1617-25	42
4.1.1.2 Bergen sin 1617-topp på 1590-talet?.....	44
4.1.1.3 Kva lovar låg til grunn for dom på 1590-talet?	46
4.1.1.4 Konklusjon: tidsrommet 1588-94	48
4.2 KVA TYPE TROLLDOM VART NYTTA I BERGEN BY?	48
4.2.1 Kven vart ramma	49
4.2.2 Konklusjon: Trolldom i by og land i Bergenhus len.....	50
4.3 LOV OG RETT	50
4.3.1 Skuldingar: kven rettsforfølgde?.....	50
4.3.2 Rettsinstansane; dom	53
4.3.3 Tortur.....	54
4.3.4 Utlekking	56
4.4 SAMANDRAG	58

KAPITTEL 5 – ANALYSE	61
5.1 SAMBAND MELLOM NYE LOVAR OG TROLLDOMSSAKER	61
5.2 RELEVANTE TROLLDOMSSKULDINGAR.....	63
5.3 FORSKJELLAR I RETTSSYSTEMET	64
5.3.1 <i>Saksøkarane</i>	64
5.3.2 <i>Tortur og utlegging</i>	65
5.3.3 <i>Anke</i>	66
5.4 SENTRALISERING.....	68
KAPITTEL 6 – KONKLUSJON; TROLLDOMSLOV OG RETT I RIBE OG BERGEN	71
LITTERATUR	73
PUBLISERT LITTERATUR.....	73
NETTBASERT LITTERATUR.....	76
ANDRE KJELDER	76
KJELDESAMLINGAR OG TRYKTE KJELDER I IKOS SITT TROLLDOMSARKIV	76
UTRYKTE OG ANDRE KJELDER I IKOS SITT TROLLDOMSARKIV	77
VEDLEGG 1: TROLLDOMSSAKER I RIBE BY.....	78
VEDLEGG 2: TROLLDOMSSAKER I BERGEN BY	79

Oversikt over tabellar

Tabell 3.1.	Trolldomssaker i Ribe 1585-1684.....	25
Tabell 3.2	Typar trolldom nemnd i vitneprov i Jylland.....	30
Tabell 3.3	Typar trolldom nemnd i vitneprov i Ribe.....	30
Tabell 3.4	Saksøkarar i Ribes trolldomssaker.....	32
Tabell 3.5	Fordeling av dom og frikjenning i Ribes trolldomssaker.....	34
Tabell 3.6	Utlekkingar i Ribes trolldomssaker.....	36
Tabell 4.1	Trolldomssaker i Bergen 1585-1684.....	41
Tabell 4.2	Trolldomssaker i Bergen 1610-1630.....	43
Tabell 4.3	Trolldomssaker i Bergen 1584-1600.....	44
Tabell 4.4	Typar trolldom nemnd i vitneprov i Bergenhus len.....	49
Tabell 4.5	Typar trolldom nemnd i vitneprov i Bergen by.....	49
Tabell 4.6	Fordeling av dom og frikjenning i Bergen by.....	54

Kapittel 1 – Introduksjon

«I Mai blev en pige greben, som havde faaet borgermester Rasmus Lauritssens skib til at forgaa. Da hun var dømt og blev pint, bekjente hun, at Herlefs Anne havde gjort det.»¹ Slik byrjar sakskomplekset rundt «Herlufs» Anne Christensdotter i Bergen, 1632. Til saman vert tre kvinner dregen inn og skulda for trolldom.² Berre éi skal kome ifrå med livet i behald.

Saka over skil seg frå den «typiske» trolldomssak ved at den involverer kvinner frå «kremen» av byens borgarstand. På ei anna side syner dei siste års forskning at regionale skilnader er så store, at ein knapt kan tale om noko «typisk» trolldomssak. No er det slik at det framleis er mangel på systematiske, komparative undersøkingar som tek for seg regionale trendar, og denne oppgåva er skriven dels for å bøte på nettopp denne mangelen. Her vil to byar verta samanlikna på tvers av landegrenser: Bergen i Noreg og Ribe i Danmark.

1.1 Problemstilling

Tidleg nytid såg store omveltingar i overgangen frå mellomalderen til moderne tid. På den eine sida var dette tida då sentralisering av makt rundt den verdslege fyrsten førte til store endringar i strukturen til statsapparatet: Ein ser ei utgreining av fyrstens påverknad i sitt rike, og ei profesjonalisering og byråkratisering av fyrstens representantar.³ Eit ledd av dette var å bringe rettssystemet tettare innunder kongens kontroll. Samstundes var dette tida då trolldomsforestillingar blant eliten og allmugen gjekk saman om å mobilisere religiøse og verdslege autoritetar i kampen mot trollfolket. Tusenvis av menn og kvinner vart skulda, brakt for retten og dømd for bruk av trolldom – gjerne med døden til følge. Førebels har det vore ein viss mangel av overlapp i forskinga på sentraliserings- og trolldomsprosessar,⁴ og denne oppgåva må sjåast som eit ledd i å bøte på dette. Noreg og Danmark var i denne perioden under felles konge, men graden av kongeleg kontroll må nødvendigvis ha vore forskjellig. Trolldomsforfølging var berre mogleg der politiske og ideologiske strukturar la ramma til rette for det,⁵ og dette var tilfellet i løpet av 1500- og 1600-talet, ei tid då politisk sentralisering betydde kompromiss og halvgode løysingar mellom konge, kyrkjemakt, og lokale elitar.⁶ Ved

¹ Saksnummer 376a; Hofnagels 1868: 196

² Saksnummer 376, 376a, 376b

³ Moseng, Opsahl, Pettersen, og Sandmo 2012: 119, 122f.

⁴ Dillinger 2013: 528f.; men merk at enkelte studiar drøfter sentralisering som eitt ledd av trolldomsfenomenets utvikling, sjå til dømes Knutsen 1998 og Muchembled 1987

⁵ Nenonen 2012: 77f.

⁶ Dillinger 2013: 529

å sjå på korleis rettssystemet i høvesvis Bergen og Ribe handterte trolldomssaker ynskjer eg å utforske følgjande problemstilling:

Korleis vart trolldomsprosessane i byane Bergen og Ribe prega av kongemaktas sentraliseringspolitikk i perioden 1584-1683?

Dette er ei sær sars vid problemstilling som krev fleire kriterier dersom ein skal kunne finne eit fullgodt svar. Innanfor denne ramma skal eg derfor undersøke følgjande spørsmål:

- Korleis handsama rettssystemet trolldomsprosessar i høvesvis Bergen og Ribe i perioden 1584-1683?
- I kva grad ser ein ei korrelasjon mellom ny trolldomslovgiving og trolldomsprosessar?
- Kva rolle spelte kongens representantar for trolldomssaker?
- Kva fortel skilnadane mellom Bergen og Ribe oss om skilnader i sentraliseringa i Noreg og Danmark?

Forskarar har sidan 1970-talet forsøkt å finne modellar som skildrar «dei europeiske trolldomsprosessane» under eitt, men det har vist seg vanskeleg å sveipe over heile fenomenet med eitt strøk. Etter kvart som det har vorte gjort fleire undersøkingar på trolldom innanfor enkelte regionar – eller på det meste, statar⁷ – er ein på det meste komen fram til at fenomenet opplevde enorme regionale forskjellar. Forskarmiljøet har derfor byrja å etterspørje komparative undersøkingar, noko Johannes Dillinger skildrar som eit logisk steg frå regionale undersøkingar.⁸ Metode og framgangsmåte vert skildra i djupna i sin eigne del under, men eg vil nemne her at områda er valt på bakgrunn av at dei, som byar innanfor det oldenburgske konglomeratet, kan antakas å ha ein del likskapar. At dette biletet ikkje nødvendigvis stemmer, ser ein allereie i bakgrunnen for mi tidsavgrensing: 1584 markerer årstalet for ei særnorsk lov mot trolldom. Endepunktet for tidsavgrensinga, 1683, markerer året då Christian Vs danske lov vart innført i Danmark, med eit motstykke i den norske lov av 1687. Eg har altså valt å nytte lovsystemet som ramme rundt undersøkinga; implikasjonane av lovsystemet vert diskutert i kapittel to.

⁷ «Statleg» er eit ullent omgrep å nytte, ettersom nasjonalstatar slik me kjenner dei i dag ikkje eksisterte på 1500- og 1600-talet. Omgrepet må i denne samband sjåast som eit område som har ein meir eller mindre klart avgrensa geografi, med eit felles statsoverhovud.

⁸ Dillinger 2009: 14; det same etterlyser dessutan Rune Hagen, som peiker på at trolldom skil seg valdsamt også mellom forskjellige regionar i Noreg, sjå Hagen 2011: 90f.; Hagen 2013: 375, 391

1.3 Kva var trolldomsprosessane?

I denne oppgåva nyttar eg trolldom og magi synonymt. Dette omgrepet er verd å pakke ut: Trolldom og magiske krefter er ein fiksjon, men dersom ein projiserer vår tids forståing på fortidas befolkning, så risikerer ein å misforstå omgrepet – også historisk. Keith Thomas finn trolldom i spennet mellom folketru, religion, og vitskap.⁹ Folk som levde i tidleg nytid nytta trolldom som forklaringsmodell der vitskapen framleis ikkje hadde noko svar. Konsekvensane av trolldom kunne kjennest ekte nok: Skadar på husdyr, stolen mat, eller skadar på eigen kropp kunne føre til at folk stod utan mat og arbeid;¹⁰ dette kravde forklaring. Eg viser her til Asbjørn Dyrendal, som skriv at «[e]it grunnleggjande prinsipp i sosialpsykologien er at når menneske i fellesskap *trur* at noko er sant, så *er* det sant i sine konsekvensar.»¹¹

Men trolldomsprosessane oppstod ikkje berre i trusførestellingane til folk. Marko Nenonen har satt fokus på korleis trolldomsskuldingar kunne oppstå som ei pragmatisk løysing på mellommenneskelege konflikhtar. Han peiker på at anten folk trudde på trolldom eller ikkje, så hende hekseforfølging innanfor spesifikke, førehandsdefinerte rammer som gjorde det sosialt akseptabelt og dessutan juridisk mogleg å rettsforfølge folk for eit fiktivt lovbrøt.¹² Alle samfunn, uavhengig av religion og ideologi, har mytar og førestellingar om trolldom lik måten Thomas skildrar den over;¹³ denne *folkelege trolldomstrua* var med i å forme også lovverket som definerte trolldom juridisk.¹⁴ Desse lovane var òg prega av at eliten hadde eit ekstra sett av førestellingar om trolldom som følge av at *demonologi*, læra om trolldom og demonar, var eit universitetsfag i tidleg nytid.¹⁵ Her såg ein trolldom i ljøs av kampen mellom godt og vondt på bibelsk skala, og spesielt den geistlege eliten såg det som viktig å ta opp denne kampen mot det vonde i samfunnet.¹⁶ Med reformasjonen fekk denne kampen politiske undertonar: Den protestantiske kyrkja kjempa for å definere seg som den sanne kyrkja og ville bukt med alle levningar etter katolisismen, inklusiv denne sine ritual som vart stempla til trolldom.¹⁷ Denne kampen fekk støtte frå kongemakta, som no vart rikets religiøse og verdslege leiar (sjå under).

«Alle» – frå allmugen til geistlege leiarar – såg altså trolldom som eit samfunnsproblem. Resultatet var *dei europeiske trolldomsprosessane*, ei storstilt rettsforfølging av dei som i

⁹ Thomas 1971

¹⁰ Tørnsø 1986: 106, 108

¹¹ Dyrendal 1996/2005: 27, her sitert frå Botheim 1999: 14, formateringa som er nytta er henta frå henne.

¹² Nenonen 2012: 77f.

¹³ Levack 2006: 9

¹⁴ Knutsen 1998: 110ff.

¹⁵ Hagen 2011:10f., 39f.

¹⁶ Næss skildrar mellom anna særnorske lova av 1584/1593 som resultatet av Stavanger-biskop Jørgen Erikssons initiativ i spørsmålet. Sjå Næss 1984: 107ff.; Knutsen 1998: 41f.

¹⁷ Knutsen 1998: 41f.; Dillinger 2013: 528f.

Noreg vart kalla «trollfolk». Kjerneperioden for prosessane var grovt sett mellom 1400-1750, og fann stad over heile Europa, med avstikkarar i «den nye verda», dømesvis prosessane i Salem, New England.¹⁸ Nøyaktige tal er umogleg å konstatere, men ein anslår at ein stad mellom 50.000 og 60.000 trollfolk måtte bøte med livet under dei europeiske trolldomsprosessane.¹⁹ Sjølv om det populistiske biletet av hekse er av ei krokete, eldre kvinne, så er «heks» i utgangspunktet eit kjønnsnøytralt term, og omtrent ein femtedel av dei som vart skulda og avretta var menn; i enkelte område var faktisk dei fleste trollfolka menn: Dette gjeld dømesvis dei samiske område på Nordkalotten, på Island, Finland, og i Russland.²⁰

1.3.1 Frå folketru til forfølgning – *maleficium*, *signeri*, og *diabolisme*

Ved utgangen av mellomalderen skjer det ei utvikling av trolldomsomgrepet. I ei tid då lovsystemet var sterkt påverka av religionen, vart trolldom definert juridisk. Trolldomslovane på 1500- og 1600-talet oppstod i spennet mellom folkeleg og eliteprega trolldomstru, og trolldom vart definert som eit religiøst brotsverk. Desse lovane opererte med fleire kategoriar trolldom, og kva for ein form trolldom ein var skulda for kunne bety skiljet mellom liv og død.

Maleficium viser til skademagi, forgjering, eller for å nytte eit meir moderne term: «svart magi». Målet med *maleficium* var gjerne å påføre skade eller sjukdom på personar, dyr, eller avling.²¹ Skadeleg trolldom var den primære årsaken til at det vart reist sak mot trollfolk, og i Skandinavia har lovar mot vond magi eksistert sidan lenge før trolldomsprosessane tok til.²² Motstykket til skademagi var *signeri*, eller «kvit magi». Innunder denne ligg lækjande trolldom, lesing av spådommar, eller nyttig vêrmagi; altså hjelpsam trolldom.²³ Jamført folketrua kunne kven som helst drive med trolldom.²⁴

Den siste inndelinga er *diabolisme*, eller djevelpakta. Denne kategorien viser i mindre grad til kva føremålet med trolldommen var og meir til ei oppfatning om kvar magien kom frå. Her var føresetnaden for all magi (*maleficium* så vel som *signeri*) at ei pakt var inngått med Djevelen. Denne oppfatninga eksisterte hovudsakeleg hjå dei som hadde innsyn i det lærde faget som omhandla trolldom: demonologien.²⁵ Desse tre omgrepa, *signeri*, *maleficium*, og *diabolisme* er nytta også i dag, og er nokon lunde sams på tvers av miljøet for trolldomsforskning.

¹⁸ Hagen 2011: 38

¹⁹ Hagen 2011: 24f.

²⁰ Hagen 2011: 25

²¹ Næss 1984: 13f.

²² Botheim 1999: 42; trolldomslovane vert skildra i djupna i kapittel to.

²³ Næss 1984: 39f.

²⁴ Tørnsø 1986: 97f.

²⁵ Hagen 2011: 10f.

1.4 Sentralisering

Sentralisering er eit sentralt omgrep i denne oppgåva. Eg nyttar sentralisering som eit politisk omgrep definert slik: «Sentralisering er samling av en forvaltnings, eller annet virksomhets ledelse, hos én myndighet».²⁶ Den «eine myndigheita» er i denne oppgåva kongemakta, ein aktør som i denne oppgåva ikkje er å rekne som éin konkret person, men som den eller dei personane som til ei kvar tid innehar makta tilhøyrande kongsembetet. For å kontrastere: «desentralisert» er ei organisatoriske ordning der avgjersler også utanom det rutinemessige vert tekne av aktørar på lokalt eller regionalt plan.²⁷ Dette vil i det dansk-norske riket seie at embetsmenn som futen eller lensherren opplevde stor grad av sjølvstende og lite kontroll frå kongen.²⁸ Sentraliseringsprosjekt prega politikken til monarkar i heile Europa i tidleg nytid, og dette innebar oppretting og utviding av byråkrati fylt med profesjonelle embetsmenn som svarte til fyrsten; denne prosessen bar gjerne preg av kompromiss og halvgode løysingar.²⁹

Eit sentralt premiss i denne oppgåva er at sentraliseringsprosessen i Noreg byrja seinare enn i Danmark, og at trolldomsprosessane i Noreg fann stad i ein periode då kongemakta hadde mindre grad av styringskompetanse slik at norske lensherrar og futar opplevde større personleg makt og spelerom.³⁰ Dermed var sentraliseringsprosessane sin effekt på trolldomsprosessane i min periode enklare å få auge på i Noreg: Frå første halvdel av 1500-talet var offentlege tenestemenn i større utstrekning rekruttert frå Danmark,³¹ og store endringar fann gjennom heile perioden stad innan lovane så vel som rettshandteringa – Desse vart omstrukturert etter dansk modell.³² Kong Christian IV var spesielt ivrig for å bringe Noreg tettare innunder sentralmakta. Han sette i gong ymse tiltak for å takle problemet med manglande omsyn med og kontroll over kongens representantar i Noreg, mellom anna undersøking av rapporteringar om embetsmenns tenesteforsømming. På sikt førte dette til at embetsmennene vart tettare knytt til kongemakta, og deira maktutøving var i større grad knytt til sentraladministrasjonen.³³ Eg vil gjere eit poeng ut av å undersøke i kva grad ein oppdagar spor av denne prosessen også i trolldomsprosessane.

²⁶ Hansen 2015

²⁷ Hansen 2015

²⁸ Imsen 1982: 141f.; Moseng et al. 2012: 122f.

²⁹ Dillinger 2013: 528

³⁰ Imsen 1982: 142

³¹ Willumsen 2013: 231

³² Imsen 1982: 141; dette vert skildra djupare i kapittel to.

³³ Imsen 1982: 143; Imsen peiker på at desse tiltaka kom frå eit ynskje om større grad av styringskompetanse, men at den resulterande utviklinga i statsmaktas utstrekning likevel var større enn dei originale ambisjonane

1.5 Historiografi: trolldom i litteraturen

Med nye sosialantropologiske impulsar i historiefaget generelt, såg trolldomsforskinga ein oppsving på 1970-talet. I 1971 kom Keith Thomas med boka *Religion and the Decline of Magic* der han studerer fenomenet innanfor sosialantropologiske rammer. Han fann at trolldom eksisterte i spennet mellom folketro, religion, og vitskap.³⁴ Lokalsamfunnet vart sett i sentrum hjå både Thomas og Alan Macfarlane, som saman konstruerte ein modell der dei såg trolldomsskuldinger i samband med sosiale spenningar når ressurstilgjengen var knapt.³⁵ Før dette hadde det regjerande paradigmet etter Margaret Murray behandla trolldomsprosessane som eit reelt fenomen der Europas elitar tok oppgjer med ein heidensk undergrunnskult av kvinner som tilbød «den hornede gud»;³⁶ denne teorien kom Norman Cohn med eit endeleg oppgjer med i boka *Europe's Inner Demons* (1972). Cohn held på fokuset på trolldomstrua hjå dei lågare sjikta i samfunnet.³⁷

1970-talet har vorte skildra som «på mange måter den rikeste tiden for hekseforskingen i Europa»,³⁸ og arven etter desse forskarane har prega forskingsfeltet fram til den dag i dag, også i Skandinavia. Stafettpinnen vart først plukka opp av folkloristane, og fokuset på dei lågare sjikta i samfunnet vart behaldt i Bente Alver sin *Heksetro og trolldom: en studie i norsk heksevæsen* (1971), samt hos Ørnulf Hodne, som skildrar trolldom som ledd i norsk folketro.³⁹ I nyare tid har Nils Gilje skrive ein historisk retta monografi om saka mot Anne Pedersdotter.⁴⁰

Med Hans Eyvind Næss ein doktorgradsavhandling i 1981, vart trolldom i Noreg satt i ei rettspolitisk ramme.⁴¹ Her vart utviklinga av trolldom i den vidare befolkninga skildra i tilknytning med endringar i det norske rettssystemet. Verket gir framleis ein av dei beste skildringa av utviklinga i norsk rettsvesen,⁴² og er framleis sitert den dag i dag. Næss ser utviklinga i norsk rettsvesen i ljøs av reformasjonen, og skildrar korleis kongen samla verdsleg og religiøs makt innunder seg og skapte eit lovverk med røtene godt planta i Bibelens mosaiske lover.⁴³ Næss viser at dette hende samstundes som kongemakta utvida sin eigen påverknad i riket sitt, mellom anna ved å knyte lokale tingordningar tettare opptil seg.⁴⁴ I tillegg til dette

³⁴ Alan Thomas 1971

³⁵ Sjå også Alan Macfarlane 1972

³⁶ Murray 1921

³⁷ Sandmo 2015: 172f.; Knutsen 1998: 9f.; Botheim 1999: 11

³⁸ Knutsen 1998: 10

³⁹ Hodne 1994

⁴⁰ Gilje 2003

⁴¹ Næss 1981; denne kom i popularisert bokform to år etter, sjå Næss 1984: *Med bål og brann*

⁴² Knutsen 1998: 14

⁴³ Næss 1984: 100f.

⁴⁴ Næss 1984: 111ff.

byggjer Næss på arbeidet til Svale Solheim, og har gjort det meste av kjent kjeldemateriale tilgjengeleg i Norsk Folkeminnesamling.⁴⁵

Etter Næss har forskinga i Noreg fokusert i større grad på enkeltregionar. Her har Gunnar Knutsen skrive ei tidleg hovudoppgåve om austlandsregionen som framleis står som det største arbeidet på den kanten av landet i dag.⁴⁶ Gjennom punktstudiar viser han mellom anna at prosessane på Austlandet likna meir på dei i Danmark enn resten av landet.⁴⁷ Ragnhild Botheim har tilsvarande skrive ei hovudoppgåve som tar for seg Bergenhus len på 1500- og 1600-talet. Ho legg hovudfokus på mentaliteten i trolldomsprosessane si samtid, men presenterer òg ei storvegs systematisk oversikt over fenomenet og det rettslege systemet som låg som ramme for prosessane i denne regionen. Fleire masteroppgåver er dei siste åra vorte skrive på feltet trolldom. Desse har gjerne regionalt eller lokalt fokus og er viktige bidrag for å nyansere diskusjonen rundt trolldomsfenomenet si regionale eigenart.⁴⁸

Mykje fokus har vorte retta mot Nord-Noreg, som opplevde spesielt harde trolldomsprosessar. Her har Rune Hagen vore særskildt aktiv, med store mengder artiklar og fleire bøker som òg tek for seg andre delar av landet.⁴⁹ Om Nord-Noreg skriv òg Liv Helene Willumsen, som dessutan har tatt føre seg ei komparativ studie mellom trolldom i dei norske nordområda og liknande tilstander i Skottland på 1600-talet.⁵⁰

Komparativt skriv òg Ellen Alm, som med bakgrunn i sekundærlitteratur skildrar korleis det juridiske grunnlaget for forfølginga av trollfolk utvikla seg ulikt i Danmark og Noreg.⁵¹ Ho finn at rettshandhevinga av trolldomssaker skil seg meir mellom dei to landa enn det felles lovsystemet skulle gje umiddelbart inntrykk av. Ho peiker på at det norske rettssystemet som «meir umodent» og viser til korleis dette fekk utslag i situasjonar der enkeltindivid – spesielt lensherrar og futar – hadde stor regional og lokal påverknadskraft.

⁴⁵ Knutsen 1998: 6; Solheim tok initiativet til å samle kjelder om norske trolldomssaker på 1920- og 30-talet. I tillegg til dette materialet fann Næss fleire nye saker.

⁴⁶ Gunnar Knutsen *Trolldomsprosessene på Østlandet*, 1996; oppgåva vart òg publisert som ledd av Tingbokprosjektet i 1998. Sistnemnde versjon vert nytta her.

⁴⁷ Knutsens 1998: 32

⁴⁸ Verd å nemne er her Brita Marlen Pettersen si oppgåve (2017), der ho tek for seg perioden der Botheim sluttar, og drøfter korleis trolldomssaker i Bergen stiftamt etter kvart gikk over til å verta æressaker; Jia Mink Chan (2009) som skriv om haldningsendringar ovanfor trolldom i opplysningstida; og Torstein Stave (2012), som samanliknar dei valdsame prosessane i Vardøhus med høva andre stader i landet.

⁴⁹ Hagen har mellom anna skrive *Dei europeiske trolldomsprosessane* (2007/2011) som framleis er å rekne blant dei best oppdaterte oversiktsverka for Noreg, og publiserer jamleg om trolldomstema på heimesida si.

⁵⁰ Den fulle tittelen på denne boka er *Witches of the north – Scotland and Finnmark* (2013)

⁵¹ Alm 2000

Utviklinga syner at trolldomsforskinga går i retning av komparative undersøkingar. Store standardverk, som til dømes Brian Levack sin *The Witch-Hunt in Early Modern Europe*,⁵² forsøker å skildre heile det europeiske trolldomsfenomenet med utgangspunkt i trolldomsprosessanes «kjerneområde» i dei tyske områda. Det har derimot vist seg at regionale skilnader er enorme, slik at til dømes høva i til dei tyske områda vanskeleg kan samanliknast med dei nordeuropeiske prosessane. Meir avgrensa undersøkingar i dei tyske områda skriv mellom anna Johannes Dillinger, som ser komparative undersøkingar som eit logisk steg frå regionale undersøkingar.⁵³ Dillinger sjølve befinner seg innanfor den sosioøkonomiske trolldomsforskinga, med eit stort tal på artiklar der trolldom er å finne i spennet mellom folklore, teologi, og ikkje minst: økonomi. Han drar koplingar til sosiologiske arbeid som til dømes George M. Foster⁵⁴ for å skildre dynamikken som låg bak trolldomsskuldinger. Dillinger sin doktoravhandling, «*Evil people*»,⁵⁵ nyttar komparasjon mellom to tyske regionar for å peike på trekk ved trolldomsprosessars dynamikk som råker borti det politiske så vel som det religiøse. Denne avhandlinga har vorte nytta som inspirasjon for fleire komparative studiar det siste decenniet, mellom anna Willumsen nemnd ovanfor og den til Louise Nyholm Kallestrup, som samanliknar det protestantiske Danmark med det katolske Italia.⁵⁶

Kallestrup er blant ekspertane på trolldom i Danmark i dag. Ho arbeider mellom anna med eit oversiktsverk for heile landet. Det nærmaste ein kjem eit slikt verk i dag er J. C. V. Johansen si bok frå 1991⁵⁷ som berre tek for seg Jyllandsområdet. Dette verket er likevel godt nytta i mi eiga oppgåve, ettersom den legg bakteppet for mi eiga undersøking av Ribe. Denne boka ligg dessutan som grunnlag for masteroppgåver som er skrive om Danmark, til dømes den til Kim Tørnsø.⁵⁸

1.6 Kjelder

Ei velsigning for oss som forskar på trolldomssakar i Noreg er den digitale arkivet oppretta av Norsk Folkeminnesamling.⁵⁹ Her finst avskrifter av rettsdokumenter, lensrekneskap, fut- og

⁵² Levack 2006; dette verket har gått gjennom fire utgåver sidan 1987 og er å rekne som ein av temafeltets klassikarar.

⁵³ Dillinger 2009: 14

⁵⁴ Foster finn i enkelte landsbysamfunn ein idé om at godar fins i avgrensa mengder. Éin persons framgang går dermed på kostnad av landsbyfellesskapet sine kollektive godar, sjå Foster 1965: 296

⁵⁵ Dillinger 2009

⁵⁶ Kallestrup 2015

⁵⁷ Johansen 1991

⁵⁸ Tørnsø 1986

⁵⁹ Norsk folkeminnesamling sine digitale trolldomsarkiv er å finne på nettsidene til Universitetet i Oslo: <https://www.trolldomsarkivet.uio.no/ikos/heksearkiv/prosesser.html>

stiftamtmannsrekneskap, domkapittelprotokollar, med meir, som skildrar dei aller fleste trolldomssakene ein kjenner til i Noreg. Verdien som ei slik kjeldesamling kan vanskeleg overvurderast; ved å samle tilgjengeleg arkivmateriale digitalt og på éin plass, opnast mogleikar for å studere fleire saker djupare. Herifrå stammer derfor primærkjeldene mine for Noreg. Eg tar høgde for at kjeldenes natur som avskrifter opnar for at der kan vere skrivefeil jamført det originale materialet, men har ikkje opplevd tilfelle der desse skulle kunne ha vore for grove til at informasjonen i kjeldene kan nyttast. Der eg har vore i tvil har eg i alle tilfelle kryssjekka og haldt meg til dei mest sannsynlege tolkingane av kjeldene.

Noko tilsvarende digitalt arkiv finst ikkje for Danmark, men her er derimot gitt ut godt utfyllande kjeldesamlingar, deriblant tingboksprotokollane samla av Jacobsen og Grønlund,⁶⁰ samt dagbøker skrive både i samtida og tida etter.⁶¹ Danske historikarar er flinke til å inkludere detaljerte kjedelister, slik at det er mogleg å skaffe seg oversikt over kvar dei forskjellige sakane er å finne.

Eit problem med arkivmateriale er at ein ikkje kan vere sikker på om her finst alt som burde være: Arkivmateriale kan vere merkt eller sortert på uventa måtar, materialet kan ligge i eit anna arkiv enn anteke, eller materiale kan ha forsvunne undervegs. For Bergen veit ein at der har funne stad fleire arkivutslettande brannar, og ein er derfor sikker på at me ikkje kjenner det fulle omfanget av sakar.⁶² Det er dessutan verd å tenke at arkiv aldri vil vera i stand til å fange det fulle omfanget av kva som hende: Folk sette berre spor etter seg dersom dei hamna i institusjonar som loggførte hendingane for ettertida, eller dersom dei var skrivekyndige og kunne produsere til dømes dagbøker. Sjølv når det gjeld tingbøkene finst der store hol: Enkelte norske underting var ikkje pliktige til å føre protokollar før 1633.⁶³

1.6.1 Tingbøker

Tingbøker fungerer som loggar over kva som har gått føre seg ved tinga. Desse bøkene vart ført av ein svoren *sorenskrivar* eller *byskrivar*, som var spesialist på området. Desse skulle notere alt som hende på tinget, inklusiv det som vart sagt. Dei førte òg logg på kven som var til stades, og kva dokument som vart lesne opp. Tingbøkene har enkelte manglar: Dei viser ikkje om ei sak vert anka, og her må ein eventuelt kryssjekke med anten lensrekneskapet eller høgare

⁶⁰ Dei mest sentrale er her Jacobsen 1966 og Grønlund 1973

⁶¹ Kinch 1981; Degn 1971

⁶² Hagen 2011a

⁶³ Botheim 1999: 46

rettsinstansar. Eit problem for Bergen er at alle protokollane for lagtinget forsvann i bybrannen i 1702.⁶⁴ Det er dermed klart at kjeldegrunlaget er svakare i delar av perioden.

Kjeldematerialet for Jylland, og spesielt Ribe, er blant det best bevarte for heile Danmark. For Ribe by er både rådstuerettens domsbøker og byfutens tingbøker i hovudsak bevart for nesten heile perioden. Unntak her er at rådstuedomsbøkene har ei lakune tidleg på 1630-tal, og byfutens tingbøker har ei lakune på 1590-talet, ei like etter 1610, samt at delar av materialet for 1620- og 30-talet manglar.⁶⁵ Lakunene er likevel lagt slik til ein nesten aldri kjem borti tidsspenn der det ikkje eksisterer kjelder, og desse kommenterer som regel eventuell anke.

Det er òg verd å vurdere graden av habilitet hjå skrivarane. For det første var dei representantar for eliten, og tolka dermed sakene gjennom denne forståing. For det andre var dei gjerne, spesielt i starten, utlendingar; dermed kunne dei ha problem med å forstå lokale dialekter, samt mangle forståing for lokale skikkar som kunne ha spelt inn i saksforholdet.⁶⁶ Etter kvart vart skrivarane også meddommarar i rettssaka, og ein kan byrje å stille spørsmål ved om dei kan ha vore partiske i saka. Elles må ein òg vere open for at menneskelege feil fann stad, då skrivarane var lovpålagt å notere mens sakane føregjekk.⁶⁷

1.6.2 Lensrekneskap

Ei anna kjelde til trolldomssakar er lensrekneskapet. Her finn ein i teorien alt av inntekter og utgifter innanfor lenet. Dette kan til dømes vere inntekter frå bøter, eller utgifter som fangetransport, alkohol til den som skulle avrettast, eller ved til bålet. I den relevante perioden for Bergen finst lensrekneskapet mellom 1590-91, og 1595-1661, men med enkelte lakuner.⁶⁸ Ein må merke seg at trolldomssakene mogleikens ikkje dukkar opp i rekneskapet dersom den dømde var for fattig til å betale eller viss inntekter og utgifter gjekk opp i opp.⁶⁹

1.6.3 Dagbøker

For enkelte periodar finst der gode samtidige skildringar av bylivet i form av dagbøker. For Bergen er Mikel Hofnagels *Optegnelser* ei uvurderleg kjelde til livet i Bergen.⁷⁰ Eit liknandes

⁶⁴ Botheim 1999: 49

⁶⁵ Tørnsø 1986: 18

⁶⁶ Botheim 1999: 47

⁶⁷ Botheim: 1999 47

⁶⁸ Bastiansen 1995: 5

⁶⁹ Botheim 1999: 50

⁷⁰ Hofnagel var skulemeister i Bergen, og førte dagbok om det han observerte rundt seg i samtida. Boka er sett på som blant dei viktigaste kjeldene til Bergens historie på 1600-talet, og har vorte nytta av alle byhistorikarar sidan Hofnagels levetid. Sjå meir på Fossen 2009

verk, Ole Degn si *Livet i Ribe* finst for Ribe.⁷¹ Ein fordel og samstundes ei potensiell fallgruve er at slike kjelder gir eit narrativ av hendingar i forfattarens samtid. Hendingane sjåast gjennom forfattarens auge. Eit formildande punkt er at dagbøker sjeldan var meint for publisering, og forfattere kunne vere meir eller mindre sannferdig i sine skildringar. Dagbøker bør likevel kryssrefererast med andre, meir objektive, kjelder. Dette er mogleg der trolldomssakane er å finne att i tingbøkene, lensrekneskapet, eller liknande, noko som langt ifrå gjeld alle: I Bergen er enkelte saker berre å finne i dagbøker. Der kryssreferansar ikkje er mogleg å oppdrive har eg derfor vore nøydd til å nytte dagbøkene som førstehandskjelde. «Sannferdigdom» vert her vurdert utifrå tendensane eg les i kjelda og på tvers av kjelder.

1.6.4 Val av kjelder

Til grunn for undersøkinga har eg valt å inkludere alle saker med trolldomsinnhald, uavhengig av utfall, i perioden 1584 til 1683. Breidda i perioden tek sikte på å få eit vidt kjeldegrunnlag for samanlikning, samstundes som valet av periode relaterer til rammer utanfor primærkjeldene: Trolldom er eit juridisk fenomen, og perioden såg utvikling av både lovverket og rettssystemets praktiske utforming både i Danmark og Noreg. Det valde tidsrommet er det òg at ein finn dei store toppane i trolldomsprosessar. Henholdsvis 1617-25 i Danmark,⁷² og same periode pluss tida rundt 1660 i Noreg.⁷³ Ein må derfor anta at ein i dette tidsrommet vil vere i stand til å oppdage trendar kva gjeld trolldomsprosessar. Eg har vald Christian V si lov som sluttunkt for perioden. Denne kom i 1683 i Danmark og 1687 i Noreg. Drøfting av endringar og forskjellar som følge av desse lovane vert for langdrygt, og dei fungerer dermed som ei naturleg punktum for undersøkinga.

I Noreg har det vore vanleg å referere til trolldomssaker ved å nytte kodane som hører til kvar sak på IKOS sitt trolldomsarkiv. Kvar kode refererer her éin enkelt trolldomssakta i eitt enkelt tilfelle. Eventuelle kjedeprosessar vil dermed involvere fleire nummer. Med «kjedeprosess» nyttar eg definisjonen frå Willumsen, som skil kjedeprosessar frå enkeltprosessar ved at førstnemnde inkluderer ei skulding og ei tilståing der andre trollfolk vert lagt ut; dermed auker sakskomplekset i størrelse og omfang.⁷⁴ Dersom ein person er skulda for trolldom ved fleire anledningar, vil der finnest éin kode for kvar gong denne hamna for retten.

⁷¹ Historikar og arkivar Ole Degn har arbeidd flittig for å samle samtidige menneskes nedskrivne skildringar av byen. *Livet i Ribe 1560-1700 i samtidiges optegnelser* er dermed ei samling av nedskrive materiale henta frå 42 forskjellige forfattarar som skreiv i samtida.

⁷² Hagen 2013: 382

⁷³ Hagen 2013: 389

⁷⁴ Willumsen 1994: 23

Dømesvis finn ein at Anne Pedersdotter dukkar opp i både saksnummer 679 og 680.⁷⁵ IKOS sine kodar involverer eit tal og somme gonger ein bokstav for saker som på ein eller annan måte er kopla i hop – Merk at desse ikkje nødvendigvis tilsvare *kjedeprosessar*; eg skil nytter omgrepet *sakskompleks* for saker som er kopla i hop utan at dette nødvendigvis er via utlegging. Etersom dette er ein oversiktleg system har eg valt å lage eit liknande også for Danmark. Dette systemet byggjer på tabellane til Tørnsø, der kvar av trolldomssakene i Ribe by er tildelt eit tal. Denne lista dekkjer alle sakane eg treng i Ribe by, samstundes som dei er enkelt å skilje frå dei norske numra: Alle tresifra saker fann stad i Noreg, mens alle tosifra saker fann stad i Danmark. Ei fullstendig oversikt over saker, koder, og kva kjelder som høyrer til er å finne i vedlegg ein og to.

1.7 Metode/vinkling

1.7.1 Kvifor komparativ historie?

Komparasjon er, for igjen å parafrasere Dillinger, ei logisk fortsetjing på regionale undersøkingar.⁷⁶ Det har som sagt vore ei etterlysning etter komparative studiar innan trolldomshistorie (sjå historiografien over). Bakgrunnen for dette ligg i at trolldom som historisk tema har lidd av regional isolasjon, samstundes som forsøk på store oversiktsverk har vore lite representative for eit fenomen prega av store regionale forskjellar. Styrka til komparasjon kjem av at den tvinger ein til å fokusere på utslagsgivande faktorar ved historiske fenomen; ved å analysere kva som er felles over fleire og større område og ved å sjå kva som er særeige for kvart enkelt område kan ein finne ut meir om det større biletet som kvar av partane tok del i.⁷⁷ I mitt tilfelle vil dette seie europeiske trolldomsprossar.

1.7.2 Kva er komparativ historie?

Komparativ historie viser ikkje så mykje til ein metode som til ein innfallsvinkel og ein måte å evaluere eit sett med data på – Dillinger kallar dette ein form for «meta-metode»⁷⁸ som relaterer til dei vala ein tar for undersøkinga. Leidulf Melve peiker på at komparative studiar alltid behøver tilpassing til fenomena som skal analyserast. Dette involverer å vurdere om samanliknbare kjelder er tilgjengelige, og om desse kan setjast opp mot kvarandre på ein fruktbar måte.⁷⁹

⁷⁵ Saksnr. 679 og 680

⁷⁶ Dillinger 2009: 14

⁷⁷ Andresen, Rosland, Ryymmin, og Skålesvåg 2015: 103; Melve 2018: 91

⁷⁸ Dillinger 2009: 13

⁷⁹ Melve 2018: 72

1.7.3 Korleis utføre ei komparativ undersøking?

Generelt sett ynskjer ei komparativ undersøking å samanlikne to eller fleire historiske fenomen og analysere eventuelle forskjellar og likskapar. Komparativ *historie* (til forskjell frå andre samfunnsfag) legger gjerne hovudtyngda på forskjellar mellom fenomen. Dette er spesielt tilfelle når ein arbeider med mindre datasett, ettersom jakta på likskapar krev større korpora av data for å stå fram som representativt.⁸⁰ Dette er tilfellet i mi studie: Med 36 sakar i Bergen og 20 i Ribe vil det ikkje vere hensiktsmessig å bruke for mykje tid på å leite etter likskapar. Likskapar mellom Danmark og Noreg er dessutan tatt for givne, ettersom desse på «makronivå» var del av same eining: det Oldenburgske konglomeratet, ei eining som gjennom heile perioden hadde felles konge, og meir eller mindre lik lovgiving kva vedgår trolldom. Denne antydde likskapen mellom dei to einingane er eit viktig premiss for den komparative analysen: Studieobjekta i ei komparativ undersøking må veljast på bakgrunn av at dei, i alle fall ved første augnekast, deler visse likskapar.⁸¹ Mykje av poenget med denne studia er å vise at det likevel fanst fundamentale skilnader mellom byane Bergen og Ribe. At skilnadar også fanst på systemnivå vil kome fram når Danmark-Noreg som juridisk eining vert drøfta i kapittel to. Her vil rammene rundt trolldomsprosessane – lovverket og rettssystemets utbygging – presenterast med referanse til sekundærlitteratur. Det empiriske materialet som byggjer på primærkjelder og som vert presentert i kapittel tre og fire fokuserer i hovudsak på mellom-nivået i det dansk-norske rettssystemet: Her er altså snakk om dei rettslege institusjonane og dei gruppene som er involvert her. Frå dette materialet vert element frå mikro- eller individ-nivå dregne fram der det er mogleg. Ved å vise til individ involvert i sakane blir studia både meir menneskeleg, samstundes som viktige element ved rettshandhevinga kjem fram i ljuset.

For at komparasjon skal gi mening er det viktig å ikkje utelate det større sambandet som dei to fenomena – i mitt tilfelle, to byar – er del i; dersom ein isolerer dei frå sin historiske kontekst vil ikkje ein samanlikning gi mening.⁸² Thomas Welskopp viser til at ein treng eit referansepunkt å måle undersøkinga opp mot, med dette meinast ein form for generell kjennskap til fenomenet som ligg under lupa.⁸³ I mi undersøking er referansepunktet sekundærlitteratur om trolldomsprosessane generelt. Denne vil i hovudsak hentast frå norsk og dansk sekundærlitteratur, vil supplerast med europeisk litteratur der det er nødvendig, og vil verta støtta opp av regional litteratur – om Bergenhus len og Jylland amt – der dette er mogleg.

⁸⁰ Melve 2018: 74

⁸¹ Dillinger 2009: 12; liknande uttale i Willumsen 2013: 12

⁸² Dillinger 2009: 13

⁸³ Her sitert i Dillinger 2009: 13

Ein form for «intern samanlikning» vil dermed gå føre seg fortløpande gjennom oppgåva. Ved å samanlikne byane med dei kringliggjande regionane så vel som på tvers av landegrensene ynskjer eg å setje mine undersøkingar inn i eit større bilete på fleire nivå. Michel Ein større kontekst er dessutan viktig, ettersom Michel Espagne viser til at ei komparativ undersøking burde støttast opp med innsikt i kulturell overføring mellom områda.⁸⁴ Dette vil verta eit sjølvstøtt punkt i mitt oppgåve, då der vert vist til prov om korleis ein lov- og rettskultur med opphav i det oldenburgske hovudsetet i København seg til andre delar av riket.

1.7.4 Praktisk gjennomføring

Kjeldematerialet eg nyttar er i hovudsak henta direkte eller indirekte frå rettsinstansane. Med indirekte meiner eg at der kjeldene ikkje stammar frå rettssystemets skrivarar, så kommenterer dei på rettslege høve. Dømesvis kom det i Hofnagels dagbok fram om Svarte-Hans at «[...] endelig satte han sig ned og blev henrettet. Han var ogsaa trollkarl.»⁸⁵ Frå denne passasjen les eg at Svarte-Hans hamna for retten, og at dette var fordi han mellom anna var ein trollmann. Resultatet var avretting; dette går inn i statistikken om utfallet av rettssaka.

Slik rettsleg statistikk vil danne stilaset for den kvantitative undersøkinga. Ved å samanlikne tal på kor mange som hamna for retten for ymse typar trolldom, kor mange av dei som vart frikjend og kor mange som vart avretta, er det mogleg å kartleggje mønster for korleis rettssystemet handterte trolldomssaker. Ei slik statistikk-bygging krev at ein byrjar med å lese kjeldene kvalitativt for å finne ut kva for ei gruppe talmaterialet høyrer til. Om Dillis Rønke seier kjeldene at ho ein gong hadde nytta «lesing» for å finne ut kven som hadde stole reiskapane til snekkaren Mogens.⁸⁶ Dette vil seie at ho tilbød å nytte sin kunne om signing til å hjelpe andre, og ho går inn i statistikken for trolldomsdømde som òg kjende til signing. Dette kan gi spor om til dømes folk i Bergen brydde seg med å stille signarar for retten eller ikkje. Den fulle betydinga av desse statistikkane kjem eg attende til i kapittel tre og fire; for no ynskjer eg berre å vise til at det empiriske materialet vert tolka ved å kombinere kvalitativ så vel som kvantitativ lesing av kjeldematerialet. På bakgrunn av dette vil det vere mogleg å gjere ein samanlikning av det kvantitative materialet mellom Bergen og Ribe. Dette kan igjen tolkast kvalitativt: Kva har det til dømes å seie at rettssystemet i Ribe rettsfølgde færre signarar enn det i Bergen?

⁸⁴ Her sitert i Dillinger 2009: 13

⁸⁵ Saksnummer 657; Hofnagels 1868: 198

⁸⁶ Saksnummer 674

Kapittel 2 – Noreg og Danmark: Skildring av samanlikningsobjekta

Det kan vere lett å anta at dobbeltmonarkiet Danmark-Noreg var meir eller mindre homogent. Administrasjonens øvste ledd, kongen og riksrådet, var jo felles for dei to landa, og mange rettslege, politiske, og økonomiske avgjerder var felles. Det fanst likevel fleire forskjellar som kan vere greitt å peike ut før kjeldematerialet vert diskutert. Med utgangspunkt i litteratur vil dette kapitlet skildre dei juridiske høva som danna ramma rundt trolldomsprosessar i Danmark og Noreg. Eg vil setje fokus på å peike ut likskapar og forskjellar i formelle rammer på landsbasis. Deretter vil eg gje ei generell presentasjon av dei to byane: Bergen og Ribe.

2.1 – Lov og rett

Lovar er interessante som historiske kjelder. I mange periodar veit me kva lovar som gjaldt, då desse måtte skrivast, kopierast, og «publisert» via offentleg høgtlesing. Som historisk kjelde må lovane likevel lesast med ei klype salt: Lovar er *normative* kjelder. Dei legg føring for korleis folk i samfunnet *burde* te seg, men garanterer verken at folk faktisk oppførte seg slik eller at rettssystemet dømde nøyaktig slik lovteksten står fram.⁸⁷ Det som er klart er at lovar oppstår som reaksjon på høve i samfunnet og på bakgrunn av ønsker frå eliten.⁸⁸ Trolldomslovar vitnar om at ein såg trolldomsbrotsverket som eit problem i samfunnet, og det var derfor viktig for kongemakta å vise at dette vart handtert. Der folk tidlegare hadde gjort opp privat seg imellom via bøter eller hemn, så var kongen no den øvste garantisten for fred i sitt rike. Usemjer skulle no løysast i rettssystemet jamført lovar utsteda av kongen. Strafferamma her la mykje vekt lagt på avskrekking og gjengjelding utført av det offentlege, og resultatet var utbreidd bruk av offentleg kropsstraff og dødsdom.⁸⁹ Etter reformasjonen hadde fyrsten òg vorte rikets øvste garantist for åndeleg velvære, og for å stramme inn moralen til sine undersåtter vart lovsystemet i løpet av 1500- og 1600-talet «opplyst» av mosaisk lov frå Bibelen.⁹⁰

I det dansk-norske riket opererte domstolane med eit *akkusatorisk* system. Det vil seie at rettsaker vert reist av ein saksøkar, dette seg vere ein privat eller ein statleg representant – Som regel var det snakk om den som følte seg råka av trolldommen eller denne sin familie.⁹¹

⁸⁷ Botheim 1999: 41

⁸⁸ Botheim 1999: 41; Næss 1984: 100f., 103

⁸⁹ Næss 1984: 100f., 103

⁹⁰ Næss 1984: 101, 103; Knutsen 45f.

⁹¹ Jacobsen 1966: 164; Botheim 1999: 21; Knutsen 1998: 52; Bergen skil seg ut ved at saksøkar i dei fleste tilfelle var ein offentleg embetsmann. Dette vert drøfta i kapittel 4.

Til kontrast vil ein *inkvisitorisk* domstol sjølv stille tiltale og undersøkje tilhøvet, slik at domstolen både er saksøkjær og dommar.⁹²

2.1.1 Lovar før 1617

2.1.1.1 Mellomalderlovane

Både Noreg og Danmark hadde lovar mot trolldom i mellomalderen. I Noreg finn ein at Gulatingslovas kristendomsbolc (kristenretten) seier om dei som «fer med galdrar og trolldom»,⁹³ at desse skulle landsforvisast. Kristenretten, som i katolsk tid var den delen av landslovane som skulle regulere kyrkjjas rolle i samfunn og avgjere kva som eventuelt var brot på kyrkjjas moralbud.⁹⁴ Kristenretten skulle eigentleg opphøyrd ved Reformasjonen, men vart framleis nytta som heimsel i trolldomssaker.⁹⁵ Lova vart fragmentarisk overført til Magnus Lagabøtes landslov, der det er å rekna som ubotamål å «oppvekke troll og dermed fremme hedenskap»;⁹⁶ denne lova retta seg spesifikt mot skadeleg trolldom.⁹⁷ *Ubotamål* innebar ikkje direkte dødsstraff, men den dømde fekk eigendom inndregen og vart fredlaus – Kven som helst kunne ta livet av den fredlause utan risiko for konsekvensar.⁹⁸ I praksis vart dette omsett til dødsdom, som regel via bålstraff.

Magnus Lagabøte si landslov vart omsett til dansk og presentert som Christian IVs norske lov i 1604;⁹⁹ denne stod som gjeldande norsk lov fram til den vart bytt ut med Christian Vs lov i 1687, men med enkelte tillegg som spesielt vedgjekk trolldom (sjå under). Eg finn dømme på at både eldre Gulatingslov og Magnus Lagabøtes landslov vart nytta i trolldomssaker heilt på tampen av 1500-talet. Som eit ledd av eldre norsk lov- rettspraksis kunne den skulda, dersom skuld ikkje kunne bevisast men det framleis var grunn til mistanke, verje seg ved «medeid». Dette innebar at 5 eller 11 andre av same kjønn vart oppnemnd for å sverje på den skulda si uskuld.¹⁰⁰

For Danmarks vedkommande finn ein at den Jyske lov av 1241 innehaldt bestemmelsar for dei som hadde «forgjort noget [...] med trolldom, og den sagsøgte ikke vedgår, men nægter

⁹² Botheim 1999: 21; det vert vist i kapittel 4 at Bergen såg inkvisitoriske trekk i rettssakane sine.

⁹³ Frå Gulatingslovas kapittel 28, «Um spådomar og galdrar»; omsetjing av Robberstad 1969: 42

⁹⁴ Norseng 2018

⁹⁵ Næss 1984: 106

⁹⁶ Frå Mannhelgebolka sitt kapittel 4 «Om [nyere] ubotamaal», omsetjing av Absalon Taranger: 1915: 46; Magnus; sjå også Botheim 1999: 42

⁹⁷ Botheim 1999: 42

⁹⁸ Norseng: 2017

⁹⁹ Knutsen 1998: 38; Denne er skildra som «en lite heldig oversettelse av Landsloven», av Næss 1981: 40

¹⁰⁰ Dette var tilfelle jamført både Gulatingslova og Landslova, sjå Knutsen 1998: 53; dette finn eg eitt dømme på i kapittel fire.

det, [...] da skal den sagsøgte værge sig med nævn i kirkesogn [...]».¹⁰¹ Denne ordninga med såkalla «kirkenævn» innebar at eit utval personar frå den saksøkte sitt lokalmiljø skulle oppnamnas for å sverje på den saksøkte si uskuld; denne forma for forsvar som vart nytta ved danske underrettar gjennom det meste av prosessperioden.¹⁰² Jyske lov gjaldt berre skademagi, *maleficium*, men den spesifiserte ikkje noko straff; det var opp til partane sjølve å forhandle seg til ein passande erstatning.¹⁰³ Her vart likevel bålstraff vanleg praksis.

2.1.1.2 Om tortur, utlegging, og appell

I tillegg til desse lovene var der før 1617 tre juridiske avgjerder som var spesielt viktig kva gjeld trolldom: Christian IIs Geistlege lov av 1521-22 stadfesta trolldom som eit *Crimen Exceptum*, altså eit lovbrøt så alvorleg at tortur kunne nyttast for å tvinge fram ei tilståing.¹⁰⁴ Denne lova gjaldt berre nokre få år, men den etablerte sedvane for å nytte tortur i trolldomssaker. Ein konsekvens var at uskuldige menneske vart tvinga til å tilstå at dei var trollfolk;¹⁰⁵ som ein reaksjon på dette kom den københavnske recess av 1547.¹⁰⁶ Her finn ein at: «Ingen skal pinlig forhøres, uden at han tilforn er lovlig forvunden til Døde for nogen Ugerning».¹⁰⁷ Dødsdom måtte altså ha vorte avsagt før tortur kunne finne stad. Ein hadde sett måten heksejagarane elles i Europa tvinga fram tilståingar og skapte enorme kjedeprossarar, og lova skulle fungere som ein buffer mot slik framferd.¹⁰⁸ Tortur vart likevel nytta i trolldomssaker etter 1547-recessen; det var ikkje uvanleg at den skulda vart dømd til både tortur og avretting,¹⁰⁹ spesielt i Danmark. Dette kan ha samband med at ein framleis var interessert i å finne ut kven som var trollfolkas medhjelparar.¹¹⁰ Tortur fungerte dessutan avskrekkande, samstundes som der kan ha vore religiøse element: Ved å vedkjenne sine syndar og angre, fekk den skulda mogleiken til å reinse sjela si før dei vart avretta og skulle møte sin endelege dom.¹¹¹ Tørnsø peiker òg på at utleggingar om trolldom – anten dei var juridisk gyldige eller ei – kunne skape mistanke rundt ein person og danne grunnlaget for at ei ny trolldomssak vart oppretta.¹¹²

¹⁰¹ Johansen 1991: 20

¹⁰² Johansen 1991: 27; Kallestrup 2017

¹⁰³ Kallestrup 2017

¹⁰⁴ Botheim 1999: 118; Lovteksten gjaldt eigentleg tjuveri, men vart tolka dit hen at tortur òg kunne nyttast i trolldomssakar, sjå Jacobsen 1966: 141

¹⁰⁵ Johansen 1991: 21; Botheim 1999: 119

¹⁰⁶ Botheim 1999: 119; ordlyden vart gjenteke i den Koldingske Recess av 1548.

¹⁰⁷ Tørnsø 1986: 22; Jacobsen 1966: 169

¹⁰⁸ Jacobsen 1966: 169; Knutsen 1998: 54, 57f.

¹⁰⁹ Næss 1984: 100f.

¹¹⁰ Knutsen 1998: 57

¹¹¹ Tørnsø 1986: 22

¹¹² Tørnsø 1986: 22; dette finn ein døme på både i Ribe og Bergen

Ein såg òg korleis store kjedeprosessar oppstod ved at dømde trollfolk la ut andre, og 1547-recessen sa derfor at ingen «udedisk menneske ... [skal] stå til troende enten udi vidnesbyrd eller i anden måde.»¹¹³ I klartekst betyr dette at kriminelle, uavhengig av om dei var dømd for trolldom eller andre brotsverk, ikkje hadde høve til å kome med skuldingar. Slike skuldingar var eventuelt juridisk ugyldige. Knutsen peiker på at «Overholdelse eller brudd på denne regelen blir helt avgjørende for om man får kjedeprosesser eller ikke».¹¹⁴ For å sikre at desse lovane vart overhaldne, og dessutan som eit ledd i å binde sikre at trolldomssaker vart behandla i kongens rettssystem, kom lova av 1576 som garanterte at alle trolldomssaker automatisk skulle ankast frå undertinga til andreinstans.¹¹⁵ Her var kompetansen hjå dommarane betre, dei følgde lovas bokstav i større grad, og dei var mindre prega av personlege relasjonar og «lokalt sladder», slik som den skulda sine soknefeller var.¹¹⁶

Det var altså enkelte forskjellar i lovar mellom Noreg og Danmark. Det er viktig å merke seg at *1576-lova berre gjaldt for Danmark*. Recessane av 1547 om bruk av tortur og utlegging i trolldomssakar gjaldt i utgangspunktet for begge landa, men Alm finn at mens desse vart følgd tettare i Danmark enn i Noreg.¹¹⁷ Næss finn at i Noreg fann kvart fjerde tilfelle av tortur stad før domfelling.¹¹⁸

2.1.1.3 Særnorske trolldomslovar

Recessen av 1576 om automatisk appell spelte ei viktig rolle i å bringe trolldomsprosessar innanfor kongens jurisdiksjon, og dette var med på å redusere talet på prosessar.¹¹⁹ Utan denne opererte Noreg i praksis med strengare trolldomslovar enn Danmark. I tillegg kom det i 1584 ei forordning som slo fast at alle som praktiserte trolldom skulle «straffes på livet uden al naade.»¹²⁰ Denne lova kom etter initiativ frå Stavangerbiskop Jørgen Eriksson og gjaldt i utgangspunktet berre for Stavanger og Bergenhus len; den vart landsdekkjande for heile Noreg i 1593.¹²¹ Jamført denne lovteksten var alle formar for trolldom like alvorleg og skulle straffast med døden – Dette gjaldt også *signing*.¹²² Næss peiker på at lovteksta i desse lovane spesifiserer

¹¹³ Tørnsø 1986: 22

¹¹⁴ Knutsen 1998: 54

¹¹⁵ Knutsen og Johansen ser denne lova som eit klart ledd i kongens sentraliseringspolitikk. Knutsen 1998: 42f.; Johansen 1991: 22

¹¹⁶ Knutsen 1998: 42f.; Johansen 1991: 22; Ellen Alm finn at dette var med å prege dommarane ved norske underting, og det er rimeleg å anta at dette òg var tilfellet i Danmark, sjå Alm 2000: 141

¹¹⁷ Alm 2000: 57f., 135

¹¹⁸ Næss 1981: 208

¹¹⁹ Johansen 1991: 23

¹²⁰ Næss 1984: 107

¹²¹ Næss 1984: 107; ettersom innhaldet var likt for desse lovane vil dei verta behandla som éi lov.

¹²² Botheim 1999: 42

at det ikkje er snakk om nye lovreglar, men innebar ei formalisering av eksisterande rettspraksis.¹²³ Knutsen peiker på det faktum at desse lovene ikkje beinveges fekk ein motpart i dansk lovgiving og meiner dette kan sjåast som eit teikn på at lovane var ledd av Fredrik IIs sentraliseringspolitikk: Ved å innordne åndelege lovbrot i den verdslege lovgivinga markerte kongemakta seg som religiøs og verdsleg fyrste også i Noreg, ytterkanten av riket.¹²⁴

2.1.2 1617 – Forordning om trolldom og deres medvidere

I 1617 kom den første felles lova om trolldom for Noreg og Danmark. Den kongelege forordninga var del av ei større rørsle frå Christian IV si side, både for å bringe riket tettare opptil hans moralske ambisjonar og for å markere han sjølv som både religiøs og verdsleg fyrste.¹²⁵ Lova stamma frå eit ønske om eit meir gudfryktig samfunn og drog inspirasjon frå mosebøkene,¹²⁶ der ein finn at: «[E]i trollkvinne skal du ikkje la leve.»¹²⁷

For norske høve førte 1617-forordninga faktisk til mildare straff for signarar. Trass i det strenge bibelversa over, så slo trolldomsforordninga fast at desse berre skulle landsforvisast og få eigendelane inndregne av staten.¹²⁸ Forordninga identifiserte «rette trollfolk» som dei som «med diefvelen sig bebundet hafver»¹²⁹ (diabolisme); desse skulle «straffes paa deris hals uden ald naade.»¹³⁰ Lova impliserer altså at trolldom stamma frå Djevelen, men skil framleis mellom skademagi og signing. Denne lova oppstod altså som eit kompromiss mellom demonologien og folkeleg trolldomstru.¹³¹ 1617-forordninga kravde òg straff for dei som nytta seg av magiske tenester. Desse medvitarane skulle straffast med bøter ved førstegongs overtramp, men dersom dei vart tatt i forseelsen om att, så skulle dei straffast som om dei var «rette trollfolk.»¹³²

I kjølvatnet av denne lova såg enkelte stader ei valdsam auke i trolldomsprosessar. Johansen finn dette i Jylland, Knutsen finn det på Austlandet, og Willumsen i Nord-Noreg.¹³³ Dette mønsteret vert diskutert i seinare kapittel.

Etter denne forordninga skjer det få betydelege lovendringar jamført trolldom. Innhaldet i 1617-lova vart i stor utstrekning overført til Christian V si danske lov (1683) og hans norske

¹²³ Næss 1981: 80; Knutsen 1998: 42f.

¹²⁴ Knutsen 1998: 41f.

¹²⁵ Næss 1984: 103; Knutsen 1998: 45f.; Johansen 1991: 22

¹²⁶ Knutsen 1998: 45f.

¹²⁷ 2. Mosebok Kapittel 22, vers 18

¹²⁸ Næss 1984: 110

¹²⁹ Johansen 1991: 23

¹³⁰ Johansen 1991: 23

¹³¹ Knutsen 1998: 45

¹³² Johansen 1991: 23

¹³³ Knutsen 1998: 35; Johansen 1991: 40f.; Willumsen 2013: 249f.; også omtalt i Hagen 2014: 90

lov (1687), men med annan ordlyd.¹³⁴ Denne lovendringa markerer dog slutten på perioden som den oppgåva behandlar, og vert derfor ikkje skildra i djupna her.

2.1.3 Bergens rettssystem

Tingordninga i Noreg opplevde stor utvikling i løpet av perioden. Dette har nær tilknytning til kongemaktas sentraliseringspolitikk: Kongen skulle verta den øvste garantisten for fred innanfor sitt rike, slik at det var eit mål at lokale tvistar som tidlegare hadde vorte løyst gjennom privat godtgjersle eller hemn, no skulle behandlast innanfor kongens rettssystem.¹³⁵ Frå gammalt av føregjekk mykje av rettshandhevinga i Noreg ved lokale ting der mellomalderlovane vart nytta etter sedvane. Frå og med 1590 vart norske underting innordna i kongens lov- og rettssystem: Dette var året då norske underting fekk domsplikt, frå 1591 ved hjelp av sorenskrivaren.¹³⁶ Over dei neste tiåra etter dette vart dei forskjellige ting ordna i eit hierarkisk appell-system etter dansk modell,¹³⁷ og stadig fleire lovbrøt vart definert innanfor kongen sitt lovsystem. I takt med at kongen etter reformasjonen vart landets religiøse så vel som verdslege leiar, så vart også åndelege lovbrøt handsama av det verdslege lovverket.¹³⁸ Her kjem ein oversikt over endringane som fann stad i Bergen i denne perioden.

I Bergen var *lagtinget* den rettslege fyrsteinstant gjennom 1500-talet. Her dømde lagmannen saman med eit utval lagrettemenn og byrådsmedlemmer. Desse siste var representantar frå byrådet: Ein eller to borgarmeistrar og åtte eller fleire rådmenn. Rådmennene var henta frå toppsjiktet av borgarskapet og hadde gjerne tidlegare embete som til dømes skrivarar.¹³⁹ Frå 1607 vart *rådstueretten* oppretta som ordinær fyrsteinstant for Bergen. Her dømde rådmennene aleine, men med mogleik for å spørje lagmannen om rettleiing i vanskelege saker.¹⁴⁰ Dei hadde òg assistanse av ein sorenskrivar.¹⁴¹ Mellom 1607 og 1662 var *rådstueretten* altså fyrsteinstant i Bergen, mens *lagtinget* var ankeinstans. Desse hadde assistanse av lensherren sin tilsette sorenskrivar, som etter 1634 var meddommar ved *rådstueretten*.¹⁴² I 1662

¹³⁴ Næss 1984: 110

¹³⁵ Knutsen 1998: 13; Imsen 1982: 141

¹³⁶ Botheim 1999: 32f.

¹³⁷ Imsen 1982: 141

¹³⁸ Næss 1984: 103; lovene av 1584/93 i Noreg, og den felles dansk-norske lova av 1617 kan sjåast som ledd av dette, sjå Knutsen 1998: 45f.

¹³⁹ Botheim 1999: 39

¹⁴⁰ Botheim 1999: 39; Knutsen 1998: 48f.

¹⁴¹ Sorenskrivar var eit nytt embete oppretta ved kongeleg forordning i 1591. Desse hadde erfaring frå danske eller tysk rettspleie og hadde den første tida som jobb å assistere i den juridiske prosessen. I 1634 vart dei òg meddommarar. Merk at fram til 1660 vart denne embetsmannen tatt i eid av lensherren, ikkje kongen, sjå Botheim 1999: 33; Knutsen 1998: 48f.

¹⁴² Knutsen 1998: 48f.

kom ein ny førsteinstans i Bergen: *bytinget*. Her skulle futen dømme i småsaker saman med ei gruppe borgarlege lagrettemenn som alle var utpeikt av kongen. Her stod underfuten som aktor.¹⁴³ Fram til 1668 kunne ikkje denne rettsinstansen dømme i livs- og æressaker, slik at rådstueretten framleis stod som førsteinstans i slike saker.¹⁴⁴ Gjennom heile perioden hadde futen ansvar for å sørge for eksekvering og finansiering av dom, og med sin kompetanse og autoritet som lensherrens og kongens representant, samt gjennom sosiale band med rådmennene, hadde han potensielt stor innverknad på dommane.¹⁴⁵

Lagtinget sine dommar kunne ankast til *overlagtinget*, som i 1602 vart bytt ut med *Herredagen*.¹⁴⁶ Dette var den norske overdomstolen, og møttest i ein norsk by omtrent kvart tredje år.¹⁴⁷ Frå og med 1666 vart herredagen bytt ut med *Overhoffretten* i Noreg.¹⁴⁸ Denne møttest kvart år.¹⁴⁹ For heile riket Danmark-Noreg var Høgsterett i København den siste ankeinstansen etter eineveldets innførsel i 1661.¹⁵⁰ I Bergen ser ein sjeldan at dette systemet vart nytta direkte; ofte vart saker appellert direkte til kongen via brev.¹⁵¹

2.1.4 Ribes rettssystem

Det danske rettshierarkiet hadde undergått omstrukturering på 1530- og 40-talet, og haldt seg konstant gjennom heile perioden eg handsamer.¹⁵² Byens førsteinstans var Ribe byting. Her måtte saksøkarer presentere vitneprov på at den skulda hadde volda skade, og minst ein av dei frammøtte måtte leggje ei hand på den skulda sitt hovud og skulde dei for å vere ei/n «vitterlig troldkvinde/karl».¹⁵³ Desse skuldingane skulle så prøvast av 12 (eller somme gonger, 15) nemningar. Dette var eidsmenn eller -kvinner som vart oppnemnd for kvar individuelle sak; dei skule vurdere vitneprova og avgjere spørsmålet om skuld.¹⁵⁴ Dette var ikkje ein dom å rekne i seg sjølv, ettersom 1576-lova sikra anke. Ribe hadde kjøpstadprivilegium og dermed òg sin eigen andreinstans: Ribe rådstuerett, der futen avsa endeleg dom.¹⁵⁵ Dersom det her var usemje

¹⁴³ Botheim 1999: 39f.; Aktor er det offentlege sin representant der det offentlege står som saksøkar. Det var viktig at denne rolla ikkje tilfall futen ved bytinget, ettersom dette hadde gjort han til både saksøkar og dommar.

¹⁴⁴ Botheim 1999: 39f.

¹⁴⁵ Botheim 1999: 36, 40

¹⁴⁶ Botheim 1999: 40f.

¹⁴⁷ Næss 1984: 111; Knutsen 1998: 49

¹⁴⁸ Botheim 1999: 41

¹⁴⁹ Næss 1984: 113; Knutsen 1998: 49

¹⁵⁰ Botheim 1999: 41

¹⁵¹ Dette kjem fleire døme på i kapittel 4.

¹⁵² Alm 2000: 54

¹⁵³ Johansen 1991: 27; dette siste punktet var særskild viktig jamført saksgangens riktige prosedyre

¹⁵⁴ Johansen 1991: 27

¹⁵⁵ Tørnsø 1986: 7f.; Kinch 1985: 670; Johansen 1991: 28

om saka, så kunne den ankast til kongens Rettarting i København. Denne vart bytt ut med Høgsterett i 1661.¹⁵⁶

2.1.5 Praktiske forskjellar

Det danske rettssystemet opplevde større grad av kontinuitet gjennom det meste av 1500- og 1600-talet, og Alm skildrar det som meir legalt og ryddig enn det norske.¹⁵⁷ Den særdanske lova av 1576 sikra appell i trolldomssaker slik at saker vart behandla innanfor kongens stadig meir profesjonaliserte rettsbyråkrati. Dette bidrog til å senke talet på domfellingar, ettersom sjansen for frifinning aukte dess høgare i rettssystemet ein kom.¹⁵⁸ Dette arta seg annleis i Noreg. Dei norske undertinga lidde av mangel på kjennskap til lovheimlar og rettsprosedyrar og hadde tidlegare sendt vanskelegare saker til lagtinget der lagmannen hadde betre kompetanse.¹⁵⁹ Då underrettane fekk domsplikt i 1590/1607 fekk dei mogleiken for å rådføre seg med lagmannen, og dette vart hyppig brukt.¹⁶⁰ Dette var ei praktisk ordning både for sorenskrivaren, som stod økonomisk ansvarleg dersom ei sak vart underkjent ved første instans og for lagmannen, som sparte tid ved å gi råd til underrettane heller enn å behandle den same saka som ei anke.¹⁶¹ Derimot var dette problematisk for den skulda: Sjansen for å dømmast var høgare ved underrettane der dommarane var soknefeller som kjente til den skulda sitt rykte, og når lagmannen hadde bidrege til å avgjere skuldspørsmålet ved underretten, så var det mindre sannsynlig at han snudde om på ei domfelling dersom saka vart anka til hans eigen lagrett.¹⁶² Næss meiner dermed at denne instansblandinga reduserte rettstryggleiken til norske trollfolk.¹⁶³

2.2 To byar

2.2.1 Bergen

Bergen på 1500- og 1600-talet Noregs største by, og landets handelssenter.¹⁶⁴ Folketalet er anslått til omtrent 8500 menneske av somme,¹⁶⁵ eller 11-12,000 av andre,¹⁶⁶ for perioden rundt 1645. Som Bergenhus len sitt verdslege og geistlege sentrum, budde her mange embetsmenn.

¹⁵⁶ Johansen 1991: 33

¹⁵⁷ Alm 2000: 137

¹⁵⁸ Johansen 1991: 43

¹⁵⁹ Næss 1984: 111

¹⁶⁰ Alm 2000: 137; Næss 1984: 114

¹⁶¹ Næss 1984: 114f.

¹⁶² Botheim 1999: 183f.; Johansen 1991: 29

¹⁶³ Næss 1984: 115

¹⁶⁴ Botheim 1999: 16

¹⁶⁵ Fossen 1979: 293

¹⁶⁶ Nedrebø 1990/91: 35ff.

Desse var ei talmessig lita gruppe og var sosialt heva høgt over resten av befolkninga. Byens fremste gruppe var borgarane, altså dei som hadde løyst borgarbrev og kunne drive kjøpstadnæring; her fanst handtverkarar, kjøpmenn, båtmenn, skipparar, styrmenn, med meir.¹⁶⁷ Allmugen var ei lita gruppe og bestod av til dømes arbeidarar, småhandlarar, sjøfolk og soldatar. I tillegg må ein rekne med at byen inneheldt sin del av fattige og omstreifarar.¹⁶⁸

I perioden frå 1500- til utpå 1600-talet finn ein at det øvre sjiktet av borgarskapet akkumulerer stadig meir makt. Alm peiker på at skiljet mellom embetsstanden og borgarstanden ofte var uklart i norske byar. Dette har med å gjere at embetsstillingane gjerne var «bi-geskjeftar» ved sidan av kjøpsnæringa.¹⁶⁹ Fossen peiker på at embetsverva gjerne førte med seg store utgifter til reising, kost og losji av besøkjande embetsmenn, med meir, og dette gjorde at berre «kremen» av borgarstanden hadde tilgjenge på desse stillingane. Dette måtte for mange sjåast på som ein investering, ettersom embetsverv i lengda kunne nyttast til å utvide personleg formue.¹⁷⁰ For å forsterke dette vart det stadig vanlegare at desse rådmannsslektene gifte seg innbyrdes, og i løpet av 1500- og 1600-talet vart ein borgarskapselite danna i Bergen.¹⁷¹

2.2.2 Ribe

Ribe var på 1500- og 1600-talet ein forholdsvis stor by i regionen Jylland, som var ein enklave av hertugdømmet Slesvig tilhøyrande den danske krona. Ved utgangen av mellomalderen hadde byen ei befolkning på omtrent 5000 menneske.¹⁷² Byen hadde lenge hatt eit rikt handelsliv, mellom anna gjennom ein vellukka oksehandel. Etter ein knekk ved Reformasjonen, syntes byen gjennom 1500-talet å ha opplevd ein lengre periode av økonomisk framgang, noko som mellom anna bidrog til større avstand mellom byens befolkningsgrupper.¹⁷³ Byen vart i fleire omgangar ramma av pest, og spesielt ille syntes åra 1602-03, då denne tida vart eit tidsmerke for ettertida kalla for «den store pestilensen».¹⁷⁴ Ribe syntes å ha opplevd tilbakegang eller til nøds svak vekst i befolkningstalet på 1600-talet.¹⁷⁵

¹⁶⁷ Botheim 1999: 16

¹⁶⁸ Botheim 1999: 17

¹⁶⁹ Alm 2000: 11

¹⁷⁰ Fossen 1949: 73f.

¹⁷¹ Fossen 1979: 74f.

¹⁷² Johansen 1991: 112

¹⁷³ Johansen 1991: 112


¹⁷⁴ Johansen 1991: 53

¹⁷⁵ Degn 1971: 41ff.

Kapittel 3 – Ribe: Korleis gjekk trolldomssakene føre seg

Innanfor vår periode, mellom 1584 og 1683, vart der i Ribe by ført 20 rettssaker med trolldomsinnhald,¹⁷⁶ fordelt på 17 skulda personar.¹⁷⁷ Den første saka som her handsamast fann stad i 1590, då «Karen Lasdotter blev brændt ved Ribe»;¹⁷⁸ Ribes siste trollkvinne, Anne Thomaskone Bruds, vart brend i 1652.¹⁷⁹ Dette set i realiteten ramma for kjeldematerialet som vert behandla her: mellom 1590-1652, altså ein 62-års periode.

I dette kapitlet ynskjer eg å presentere datamaterialet som er å finne om trollfolk i Ribe. Desse vert primært presentert som kvantitativt materiale, men der det er mogleg vil eg drege fram konkrete saker og diskutere det kvalitative innhaldet. Målet er å gi eit bilete av trolldomsprosessane i Ribe på ein måte som kan liggje til grunn for samanlikning med Bergen. Eg byrjar med å vise til generelle trendar, samt at eg ser nærmare på perioden 1617-25, som er kjend som ein høgfrekvent periode i Jylland. Herifrå «følgjer» kapitlet strukturen i ei trolldomssak: frå å sjå på kva som inngjekk i ei skulding, via korleis det gjekk med saker som hamna for retten og eventuelt fekk dom, til korleis utleggingar fungerte i Ribe.



Tabell 3.1: Trolldomssaker i Ribe 1584-1683. Trolldomssaker oppstod gjerne i «bolkar».

¹⁷⁶ Minner om at trolldomssaker i Danmark jamført recessen av 1576 innebar automatisk appell til høgare rettsinstans. Ei trolldomssak denotert med eget nummer impliserer altså at saka var oppe både i nemningstinget (førsteinstans) og Rådstueretten (andreinstans). Eventuelt vart saka også anka til Herredagstinget. Dette var tilfellet i tre av sakane. Eventuelle avvik frå dette mønsteret vert kommentert i dei respektive tabellane.

¹⁷⁷ Else Peder Mortens (nr. 11/24), Bodild Harchisdotter (nr. 12/23), og Maren Thomasdotter Splids (nr. 77/81) var alle involvert i to rettssaker kvar. Ingeborg Harchis (nr. 10) var dessutan involvert i ei sak i 1577-78, men denne fell utanfor den behandla perioden og vil ikkje verta del av det statistiske materialet.

¹⁷⁸ Saksnummer 9; Kinch 1884: 669

¹⁷⁹ Saksnummer 90

3.1 Trendar over tid

I løpet av dei nesten hundre åra som vert behandla var der spesielt to toppar i trolldomssaker som er verd å merke seg: 1610-1614 og 1640-1642. Begge desse tidsspenna var prega av kjedeprosessar som krinsa kring eit lite utval personar, både i rolla som saksøkt og saksøkar. Eit mønster som går att er at eit lite tal saksøkarar fører fleire sakar innanfor ein periode. Den første bolken, 1610-14, var prega av at ein klokkar ved namn Mads Askov tok initiativ til ei rekke trolldomssaker, samt at han følgde opp eventuelle utspring frå desse sakene. Det same gjeld sakene i 1620, der Ole Andersen stod for fleire samankopla saker; og i perioden 1637-42, då skreddar Didrik Harman gjekk rettens veg mot ei borgarkvinne ved namn Maren Thomasdatter Splids. Dette er Danmarks kanskje mest kjende trolldomssak, på linje med Anne Pedersdatter i Noreg; alle sakene i tidsrommet 1637-42 var kopla til Splids-saka.¹⁸⁰ Merk at eit fåtal saker fann stad i tidsrommet 1617-25. Dette tidsrommet er verd å behandle i djupna.

3.1.1 Tidsrommet 1617-25

I 1617 kom den første felles trolldomslova for Danmark-Noreg (sjå kapittel to). Lova førte enkelte stader med seg ei drastisk auke i trolldomssaker. Johansen finn for regionen Jylland at av dei 494 trolldomssakene som vart ført i perioden 1609-87, så fann 297 (60 prosent) stad mellom 1617-25.¹⁸¹ Til samanlikning såg Ribe by tre trolldomssaker i perioden mellom 1617-1625. Dette utgjer 15 prosent av sakane i heile tidsrommet 1584-1683. Her var derimot ni saker (45 prosent) før 1617, og åtte saker (40 prosent) etter. Inntrykket ein sit att med er dermed at Ribe ikkje opplevde ein markant auke i trolldomssaker i perioden 1617-25, men dette er verd å sjå nærare på.

3.1.1.1 Inga heksepanikk i Ribe?

Alle dei tre sakene fann stad i 1620; eg har undersøkt desse i djupna på leit etter særtrekk som skil desse frå andre sakar i perioden. Formålet var å leite etter samband mellom nye lovar og mønsteret for trolldomsprosessar. Eg fann ikkje at desse sakene skil seg nemneverdig ut. Dei tre kvinnene, Birthe Olufsdatter, Karen Roeds, og Johanne Moltisdatter,¹⁸² vart forfølgd av klokkaren Ole Andersen. Han dukkar opp som saksøklar i to av sakene, og som vitne i den tredje.¹⁸³ Dette er i takt med det vanlege mønsteret i Ribe der éin «heksejagar» fører bortimot

¹⁸⁰ Saka har vorte behandla i djupna av både Grønlund 1976 og Degn 1981

¹⁸¹ Johansen 1991: 40f.

¹⁸² Saksnummer 55, 56, og 57, respektivt.

¹⁸³ Ole er ein interessant karakter som vert drøfta djupare under, i del 3.3.1.1

alle sakene i ein periode. Det som er interessant med Andersen sine saker er at han stod som saksøkar i alle tilfelle der kvinner òg var kjend som signarar. To av desse fann stad i 1620, og éin i 1613.¹⁸⁴ Forfølging av signarar var altså ikkje eit særtrekk for perioden 1617-25, men det var sjeldan i Jylland: Johansen finn totalt 32 trollfolk som òg kunne signe.¹⁸⁵ Saka mot Johanne Moltisdotter er faktisk det nærmaste ein kjem ei «rein» signesak; dei fleste vitneprova mot henne handlar om læking som slår feil, inklusiv tilfelle der folk døydde trass i forsøket på å redde dei med trolldom. Reine signesaker førekom ifølge Johansen aldri i Jylland.¹⁸⁶

Eit særpreg i saka mot Karen Roeds er at ein finn bruk av ei voksdukke.¹⁸⁷ At eit fenomen berre opptrer éin gong i kjeldematerialet viser ikkje nødvendigvis til eit systematisk særtrekk for denne perioden. Dømesvis er 1637 det året ein finn «alle» saker som involverte «magisk, levande oppkast» og «trolldomsrelaterte mareritt».¹⁸⁸ Det er altså lite som tyder på at trolldomssaker i denne perioden utviste systematiske særtrekk, og med eit så lite kjeldemateriale er det ikkje mogleg å peike på systematiske likskaper. At desse tre sakene fann stad i perioden 1617-25 synes ikkje å bryte nemneverdig med det vanlege mønsteret for trolldomsprosessar og synes ikkje å ha ein positiv korrelasjon til den nye lova av 1617.

3.1.1.2 Kvifor ingen heksepanikk i Ribe?

Det er interessant at Ribe ikkje vart del av mønsteret som var så markant i Jylland elles. I søken etter kvifor, må ein først drøfte kvifor 1617-lova i utgangspunktet førte til aukt førekomst av trolldomssaker. Johansen meiner 1617-forordninga ikkje *skapte* auken i trolldomsprosessar, men *bidrog* til den. Han peiker på at folk hadde andre måtar for å takle «trolldomsproblemet» før 1617. Han finn at desse sakene oppstod i ein panikk-stemning blant folket, der fleire ulukker og skader vart tolka i retning av at skademagi var på ferde.¹⁸⁹ Samstundes skildrar han ein «folkeleg justis» mellom folk, det han kallar «settlement-out-of-court»-ordningar, der eventuelle tvistar vart løyst utanfor rettssystemet.¹⁹⁰ I same tråd var det mogleg å bu på erstatning for eventuelle skadar, slik at ein slapp å stillast for retten.¹⁹¹ Dette forsøkte til dømes Ingeborg Harchis ovanfor saksøkar Mads Askov, men utan å få gjennomslag.¹⁹² Ein var òg

¹⁸⁴ Den siste saka var saksnummer 20, mot Anne Lourups.

¹⁸⁵ Johansen 1991: 88, 206

¹⁸⁶ Johansen 1991: 88, 206

¹⁸⁷ Saksnummer 56; voksdukker går innunder såkalla «objektmagi», noko ein finn prov på frål antikkens Roma og som dessutan har ein lang tradisjon innanfor skandinavisk folkemagi, sjå Levack 2006: 13 Tørnsø 1986: 73

¹⁸⁸ I saksnummer 77

¹⁸⁹ Johansen 1991: 42f.

¹⁹⁰ Johansen 1991: 40

¹⁹¹ Johansen 1991: 40

¹⁹² Saksnummer 10

tilbøyeleg til å la saka fare dersom trollfolka lova å oppheve trolldommen og å betre seg.¹⁹³ Dette finn ein døme på i saka mot Anne Lourups i 1613: Då ein mann konfronterte Anne for å ha kasta sjukdom på kona hans, lova Anne at kona snart skulle få det betre. Ho vart dermed sluppen fri.¹⁹⁴ Mindre konvensjonelt (sett med dagens auge) var ei løysing å slå trollfolka til blods, for då ville trolldommen verta oppheva. Ole Andersen vitna at han hadde slått Birthe Olufsdotter i ansiktet fleire gonger utan at blodet byrja å renne. Han tolka dette som prov på at ho var ei trollkvinne.¹⁹⁵ Med lovendinga av 1617 var det slutt på slik «kvardagsjustis». Kongen var no den øvste garantisten for fred innanfor sitt rike – i åndelege så vel som verdslege lovbrott – og då gjaldt det å føre trolldomssaker for retten.

Det er likevel klart at Ribe ikkje opplevde ei storstilt bølge av trolldomssaker i dette tidsrommet. Johansen drøfter høva i to byar som heller ikkje opplevde aukt førekomst av proesessar: Køge og Næstved såg begge omfattande proesessar før trolldomsforordninga vart utsteda, og Johansen vurderer derfor om desse byane hadde vorte «reinska» for trollfolk før utstedinga av trolldomsforordninga.¹⁹⁶ Til støtte for denne hypotesen peiker Johansen på at trolldomsrykte tar tid å byggje opp.¹⁹⁷ Dersom folk følte seg pressa av kongen og presteskapet til å rettsforfølge trollfolk er det mogleg dette var siste drope før dei agerte på trolldomsryktet som dei kjende til at naboen hadde. Jamført same logikk gir det dermed meining at der ikkje fann stad trolldomssaker dersom alle «potensielle trollfolk» allereie hadde vorte ført for retten og dømde. Ribe såg sju saker mot fem menneske i perioden 1610-14. Tre av desse vart avretta, då dei hadde slitt med lengre tids trolldomsrykte.¹⁹⁸ To vart frikjend. Desse var Karen Kallis og Else Peder Mortens.¹⁹⁹ Sistnemnde vart faktisk frikjend to gonger på dei fire åra fordi ingen vitne dukka opp mot henne. Dersom ein utvider denne forklaringa ser ein samstundes at talet på sakar før trolldomsforordninga i 1617 vitnar om at Ribe hadde eit rutinert system for å behandle trolldomssakar innanfor kongens rettssystem. Dersom ein ser 1617-forordninga som eit ledd i å flytte desse sakene frå folkejustisen og inn i det rettslege byråkratiet, så kom lova

¹⁹³ Johansen 1991: 39f.

¹⁹⁴ Saksnummer 20; Johansen 1991: 40

¹⁹⁵ Saksnummer 20; denne forma for «oppgjær» med trollfolk hadde opphav i folketrua, og var utbreidd også i Noreg og elles på kontinentet. Aleksandra Pfau finn i Frankrike fleire tilfelle der "ritualisert vald" mot trollfolk ofte førte til at den skulda døydde. Sjå Pfau 2013 og Alm 2001: 17

¹⁹⁶ Johansen 1991: 41; desse proessane fann stad i tidsromma 1612-13 for Køge, og 1601 for Næstved.

¹⁹⁷ Johansen 1991: 42, 51; i enkelte saker dukker det opp vitne som viser til hendingar som fann stad så langt attende som 50 år. Dette var tilfellet i saka mot Ingeborg Harchis (saksnummer 10)

¹⁹⁸ Saksnummer 10, 12/23, 20,

¹⁹⁹ Saksnummer 17/40 og 41; at Else hamna for retten to gonger er interessant, men det er verd å nemne at ho stadig vart utlagd i proesessar mot kvinner i Harchis-familien. Det er dermed mogleg å lure på om dette har bunn i ein familiekranjel.

for seint til å skape valdsamme oppsving i prosessar. Dette kan vere med på å forklare kvifor Ribe ikkje opplevde det same «sjokket» som andre stader i Jylland.

3.1.1.3 Tidsrommet 1617-25 oppsummert

For å summere: Dei tre sakene som fann stad i 1620 viser ingen særtrekk jamført det vanlege mønsteret for trolldomsprosesser i Ribe. Trolldomsfølginga i Ribe vart tilsynelatande ikkje markant påverka av trolldomsrecessen av 1617. Kvifor er det ikkje mogleg å seie heilt sikkert, men moglege forklaringar inneber den som Johansen gir for å forklare den manglande prosessauka i Køge/Næstved. Ei overflod av sakar ført i tida rett før 1617 kan ha «tømd» desse byane for trollfolk. Det same mønsteret passar for Ribe. Denne toppen i trolldomsprosessar mellom 1610-14 kan i Ribe òg vitne om at byen allereie hadde eit rutinert system for å hanskas med trolldomssaker. Dersom auka i saka etter 1617 kom som følge av at det endeleg fanst ei lov for å takle denne typen lovbrøt, så kom det inga auke i Ribe fordi byens rettssystem allereie hadde systema på plass for denne typen prosessar. Denne mogleiken vert drøfta i kapittel fem.

3.2 Kva type trolldom vart nytta i Ribe by?

Skuldingane som først førte til trolldomssaker gjaldt maleficium i alle tilfelle.²⁰⁰ Johansen finn ingen saker som byrja med signing, og berre 36 av dei 463 trollfolka han har studert syntes å også ha vore kjend som «kloke folk».²⁰¹ Det vart ikkje rettssak før trollkvinna eller -mannen gjorde skade med trolldommen sin.²⁰² Dette er tilfellet også for Ribe: Med unntak av den noko ambivalente saka mot Johanne Moltisdotter,²⁰³ så var det utvitydig skademagi som hamna for retten. Ettersom prov på magiske lovbrøt ikkje var mogleg å oppdrive, måtte ein peike på *resultatet* av vond trolldom og lite på at retten aksepterte sambandet med vond trolldom.²⁰⁴ Kva som var å rekne som ei relevant trolldomsskulding kan ha variert mellom regionar. Her kjem ein oversikt over korleis dette mønsteret såg ut for Ribe.

3.4.1 Kven vart ramma av trolldom

I dei fleste av sakene i Ribe opplyser vitna kva slags trolldom dei opplever å ha vorte utsatt for. Dette gjer det mogleg å teikne eit bilete av den «typiske trolldomsskuldinga». Det er klart frå både Johansen og mitt materiale at det var skade på menneske som helst dukka opp i

²⁰⁰ Johansen 1991: 25

²⁰¹ Johansen 1991: 88, 206

²⁰² Johansen 1991: 88

²⁰³ Saksnummer 57; denne saka vart diskutert i del 3.3.4.1

²⁰⁴ Knutsen 1998: 53f.

trolldomssaker. Dersom ein samanliknar Johansen sitt materiale for heile Jylland med mitt for Ribe by, så finn ein samstundes eit mønster i at talet på dyr som vart råka av trolldom er betydeleg høgare ute på bygdene.

Typar trolldom i Jylland ²⁰⁵		Typar trolldom i Ribe ²⁰⁶	
Kven vart ramma	Frekvens	Kven vart ramma	Frekvens
Menneskers sjukdom/galskap	237	Sjukdom/galskap på menneske	14
Menneskers død	180	Daude menneske	4
Sum, menneske ramma av trolldom	417	Sum, menneske ramma av trolldom	18
Kvegs sjukdom	32	Kvegs sjukdom	1
Kvegs død	181	Kvegs død	4
Hestars død og sjukdom	106	Sjukdom på hest	1
Fårs død	34		
Svins død	24		
Gjess	6		
Bier	3		
Sum, dyr ramma av trolldom	386	Sum, dyr ramma av trolldom	6
Forderva mjølk	69	Mista mjølkeevne	1
Korn	16		
Sum, øydelagde produkt frå jordbruk (ikkje kjøtt)	85	Sum, øydelagde produkt frå jordbruk (ikkje kjøtt)	1
Øydelagt ølbrygging	18	Øydelagt ølbrygging	2
		Øydelagde materiale	1
		Tapt lykke i handel	2
Sum, erverv og næring	18	Sum, erverv og næring	3

Tabell 3.2: Typar trolldom nemnd i vitneprov i Jylland og 3.3: tilsvarande i Ribe: Ein ser at talet på dyr og landbruksprodukt råka av trolldom er betraktelig høgare utanfor byen, samstundes som relativ sett fleire tilfelle av råka handel fann stad i byen.

Sjukdom på folk var den desidert største bolken av skuldingane, også på bygdene: Dette dukka opp i 237 sakar. I 180 sakar førte trolldom til at folk døydde. I alt finn Johansen at menneske vart råka av trolldom i 417 tilfelle. Det er dessutan klart at ikkje berre folk vart råka av trolldom,

²⁰⁵ Tal henta frå Johansen 1991, tabell 20: 202-206

²⁰⁶ Merk at statistikken som ligg til grunn for tabellen berre tel med vitneprov og skuldingar, altså er her ikkje talt med innrømmingar som den skulda kjem med under forhøyr/tortur. Dette er gjort for å skilje den generelle befolkninga si oppfatting av trolldom frå den som autoritetspersonar som deltok på forhøyr hadde. For å gjere materialet samanliknbart med det for Bergen seinere i oppgåva, har eg valgt å konvertere Johansen sine tal frå tal på vitneutsagn som fortel om ein type trolldom til tal på sakar der ein type trolldom dukkar opp.

men også dyr: I 32 saker meldte vitna om at kveg var blitt sjuke, og i heile 181 saker om at kveg hadde døydd. Ein ser at eit vidt utval dyr vart råka av trolldom: Hestars sjukdom og/eller død dukka opp i 106 saker, får sin død dukka opp i 34 saker, daude svin i 24, gjæs vart råka på ein eller annan måte i seks saker, og i tre saker finn ein vitne som fortel om at bier vart råka. Det er klart at dyrehald spelte ei viktig rolle i Jylland generelt.

Dyrehald spelte derimot ei mykje mindre rolle i byen. Berre éi ku vart sjuk, mens fire kyr døydde. Éin hest vart sjuk, men overlevde. På ei anna side ser ein at tap relatert til handel var ein relativt stor del av vitneutsegna: To tilfelle av øydelagd ølbrygging i løpet av 20 saker utgjør 10% av sakene i byen, mens Johansen sine 18 tilfelle av øydelagd ølbrygging berre utgjør 3,9% av dei 463 sakane han studerte. Ein ser at sekundærnæringar kopla til handel vart råka høvesvis ofte i byen, mens skader på primærnæringa omtrent berre er å finne på bygdene: Mjøl og korn vart stadig råka på bygdene i Jylland, noko ein nærmast aldri finn i Ribe by. Talmaterialet for Ribe er sjølv sagt for lite for ein representativ, statistisk samanlikning, men ein ser konturane av ein trend der vitneutsegn i stor utstrekning fell saman med mønsteret for kva handelsnæringar som var viktige for folk.

3.4.2 Konklusjon: Trolldom i by og land i Jylland

Mønsteret ovanfor er mogleikens ikkje spesielt overraskande. Innbyggjarane i byar baserte i stor grad inntekta si på tertiærnæringar: handel, administrative yrker og service-yrker. Menneske i byen produserer i mindre grad maten sin sjølv, og det vert dermed mindre relevant å skulde folk for å sabotere nettopp denne næringa. Forholdet mellom produkt frå dyrehald sett opp mot øydelagt handelsnæring og sekundærproduksjon som ølbrygging synest dermed tilfredsstillande og representativt for reelle levekår i bygda jamført i byen.

3.3 Lov og rett

Det generelle biletet ein får av Ribe sitt rettssystem er at det var nært knytt til lovsystemet og at rettslege prosedyrar var godt innarbeidd og fungerte. Denne delen vil forsøke å skildre korleis ei trolldomssak gjekk føre seg, frå skuldinga til dom og eventuelle utleggingar. Undervegs vert mønsteret presentert for korleis dette gjekk føre seg i Ribe.

3.3.1 Skuldingar Kven rettsforfølgde; Ribes «heksejagarar»?

Som nemnd var Ribe sine saksøkar som regel private.²⁰⁷ Desse «heksejagarane» var ofte sær villige til å følgje opp eventuelle nye trolldomssaker, slik at prosessar oppstår i «bolkar». Som tabell 3.4 syner, så kan 13 av dei 20 sakane (65 prosent) femnast innunder tre saksøklarar: Mads Askov, Ole Andersen, og Didrik Skreddar. Desse mennene står som dei primære pådrivarane for trolldomssaker i meir eller mindre reinskorne tidsperiodar: Mellom 1610-14 fører Mads Askov alle trolldomssaker utanom éin, der Ole Andersen stod som saksøklar. Sistnemnde fungerer som saksøklar i to av sakene i 1620, og dukkar opp som vitne i den tredje. Didrik «Skreddar» Harman står som saksøklar i alle sakene knytt til sakskomplekset instigert av saka mot Maren Splids mellom 1637-42, med litt hjelp frå lensherre Jørgen Pedersen. Det er altså klart at Ribe sine saksøklarar i all hovudsak var privatpersonar.

Saksøklarar i trolldomssaker	
Anklager:	Saksnummer:
Ukjent	8, 9
Mads Askov (borgar/klokkar)	10, 11, 12, 23, 24, 25
Ole Andersen (borgar/klokkar)	20, 55, 56 (vitne), 57
Didrik Harman (borgar/skreddar)	77 og 81, 85
Jørgen Pedersen (lensherre)	82, 87
Ingen formell saksøklar ²⁰⁸	86, 87
Ukjend	90

Tabell 3.4: Saksøklarar i Ribes trolldomssaker. Enkelte namn dukkar stadig opp i Ribes trolldomssaker. Enkelte periodar er dominert av éin saksøklar.

Det er vanskeleg å kartleggje kva som verkeleg låg bak ei trolldomsskuldning. Saksøkar og vitna møtte sjølv sagt med påstandar om magiske brotsverk; kva som var relevant å nemne vart forsøkt drøfta i delkapittel 3.4 over. Det er likevel ingen garanti for at dette var det faktiske utgangspunktet for skuldninga. Mens Johansen peiker på at folk var villige til å tru dei var blitt råka av trolldom, mellom anna som eit alternativ til at dei sjølv var syndige og fekk kjenne på Guds straff,²⁰⁹ så peiker Nenonen på at potensialet for trolldomsskuldningar fanst i det vide spennet av politiske, ideologiske, og sosiale rammer som gjorde det mogleg å skulde folk for

²⁰⁷ Johansen 1991: 27

²⁰⁸ Desse sakane var resultat av utleggingar og burde juridisk sett ikkje hamna for retten; mangelen på formelle saksøklarar kan ha medverka til at begge enda med frikjenning.

²⁰⁹ Johansen 1991: 35

eit brotsverk som ikkje kan provast, og dette kunne utnyttast.²¹⁰ Den *utløyssande* årsaka til ei trolldomsskuldning var i alle tilfelle lokal og individuell, og ein må rekne med at trass i kva vitneutsegna seier, så er det berre saksøkarane som kjenner det verkelege motivet bak skuldninga. Dillinger peiker på at kven som vart skulda synes å ha hatt ein viss samband med kven som sosialt fall utanfor i lokalsamfunnet. Ikkje-konformitet i sosiale så vel som økonomiske høve aukte risikoen for å verta råka av lokalsamfunnets sanksjonar – Dette kunne vere i form av trolldomsskuldningar.²¹¹ For å danne eit bilete av korleis dette kunne fungere i praksis vil eg setje søkeljos på ein av saksøkarane nemnd over: Ole Andersen.

3.3.1.1 Portrett av ein ripensk «heksejagar»: Ole Andersen

Ole Andersen stod som saksøkar i fire trolldomssaker mellom 1613-1620. Hans motiv synes personleg motiverte, men spelar òg på lokalsamfunnets oppfatning av dei som vart skulda. Ole er ein sjaber karakter i Ribes bybilete. Han var relativt ny i byen, men gjorde seg kjapt upopulær: Han slo folk, kasta stein, og øydela vindauger. For dette måtte han stadig betale bøter.²¹² Jamført Dillinger sine drøftingar om lokalsamfunnets dynamikk er Ole det «vonde mennesket» som fell utanfor samfunnets normer og som fellesskapet kunne vere interessert i å sanksjonere mot.²¹³ Ole er derimot kløktig, og det er mogleg han var klar over at han sjølv risikerte trolldomsskuldningar dersom han ikkje gjorde noko. Han byrja dermed å sjå seg om etter enkle mål å skulde for trolldom.²¹⁴ I 1613 gjekk han til sak mot den «halvgale» Anne Lourups, ein tiggjar som stadig kom i krangel med folk. At ho hadde trolldomsrykte var det ikkje tvil om: Ho kunne lækje folk dersom ho fekk betalt, og ho dikta magiske songar. Ho hadde ingen å verje seg i retten og enda på bålet.²¹⁵

Dei påfølgjande åra klarer ikkje Ole å halde seg utanfor rettsstua, og han ser seg snart om etter fleire enkle mål. Her kjem dei tre kvinnene i 1620 som vart skildra i del 3.1.1.1 over. Ingen av dei var spesielt populære figurar i Ribes bybilete, og dei hadde alle tilstrekkelig vondt rykte til å verta dømd og brend på bålet.

Biletet ein sit att med er at Ole Andersen i høgste grad var ein plagsam karakter i lokalsamfunnet. På kløktig vis klarte han likevel å nytte trolldomsskuldningar som «lynvleiar»: Ved å rettsfølgje trollfolk kunne Ole fremje seg sjølv som eit moralsk, rettsleg oppegåande

²¹⁰ Nenonen 2012: 77f.

²¹¹ Dillinger 2015: 120f.

²¹² Johansen 1991: 116f.

²¹³ Dillinger 2015a: 358

²¹⁴ Johansen 1991: 117f.

²¹⁵ Saksnummer 20; sjå også Johansen 1991: 116

menneske. At dette gjorde han mindre plagsam for sine medmenneske i lokalsamfunnet er tvilsamt, men han klarte – i alle fall for ei stund – å spare seg sjølve større problem. Det vert for landdrygt å drøfte moglege forklaringar på alle trolldomssakar i Ribe, men kjeldene antyder at personlege interesser kan ha vore i spel både hjå Mads Askov, som førte seks saker, og hjå Didrik Harman, som førte tre. Ole Andersen fungerer i alle tilfelle som eit godt døme på korleis trolldomsskuldinger kunne fungere instrumentelt i eit lokalsamfunn.

3.3.2 Rettsinstansane; dom

Johansen fann at 245 av 463 saker i Jylland (52,9 prosent) enda med dom.²¹⁶ I mitt materiale finn eg domfelling i 9 av dei 20 sakene (45 prosent). Sånn sett passer Ribe godt inn i den generelle trenden for både Europa og Danmark elles.²¹⁷ Det same gjeld domsfordelinga mellom rettsinstansane. Johansen finn at 86,8 prosent av dei saksøkte vart funne skuldige ved første rettsinstans, mens 49,6 prosent vart funne skuldige ved annan instans.²¹⁸ Nemningane ved førsteinstans dømde den skulda i 13 av 15 tilfelle (86,7 prosent), mens rådstueretten «berre» dømde i 9 av 19 saker (47,4 prosent).²¹⁹

	Saker behandla ved førsteinstans			Saker behandla ved rådstueretten			Saker behandla ved kongens Rettarting			Ukjend ²²⁰	Sum
	Frifunnet	Dømt	Sum	Frifunnet	Dømt	Sum	Frifunnet	Dømt	Sum		
	2	13	15	10	9	19	2 ²²¹	1	3	1	37
%	13,3	86,7	100	52,6	47,4	100	66,6	33,3	100	100	100

Tabell 3.5: Fordeling av dom og frikjenning i Ribes trolldomssaker. Sjansen for å verta frikjend aukte drastisk jo høgare i rettssystemet ein kom.

²¹⁶ Johansen 1991: 62

²¹⁷ Hagen 2011: 25.; Johansen 1991: 29; at domsprosenten ligg noko lågare i Ribe er ikkje av statistisk betydning med eit så lite materiale. Dersom éi av sakene hadde enda med dom heller enn frifinning ville statistikken vist 50/50.

²¹⁸ Andreinstans vil i dei fleste av Johansen sine tilfelle seie Viborg landsting. Her hamna dei jyske sakane som ikkje fall innunder Ribe by og Rådstueretten, sjå Johansen 1991: 43

²¹⁹ Når Rådstueretten behandla fleire saker enn bytinget, så kjem dette av at to saker berre kjapt vart behandla av rådmennene og futen før dei vart avvist på bakgrunn av at begge stamma frå utleggingane til Bodild Harchisdatter, som var å rekne som eit «udedisk menneske» jamført recessen av 1547. Dette gjeld den andre saka mot Else Peders (nr. 24), og den mot Maren Kallis (nr. 25).

²²⁰ Maren Paulsdatter (nr. 9) vart dømd av futen, men her finst ikkje prov på at denne dommen fann stad etter Rådstuerettens vanlege prosedyre. Kven som dømde Karen Larsdatter (nr. 8) finst ikkje kjelder på, men me veit at ho vart brend.

²²¹ Grønlund (1976) meiner at der ikkje finst kjelder på korleis det gjekk med Maren Jelles (nr. 85) ved Herredagen; dette kan ha samband med at ho ikkje finst i Rettartingets tingbok. Jacobsen (1966) finn derimot i Riberhus lensrekneskap at ho vart ført til Herredagen og der frikjend.

Sjølv med eit så lite kjeldemateriale som det her er snakk om syntes det klart at sjansen for å verta dømd reduserast drastisk jo høgare ein kjem i rettssystemet. Ribe fell dermed inn i mønsteret som Johansen finn i Jylland elles. Dersom saka hamna for Rettartinget enda berre éi av dei tre sakene med domfelling. Sjølv med eit så lite kjeldemateriale som det for Ribe by, så ser ein klare tendensar til at sjansen for frifinning auker dess høgare i rettssystemet ein kjem. Ein må dermed konkludere med at recessen av 1547 hadde ein positiv effekt ved å redusere talet på dommar i Ribe by.

3.3.3 Bruk av tortur

Bruk av tortur i trolldomssaker var etablert i dansk-norsk rettsvesen (sjå kapittel to). Dette var ein sjølvsgat del av straffa i Ribe: Her vart den dømde torturert enda dei skulle avrettast. Dette fekk stakkars Anne «Krøbbel» Thomasdotter erfare.²²² Ho synes å ha forsøkt å unngå pinebenken ved beinveges å innrømme skuld, samstundes som ho la ut fleire andre trollfolk. Dette fekk ho likevel ikkje gjennomslag på, og ho vart likevel torturert. Tortur vart nytta i alle saker som er godt kjeldebelagt i Ribe.²²³

3.3.4 Utlekkingar

Ein ser at fleire av sakene i Ribe var ledd av same sakskompleks, altså at det var kopla saman via utleggingar. Jmført recessen av 1547 var utleggingar rettsleg ugyldige og skulle juridisk sett ikkje få følgjer for den utlagde. Ein ser likevel at praksisen var noko annleis: Når ein trolldomsskulda først byrjar å droppe namn på påståtte trollfolk så måtte desse gjerne møte i Rådstueretten og svare for seg. Alm meiner å finne at danske dommarar haldt seg til recessen av 1547, slik at ingen vart dømd direkte på bakgrunn av utleggingar.²²⁴ Johansen peiker på at det likevel var ein risiko kopla til å verte utlagd dersom ein hadde rykte på seg for å drive med trolldom.²²⁵ Det vert dermed relevant å spørje: Førte utleggingar i Ribe til dom?

For å bedømme om 1547-recessen vart følgt i Ribe by har eg sett på utfallet av sakene som involverte utleggingar. Utlekkingar vert gjerne definert som tilståingar avlagte etter dom der den dømde angjev medskuldige.²²⁶ For å gjere ei lang historie kort: 10 av dei 20 sakene

²²² Saksnummer 82

²²³ Unntaket er saksnummer 8 og 9, der rettssakene ikkje er nøye skildra. Sannsynlegvis vart tortur nytta her også

²²⁴ Alm 2000: 135

²²⁵ Johansen 1991: 88

²²⁶ Johansen 1991: 161, note 2; ; sjå også definisjon i Botheim 1999: 141; Tørnsø 1986: 134; denne definisjonen passar for Ribe, der alle utleggingar kom etter domfelling eller innrømming av skuld, men dette vert problematisert for Bergen i neste kapittel.

involverte ei utlegging (sjå tabell 3.6 under); to av desse sakene enda med dom. Var det slik at rettsvesenet ikkje følgde recessen av 1547, eller var der andre aspekt i spel, som førte til at enkelte av utleggingane førte til dom?

Utlekkingar i Ribes trolldomssaker			
Utlegger:	Saksnummer:	Resultat:	
		Frikjend	Dømd
Ingeborg Harchis (i sak nr. 10)	11, 12	11, 12	
Bodild Harchisdatter (i sak nr. 23)	24, 25	24, 25	
Karen Roeds (i sak nr. 56)	57		57
Maren Splids (i sak nr. 81)	82, 84, 85	84, 85	82
Anne «Krøbbel» Thomasdatter (i sak nr. 82)	84, 85, 86, 87	84, 85, 86, 87	

Tabell 3.6: Utlekkingar i Ribes trolldomssaker. Ti trolldomssaker involverte utleggingar, men berre to av dei førte til dom.

3.3.4.1 Johanne Moltisdatter

Johanne Moltisdatter²²⁷ vart lagt ut og dømd i 1620. Utleggjaren var Karen Roeds,²²⁸ som vart dømd i ei sak der Ole Andersen hadde vore vitne. Denne klokkaren hadde same året ført sak mot Birthe Olufsdatter,²²⁹ ei sak der Johanne så vidt hadde vore innom – Då vart det kjend at ho kunne signe. Då Ole fekk høyre Karen tilstå at ho og Johanne hadde utført trolldom saman, så ser han mogleiken til å stevne også Johanne for retten. Ole byggjer på saka han tidlegare hadde ført mot Birthe, og nokre veker etter at denne saka vart avslutta møter Ole nok ein gong i retten med ny sak og nye vitne mot Johanne, som også ender livet med Bål og Brann.

Ser ein her brot på recessen av 1547? Ikkje nødvendigvis: Ole venta nokre veker frå Karen vart brend før han samla inn nye prov. Saka han oppretta var dermed ny, og formelt sett ikkje direkte knytt til utlegginga, trass i at utlegginga medverka til dommen ved å forsterke Johanne sitt trolldomsrykte og ved å gjere klokkaren merksam på henne. Det er altså ein klar sosial kopling mellom utlegginga i saka mot Karen og dommen av Johanne, men juridisk var dette to åtskilde saker. Trolldomssaker oppstod ikkje berre fordi det juridiske systemet *kunne* dømme trollfolk, men fordi sosiale band og gnissingar henta trollfolk inn i for retten: Dersom det var kjend at ein person vart utlagd, så kunne ein ivrig «heksejagar» danne ei ny, «uavhengig», sak. Ein var i alle tilfelle avhengig av at den skulda sitt trolldomsrykte gjorde det mogleg å

²²⁷ Saksnummer 57

²²⁸ Saksnummer 56

²²⁹ Saksnummer 55

finne nok vitne som kunne møte i retten. Dette var tilfellet i saka mot Johanne Moltisdotter, og ho vart derfor dømd. Ein finn døme på det motsette som tyder på at skuldspørsmålet nettopp vert avgjort av den graden vitne er mogleg å oppdrive eller ikkje: Else Peders Mortens²³⁰ vart brakt inn for Rådstueretten ved to høve for å svare mot utleggingar frå dømde trollkvinner.²³¹ Saksøkjær i dette tilfellet var Mads Askov, som ikkje klarte å oppdrive nok vitne til å byggje ei sak. Else vart dermed frikjend. Det same var tilfellet for ei anna kvinne som Bodild Harchisdotter la ut, Karen Kallis.²³² Recessen av 1547 synes dermed å ha vorte overhalden, med førehald om at der fanst eit «smotthol» ved at nye saker kunne opprettast med bakgrunn av mistanken som oppstod ved utleggingar.

3.3.4.2 Anne «Krøbbel» Thomasdotter

Anne «Krøbbel» Thomasdotter²³³ var den første som vart utlagt i sakskomplekset rundt Maren Splids i 1641.²³⁴ Saka mot Anne er noko spesiell, men potensielt særst opplysende: Didrik skreddar, som òg var saksøkar i saka mot Maren Splids, var den som førte saka vidare. Han rakk likevel ikkje å leite opp vitne mot Anne, av di ho innrømte skuldingane tvert og la for tryggleikens skuld til utleggingar mot åtte andre trollfolk (ni, dersom ein tel med at Anne vedkjende at Maren Splids og ho stod i leietog). Fire av desse vert tiltalt, men ingen dømd.²³⁵

Det er usikkert om denne utlegginga hadde ført til dom dersom Anne hadde forsøkt å forsvare seg. Jamført 1600-talets rettssystem var ei innrømming «bevismidlenes dronning», og førte beinveges til dom.²³⁶ Det er sjølvstøtt mogleg at Anne var så klar over sitt eiga dårlege rykte at ho visste at der ville framkomme vitne imot henne, men som nemnd kan innrømminga ha komen i samband med at ho håpa å unngå pinebenken.²³⁷ Dette er støtta opp av at ho kom med såpass mange utleggingar: Det synes å ha vore eit visst press for å leggje ut trollfolk under dette forhøret, noko ein finn i saka mot Bodild Harchisdotter som i 1614 innrømte å ha lagt ut fleire for «[at] ikke blive pint meere i Dag».²³⁸

Det finst prov som tyder på at saka mot Anne mogleikens kunne ha vorte henlagt dersom ho hadde forsøkt å forsvare seg: Då Didrik skreddar byrja å føre sak mot dei som Anne hadde

²³⁰ Saksnummer 11 og 24

²³¹ Desse var Ingeborg Harchis (saksnr. 10) og dotter hennar Bodild Harchisdotter (saksnr. 23)

²³² Saksnummer 25

²³³ Saksnummer 82

²³⁴ Saksnummer 77 og 81

²³⁵ Saksnummer 84, 85, 86, og 87. Dei to siste hamna for Rettartinget, men vart begge frikjend.

²³⁶ Botheim: 118; Levack 2006: 79f.

²³⁷ Grønlund 1976: 128

²³⁸ Saksnummer 23; Grønlund 1973: 47

lagt ut møtte han på utfordringar. Didrik endra historia han hadde nytta for å få Maren Splids dømt, slik at den også inkluderte Maren Jellis,²³⁹ men saka vart underkjend ved rådstueretten fordi «Maren Splids og Krøbbel Annas Bekiendelse kunde ikke ved Magt kiendes»,²⁴⁰ med referanse til recessen av 1547.²⁴¹ Alle skuldingane mot dei Anne la ut vart dermed underkjent av Rådsteretten, av di dei stamma frå eit «udedig menneske». Det er likeeins mogleg at Anne «Krøbbel» Thomasdotter kunne vorte frikjend dersom ho hadde forsøkt å forsvare seg – Det fellande provet var hennar eiga tilståing. Sånn sett var heller ikkje dette eit brot på 1547-recessen.

3.3.4.3 Diskusjon: Utleggingar, heksejagarar, og 1547-recessen

På bakgrunn av dei to sakene ovanfor må ein konkludere med at det ripenske rettssystemet overhaldt recessen av 1547. Saka mot Johanne viser at utleggingar kunne føre til sak på den måten at mistanke kunne føre til nye saker ført av spesielt ivrige «heksejagarar». Skuldspørsmålet vart likevel avgjort av det sosiale miljøet som den skulda var del av: Dersom der ikkje møtte fram nok vitne, enda saka med frifinning. Saka mot Anne er spesiell. Ein kan drøfte, men ikkje prove, om ein skeptisk dommar hadde valt å underkjenne tilståinga, ettersom saka mangla både vitne og ein formell, uhilda saksøklar. I saka der Karen Roeds la ut Johanne var Ole Andersen berre deltakar som vitne, og det er verd å vurdere om saka han førte mot Johanne hadde vorte avvist dersom han hadde stått som saksøklar også i saka mot Karen. Det var trass alt slik det gikk då Didrik skreddar var saksøklar både mot Maren Splids og Maren Jelles. Det syntes å ha vore usikkerheit i saka mot Maren Jelles; saka hennar vart anka til Rettartinget på ordre frå lensherren Jørgen Pedersen. Her vart ho derimot frikjend.

Dei diskuterte sakene var truleg vanskeleg for dei som dømde ved rådstueretten, og truleg har dommarane sett seg nøydd til å tolke lova etter beste evne. Rettssystemet i Ribe synes likevel å ha fungert i takt med fastsette rammer. Mellom anna synes 1547-recessen å ha vorte følgd så godt som råd. Embetsmennene som behandla sakene bevegde seg innanfor rammene av lova, og skuldspørsmålet vart endeleg avgjort av tilgjenget på vitneprov.

²³⁹ Saksnummer 85; Didrik fortalte at han hadde vorte besøkt av fire kvinner om natta. Han kjende berre igjen éi av dei, Maren Splids, som bles nedí munnen hans mens dei andre heldt han fast. Seinare var han blitt sjuk. Då Maren Jelles vart utlagt, kom Didrik på at ho hadde vore ei av dei andre kvinnene.

²⁴⁰ Grønlund 1973: 132

²⁴¹ Saksnummer 85

3.4 Samandrag

Ribe opplevde bolkar av trolldomssakar, og to spesielt store toppar: i tidsrommet mellom 1610-14, og mellom 1637-42. Desse var del av det vanlege mønsteret for prosessar i Ribe, der enkelte private saksøkarar forfølgjer ei rekkje trollfolk over ein kort periode. Dette mønsteret finn ein gjennom heile perioden, også i tidsrommet 1617-25, då Jylland elles opplevde ei valdsam auke i prosessar som følgje av den nye trolldomsforordninga. Det er mogleg at dette skuldast at valdsame prosessar fann stad før trolldomsforordninga vart publisert, eller i ein liknande tråd, fordi Ribe allereie hadde eit etablert system for å hanskas med trolldomslovbrotet slik at forordninga av 1617 dermed ikkje kom som eit sjokk.


Trolldomsskuldingar i Ribe handla nesten utelukkande om skademagi. Slike skuldingar omhandla som regel skadar på folk, og då spesielt av sjukdom. Kjeldene viser at ei relevant trolldomsskulding ofte relaterte til det dominerande levebrødet i det respektive området, slik at Ribe by opplevde større grad av øydelagt handel og sekundærprodukt, mens bygdene elles i Jylland såg fleire skader på primærnæringar og då spesielt buskap. Dei som kom med skuldingar var i alle tilfelle privatpersonar. Ein finn teikn til at personlege interesser kan ha spelt inn som utløyssande årsak til at prosessar oppstod.

Når ei sak hamna for retten, så var sjansen betydeleg større for å verta dømd ved dei lågare rettsinstansane, og Danmark si 1576-lov om automatisk appell i trolldomssaker bidrog klart til å redusere omfanget av dømde saker. Bruk av tortur synes å ha vore ei sjølvfølge ved dom i trolldomssaker og vart nytta i alle dømde saker før avretting. Her var det eit visst press for å leggje ut andre trollfolk, men Ribe synes å ha følgd recessen av 1547, ettersom ingen utleggingar førte direkte til dom. Ofte måtte den utlagde likevel for retten og svare for seg, og dersom Ribe sine «heksejagarar» var spesielt ivrige så kunne slike mistanke føre til oppretting av ny sak. Rettssaker var i alle tilfelle avhengig av at nok vitne dukka opp mot den skulda, eventuelt av at den skulda innrømte skuld.

Kapittel 4 – Bergen

Mellom 1584 og 1683 vart det ført 36 rettssaker med trolldomsinnhald i Bergen, alle mot forskjellige trollfolk. Her var ein ujamn kjønnsfordeling, med 33 kvinner og tre menn. Frå 1580-talet kjenner ein til fleire saker som ikkje alltid er så lett å tidsplassere; mogleikens er saka mot Maren i Haldorsgård²⁴² den tidlegaste, men gode kjelder er ikkje råd å finne før saka mot Anne Pedersdotter Absalons, som vart brend på Nordnes i 1590.²⁴³ Dette er Noregs kanskje best kjende sak, og er behandla i djupna av fleire.²⁴⁴ Den siste saka vart ført mot Anne Knudsdotter,²⁴⁵ som i 1663 vart arrestert og satt i forvaring fordi ho var ein person som «med en deel spøgeri war befunden.»²⁴⁶ Hennar utfall seier ikkje kjeldene noko om. Ettersom dette er den siste saka i denne perioden, ender undersøkinga reelt i 1663.

Dette kapitlet følgjer strukturen til det førre, slik at eg byrjar «breitt» med generelle strukturar i byens trolldomssaker og går via skuldingar, til rettssystemet og eventuelle utleggingar. Bergen opplevde ikkje ein einaste trolldomssak i tidsrommet 1617-25, men hadde derimot ein topp rundt 1590. Denne perioden vert undersøkt meir i djupna.



Tabell 4.1: Trolldomssaker i Bergen 1585-1684 synest i Bergen å vere jamt fordelt, men med enkelte toppar.

²⁴² Saksnummer 669b

²⁴³ Saksnummer 680

²⁴⁴ Sjå mellom anna monografien til Nils Gilje (2003); Anders Bjarne Fossen (1979); saka har òg inspirert eit skodespel titulert *Anne Pedersdotter* av Hans Wiers-Jensen (1908), og ein film med tittelen *Vredens dag* av Carl Theodor Dreyer (1943).

²⁴⁵ Saksnummer 393

²⁴⁶ RK. Byregnskaper, P 49, Sikt og sakefall, Bergen 1649-1680, RA.

4.1 Trendar over tid

Bergen opplevde regelmessige trolldomsprosesser gjennom heile perioden 1584-1683. Det var sjeldan år med berre éi sak men det var heller ikkje mange sambundne prosessar med meir enn tre personar. Hovudmønsteret syntes å vere ein samling saker ein periode.²⁴⁷ Som vist i tabell 4.1, så var sakane fordelt jamt utover perioden, med enkelte opphopingar rundt 1590 og rundt 1630.

4.1.1 Tidsrommet 1617-25

1617 var året då den første dansk-norske lova mot trolldom kom i stand. Som følge av denne fann det stad ei dramatisk auke i trolldomssaker i somme regionar. Knutsen meiner å finne dette på austlandet²⁴⁸ og Willumsen i Nord-Noreg.²⁴⁹ Regionale undersøkingar har ofte forsøkt å plassere sitt område inn i ideen om at det kan vere ein slags kvantitativt målbar reaksjon i trolldomssakar som følge av utgivinga av den såkalla trolldomsforordninga av 1617.²⁵⁰ Bergen opplevde ingen trolldomsprosesser i perioden 1617-25.

4.1.1.1 Ingen heksepanikk i Bergen?

Tabell 4.1 (over) kan verta noko misvisande. Ettersom den er utforma for å samsvare med tabell 3.1 for Ribe i førre kapittel kan oppsettet gje inntrykk av at tida etter 1617 var prega av ei bølge med trolldomsprosessar slik Johansen finn i Jylland og Knutsen finn på Austlandet.²⁵¹ Dette er derimot ikkje tilfellet, og eg har forsøkt å gjere dette klart i tabell 4.2 under.

Det ein ser er at tida både før og etter det notoriske 1617-25-perioden er prega av valdsame trolldomssaker på begge sider. Alle dei til saman sju sakane som fann stad i 1615 og 1627 enda med dødsdom.²⁵² Det er vanskeleg å seie stort om desse sakene hadde spesielle kjenneteikn, av di kjeldene for desse sakene er knappe. Enkelte av sakene er kopla saman: Det kjem fram at Svarte Ravn og Kristi jordmor skal ha øydelagd jernmølla til borgarmeister Søfren Søfrensen «foruden meget andet vondt»,²⁵³ mens Mary Geith var ei trollkvinne som hadde tilsett ei anna trollkvinne for å søkkje eit skip bunden for Holland. Alle om bord omkom, og

²⁴⁷ Berre i ti saker veit ein at der fann stad utleggingar: 376, 376a, 653, 661, 669, 669b, 669c 680, 680b, 680c

²⁴⁸ Knutsen 1998: 35; også omtalt i Hagen 2014: 90

²⁴⁹ Willumsen 2013: 249f.


²⁵⁰ Hagen 2014: 90

²⁵¹ Johansen 1991: 40f.; Knutsen 1998: 35

²⁵² Desse sakene var nummer 651, 651a, 648, 648a, 648b i 1615 (som alle enda med bålstraff), og 653 og 653a i 1627 (som begge enda med halshogging før dei vart lagt på bålet).

²⁵³ Dette er sakene 651 og 651a, sitert i Hofnagels 1868: 191

dei to trollkvinnene vart brend på Nordnes saman med ei tredje kvinne ved namn Gule.²⁵⁴ Hofnagels noterer nøkternt at kvinna som Mary Geith hadde bestilt for å søkkje skipet, «henne drejede fanden halsen om paa i fængselet St. Hans nat.»²⁵⁵



Tabell 4.2: Trolldomssaker i Bergen 1610-1630. Bergen såg fem trolldomssaker i 1615 og to i 1627, men ingen innanfor tidsramma 1617-25, som var ei høgfrekvent tid for trolldomsprosessar i Danmark, på Austlandet, og i Nord-Noreg.

Sakene i 1627 byrja med at ei kvinne vart «halshuggen paa Nordnes og derefter brent».²⁵⁶ Ho hadde før dette lagt ut Wendel på Øvregaten, som vart arrestert og torturert. Det kom fram at Wendel var gravid, og avrettinga vart utsett «indtil hun var forløst med en søn, som blev udsat til bønder». Som utleggjaren sin, vart Wendel halshogd og deretter brend på Nordnes.²⁵⁷

Basert på kjeldene er det klart at det ikkje fann stad noko opprykk i talet på trolldomssaker i perioden 1617-25. I kapittel tre vart det vist korleis Johansen drøftar i kva grad byar vart «tømd» for trollfolk før utgivinga av trolldomsrecessen i 1617. I Bergen fann 23 av dei 36 sakene (63,9 prosent) stad før 1617. Av desse sakene finst ein klar topp: Perioden 1590-94, då det fann stad ni trolldomssaker. Dette er interessant sett i ljøs av at Bergen opererte med

²⁵⁴ Saksnummer 648, 648a, 648b

²⁵⁵ Hofnagels 1868: 182; kva som faktisk hende er ikkje mogleg å finne ut, men det kan ha vore resultat av mishandling under fengslinga hjå futen, «uhell» som førte til at den dømde døydde under tortur, eller rett og slett sjølv-mord.


²⁵⁶ Saksnummer 653; Hofnagels 1868: 191

²⁵⁷ Saksnummer 653a

særs strenge trolldomslover frå og med 1584. Er det mogleg at Bergen hadde sin eigne «1617-topp»?

4.1.1.2 Bergen sin 1617-topp på 1590-talet?

For å rekapitulere kapittel to: lova av 1584 erklærte at alle som praktiserte trolldom skulle «straffes på livet uden al naade.»²⁵⁸ Den gjaldt i utgangspunktet berre for Stavanger og Bergenhus len, men vart landsdekkjande i 1593. Lova formante at lensherrar og futar måtte vere spesielt på utkikk etter signarar; desse *måtte* straffast.²⁵⁹ Det er dermed verd å vurdere om denne lova har hatt ein effekt for å intensivere frekvensen av trolldomssaker i Bergen, spesielt sett i ljøs av at tidsrommet 1588-94 var ei høgfrekvent tid for trolldomssaker i Bergen.



Tabell 4.3: Trolldomssaker i Bergen 1584-1600. Perioden omkring 1588-1594 var ein høgfrekvent periode for trolldomssakar i Bergen.

Fleire av desse sakene var koplå saman, med opptil fire involverte i same sakskompleks: Båe sakene i 1588 var koplå til saka rundt Anne Pedersdotter Absalons, då to kvinner, Maren Jakobsdotter og Gjønette Orkensysk,²⁶⁰ la ut Anne for at dei alle tre hadde tatt del i heksesabbat på Fløyen. Desse utleggingane vart henta inn seint i rettssaka. Enka etter Peder Absalon hadde tidlegare lagt ut Anna Snidkers Gjertsdotter, som likevel vart frikjend; då Anna Snidkers låg på

²⁵⁸ Næss 1984: 107

²⁵⁹ Alm 2001: 19

²⁶⁰ Saksnummer 680b og 680c

dødsleiet skulda ho på at Anne hadde forgjort henne med sjukdom.²⁶¹ Anne Pedersdotter vart brend etter ei skandalefylt rettssak.

Kopla saman var òg sakene til Effi «skottekvinne» og kvinna som berre står oppført i kjeldene som «hennes mor».²⁶² Dei to var stevna for retten av ein borgar, Peter Skullt, for at dei var «töffuersker».²⁶³ Båe partane vart bedne om å møte i byfutens hus med sine vitnesbyrd og returnere til rådhuset dersom dei ikkje vart einig. Korleis dette enda finst ikkje kjelder på.

Dei siste fire sakene sentrerte rundt Oluf Gausdal,²⁶⁴ som sat fengsla i to år etter at han vart lagt ut av Maren i Haldorsgård og Mumpe-Gudrun.²⁶⁵ Desse nemnde òg Maren Robertsdotter,²⁶⁶ som var kona til biskop Anders Foss. Saka er sterkt prega av biskop Foss sin kamp for å underminere Oluf sine skuldingar som sladder. Eit interessant trekk er at biskopen forsøkte å frikjenne kona si ved å vise til «Ordinansen», altså Recessen av 1547:

[...] Och dersom hannd [lensherre Peder Thott] wilde hanndhaffuit och forsuarrit hannom ephter Ordinantzenn wdi huilchen Bispenn nu opleste nogle artikler, om samme saig, Da haffde M. Anders oc hanns höstru icke thill stor Omkost oc Skade hafft behouff att giöre disse lange reigser till Danmarck som skeedt er [...]²⁶⁷

Lensherren aksepterte altså ikkje 1547-recessen som frikjenning av Maren i seg sjølv, og Biskopen måtte til København for å få brev frå kongen om at Maren skulle vernast for skuldingane. Saka enda likevel ikkje her: Lensherren gav seg ikkje. Biskopen måtte derfor ty til retorikk for å kjempe kona si sak i retten. Her peika han på hól i forklaringa til Oluf som han meinte var prov på at trollmannen laug. Oluf sjølv sat fengsla i to år mens saka gjekk føre seg. Til slutt kom saka opp i overlagretten, der Oluf vart dømd skuldig og avretta. Maren vart sannsynligvis frikjend.²⁶⁸

Til sist var der i 1594 tre enkelståande sakar: Dilis Rønke hamna stadig i krangel med møllaren si kone, Berit, etter å ha klaga på prisen på maling av korn. Ei kvinne ved namn Helga Olsdotter vitna dessutan, at Dilis drap mannen og sonen hennar fordi førnemnde husbond aldri betalte Dilis for all ølen han hadde drukke hos henne.²⁶⁹ Dilis vart dømd til å reinske seg ved eid, men då ho ikkje klarte dette vart ho nøydd til å rømme frå byen og aldri komme attende.

²⁶¹ Desse sakane har nummer 680 og 680a

²⁶² Saksnummer 691 og 691a

²⁶³ Saksnummer 691 og 691a; *töffuersker* knytt til det gamalnorske verbet *töffre* eller *tauvre*; å fortrolle.

²⁶⁴ Saksnummer 669

²⁶⁵ Saksnummer 669b og 669c, respektivt.

²⁶⁶ Saksnummer 669a

²⁶⁷ Saksnummer 669a; Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger 1852: 223

²⁶⁸ Sjø Botheim 1999: 166

²⁶⁹ Saksnummer 673

Verre gjekk det med Johanne Jensdotter Flamske, som skulle ha drive med signing og lesing.²⁷⁰ Fleire vitna om at dei hadde vorte sjuke etter å ha krangla med Johanne, og på eit tidspunkt skal ho ha gløymd korleis å be Fadervår og måtte lære seg denne på nytt. Ho vart brend på Nordnes. Likeeins gjekk det med Anne Knudsdotter, som tidlegare hadde vorte bortvist frå Stavanger for å drive med signing, med streng beskjed om aldri å drive med dette igjen. Då ho tok dette opp att i Bergen, så vart ho brend på Nordnes.²⁷¹ Det er interessant at det vart så ulike utfall for saker som på mange måtar kan stå fram som like alvorlege, samt at den tilsynelatande mest alvorlege saka fekk ei mildare dom. Kvifor vart Dillis, som vart skulda for drap, dømd til forvising; mens Johanne, som hadde forgjort nokon med sjukdom og nytta signing, vart dømd til døden? Svaret kan liggje i kva lovar som vart nytta til dom.

4.1.1.3 Kva lovar låg til grunn for dom på 1590-talet?

Det er dermed klart at Bergen såg ei stor mengd trolldomssaker på 1590-talet. Av dei 13 sakene i denne perioden veit ein med sikkerheit at ni enda med dom.²⁷² Fem av desse inneheld detaljar om kva lovar som låg til grunn for domsavseiing. Av desse vart berre to dømd med referanse til lova av 1584/93: Johanne Jensdotter Flamske vart dømd med referanse til Christian IV sitt kongsbrev av 1593, mens Anne Knudsdotter vart dømd etter både dette brevet og det som kong Fredrik II sendte til biskop Jørgen Eriksson i 1584. Begge desse breva kravde dødsstraff for bruk av trolldom, og det er mogleg at dette forklarar kvifor straffa vart strengare i desse to sakene, samanlikna med den til Dillis Rønke same året.

I saka mot Dillis skildrar rådhusprotokollen korleis rådmennene drøftar kva for ei lov som best burde nyttast for å dømme henne. Her søkte retten i «Gulatinngs Loug»²⁷³ for å finne passande prosess og dom. Svara fann dei i landslovens Mannhelgebolk, samt i ein artikkel frå «den gammell Christennrett».²⁷⁴ Sistnemnde var avgjerande for måten dei valde å gå fram og til slutt dømde Dillis: Der Mannhelgebolken ser bruk av trolldom som ubotamål, krev Kristenretten berre at syndaren vert forvist. At Dillis ikkje hamna på bålet slik dei to andre trollkvinnene vart – sjølv om dei alle var dømd same året – kan skuldast at retten valde å nytte Kristenretten som heimsel for dommen.

²⁷⁰ Saksnummer 674; «lesing» gjekk ut på å tolke teikn for å spå eller for å finne ting som var missta. Ein snekker bad mellom anna Johanne om å finne ut kven som hadde stole reiskapane hans.

²⁷¹ Saksnummer 676

²⁷² Saksnummer 680, 669, 673, 674, og 676

²⁷³ I denne konteksten betyr denne «lova ved Gulatinget» heller enn sjølve Gulatingslova. «Gulatings loug» inneber altså både Gulatingslova og Magnus lagabøtes landslov.

²⁷⁴ Saksnummer 673; Det synes her som at retten har søkt både i den eldre Gulatingslova og dei trolldomsrelaterte delane som vart overført til Landslova.

Ein kan stille spørsmål ved kva som låg til grunn for val og tolking av lovar i denne perioden. Som nemnd peiker Næss på at Kristenretten vart nytta der ein mangla lovheimel for trolldomssaker. Dette synspunktet er interessant i Bergen sitt tilfelle: Var det slik at byens beste menn ikkje kjende til lova av 1584/93, og at søken etter lovheimel i saka mot Dillis Rønke førte til oppdaginga av dei to kongebreva? Sakene før 1594 viser ingen teikn til at desse breva i det heile eksisterer: Oluf Gausdal vart i 1592 dømd med referanse i at «[...] Norgis Laug oc den gammell Christenn rett formeller att saadanne Troldfolk bör att döo for deris misgierninger [...]».²⁷⁵ Som nemnd tillegger kristenretten berre forvising for trolldomssaker, så retten må i Oluf sitt tilfelle lagt hovudvekta på Landslova, for dermed å dømme han til døden. Dei same lovane og det same utfallet finn ein i saka mot Anne Pedersdotter.²⁷⁶ Her vert diskusjonen rundt lovheimel for trolldomssaker desto meir forvirrande. Saka mot Anne fann stad i 1590 og enda i dødsdom; futen Melzouw og lensherre Peder Thott var til stades i alle sakene på 1590-talet: Kvifor gjekk ein attende frå tolkinga av lovane ein hadde nytta mot Anne i 1590? Her er det sjølv sagt mogleg at den overveldande tilkomsten av vitneprov fjerna all tvil om at Anne var skuldig i vond trolldom, eller at andre høve førte til ein iver for å dømme henne.²⁷⁷

For å trekkje tråden attende til kongsbreva av 1584/93, så er ei alternativ forklaring at juristane i Bergen endra tolking av kongsbreva i 1594. Kanskje var det slik at dei tidlegare ikkje hadde sett på kongsbreva som lovar i seg sjølve, men som ei oppmoding til å rettsforfølge trollfolk utan at breva sjølve gav heimsel for dom. Dersom ein følgjer dette resonnementet kan ein forstå at retten måtte tenke seg om før dei tok avgjerda om lovgrunnlaget for å dømme Dillis Rønke. Dette synest for meg den einaste forklaringa som kan vise til ein samband mellom publiseringa av lova i 1584 og ei auke i trolldomsprosessar. Dersom det var kjent at kongen ynskte forfølging av trollfolk, så må ein rekne med at dette var eit sterkt insentiv for å føre slike saker. Dermed ein ikkje tolka breva som heimsel i seg sjølv, så måtte ein på leit etter lovar som gav dekning for dette.

Eit alternativ forklaring på toppen i saker kan vere at saka mot Anne Pedersdotter skapte ringverknadar: Johansen finn i Jylland at trolldomssaker minner folk på eksistensen av trollfolk, slik at fleire saker oppstår.²⁷⁸ Saka mot Anne involverte i underkant av 90 menneske, skapte offentleg rabalder mens den gjekk føre seg og førte til splitting innanfor det geistlege miljøet sjølv etter at den var ferdig.²⁷⁹ Under slike omstende er det ikkje umogleg at folk vart merksam

²⁷⁵ Norske Samlinger, bind 1, 1852: 231

²⁷⁶ Saksnummer 680

²⁷⁷ Sjø Gilje (2003) sin monografi, *Heksen og humanisten* for ein djuptgåande studie av denne saka.

²⁷⁸ Johansen 1991: 51

²⁷⁹ Gilje 2003: 68f.

på at trollfolk kunne finnast iblant dei. Dette er derimot ikkje mogleg å finne prov på i mitt kjeldemateriale..

4.1.1.4 Konklusjon: tidsrommet 1588-94

For å ta opp att spørsmålet: Var der ein korrelasjon mellom den særnorske trolldomslova av 1584/93 og toppen av trolldomssakar i Bergen på 1590-talet? Dette kan vanskelig bevisast. Mens det ikkje er tvil om at denne toppen fann stad, så finn ein prov på at lovene av 1584/93 ikkje vart nytta som heimel på dom før dei to siste sakane i 1594. Det er likevel mogleg at breva kan ha fungert som insentiv for å føre fleire trolldomssaker, men utan at dei vart rekna som lovheimel i seg sjølve. Dette finst derimot ikkje sikkert prov for.

Det eg derimot finn i drøftinga over, er at det syntes å ha vore ein noko ustabil samband mellom lovar og rettshandheving i Bergen. Juristar var her seine med å adoptere nye lovendingar, og valte å lene seg på mellomalderens lovar – Dette trass i at enkelte av desse ikkje lenger var gyldige. Desse juristane synes ikkje å ha vore einig med seg sjølve om kva for ei av mellomalderens lovar som best burde nyttast i trolldomssakar. Ein får eit bilete av at lov og rett var vaklande i Bergen sine trolldomssakar på tampen av det 16. hundreår; rettssystemet var, slik Alm peiker på, «umodent».²⁸⁰

4.2 Kva type trolldom vart nytta i Bergen by?

Som vist til i førre kapittel handla dei fleste trolldomssakane i Danmark-Noreg om skademagi; det var primært desse som førte til retts saker. Botheim finn 33 *maleficium*-sakar i Bergenhus len,²⁸¹ men interessant nok finn ho òg 41 saker som handlar om signing.²⁸² Berre 29 av sakane hennar manglar innhald om kva typa trolldom det var snakk om. Botheim finn heile 34 «reine» signesaker; dei fleste av dei på bygda.²⁸³

I mitt materiale finn eg at *maleficium* kjem fram i åtte av sakene,²⁸⁴ mens signing dukkar opp i fire.²⁸⁵ I to av desse sakene er signing det einaste ein kjenner til: Svarte-Hans skal ha kurert ein skomakardreng ved namn Mons, «som var tosset og fra viddet,»²⁸⁶ og då Peder

²⁸⁰ Alm 2000: 141

²⁸¹ Botheim 1999: 96

²⁸² Botheim 1999: 96

²⁸³ Botheim 1999: 97

²⁸⁴ Saksnummer 376a, 669, 673, 674, 676, 648b, 680, 689

²⁸⁵ Saksnummer 373, 657, 674, 676

²⁸⁶ Saksnummer 657; Hofnagels 1868:199; merk at Botheim synest å ha utelete denne saka frå sitt materiale.

Dette er mogleikens av di, mens den einaste trolldommen ein kjenner til at Svarte-Hans kjende til var signing, så synes det klart at han var dømd for eit alvorleg lovbrøt.

Dragers kone vart bøtelagt «for hun huszede enn quinde nogle ugger som kunde med nogenn signelszer».²⁸⁷ Antydning til diabolisme finn eg i fire saker, der det vert nemnd at dei involverte kvinnene skal ha delteke på heksesabbat anten på Lyderhorn eller på Fløyen. Merk at i tre av tilfella kjem desse skuldingane som ledd av utleggingar heller enn som vitneprov.²⁸⁸ Det er store mørketal i mitt materiale: 27 av dei 36 sakene manglar informasjon om trolldommens innhald.

4.2.1 Kven vart ramma

På bygda på vel som på landet var det i hovudsak menneske som vart råka av trolldom. Botheim finn 31 tilfelle av sjukdom og/eller galskap, og 11 tilfelle av død.²⁸⁹ Når det gjeld dyr, så finn Botheim berre åtte saker der dyr vart råka av trolldom i Bergenhus len. Ho skil ikkje mellom sjukdom og død i denne statistikken, men nemner at dei fleste av dei var kyr.²⁹⁰

Typar trolldom i Bergenhus len	
Type trolldom	Frekvens
Sjukdom/galskap på menneske	31
Død på menneske	11
Sum, menneske ramma av trolldom	42
Sjukdom og død på dyr	8
Sum, dyr ramma av trolldom	8
Værmagi/skipsforlis	8 (1)
Tap av lykke/produksjonstap	9
Brann	2 (1)
Sum, erverv og næring	21

Typar trolldom i Bergen by	
Type trolldom	Frekvens
Sjukdom/galskap på menneske	6
Død på menneske	3
Sum, menneske ramma av trolldom	9
Sjuk ku	1
Sum, dyr ramma av trolldom	1
Skipsforlis	2 (1)
Tap av lykke/produksjonstap	2
Brann	(1)
Sum, erverv og næring	5

Tabell 4.4: Type trolldom i vitneprov i Bergenhus len og 4.5: kor mange av desse fann stad i Bergen by. Tala i parentes viser til sak 680, der Anne Pedersdotter skal ha planlagt å utføre vonde handlingar.

²⁸⁷ Saksnummer 373; *Rentekammerets byrekneskap for Bergen by*, pk. 45, Sikt og sakefall 1606-1616

²⁸⁸ Tre av desse sakene handla om Anne Pedersdotter. Eit vitne sa at ho hadde ridd henne som ein hest for å ta del i heksesabbat på Fløyen i saksnummer 680. To tidlegare dømde trollkvinner hadde lagt Anne ut for noko liknande i saksnummer 680b og 680c. Det siste tilfellet var då Olaf Gausdal la ut Maren Robertsdotter, og meinte at ho hadde tatt del i ein sabatt på Lyderhorn i saksnummer 669a.

²⁸⁹ Botheim 1999: 102ff.

²⁹⁰ Botheim 1999: 104; merk at Botheim hevdar at ingen kyr vart nemnd i rettssaker i byen, mens eg likevel finn vitneutsegn som fortel at Anne Pedersdotter (saksnummer 680) var skuld i å gjere nokre kyr sjuke.

I mitt talmateriale finn eg liknande mønster: Her florerer skuldingane om at trollfolket har påført sjukdom, galskap, skade, og død. Som vist til over, innebar åtte av sakene mine skademagi. Her er ei overvekt av sjukdom, som vedgår fem av sakane. Ein finn deretter tre sakar der menneske har dødd som følge av trolldom; dette hende gjerne i forbindelse med sjukdom. Berre i eitt tilfelle finn eg at dyr vart råka av trolldom i Bergen by; det var i saka mot Anne Pedersdotter, som skal ha gjort kua til Sjur Thorkildsson sjuk.²⁹¹ Det er dermed ikkje eit spørsmål om kven som i hovudsak vart råka av trolldom: Det var menneske. I tillegg til sjukdom og død finn ein fem tilfelle der næring og handel vart råka i form av øydelagd brygging, tapt lykke i handel, og tre tilfelle der skip har søkke.²⁹² Sistnemnde synest passande for Bergen by, som var eit neksus for handel både med Nord-Noreg og Europa elles.²⁹³

4.2.2 Konklusjon: Trolldom i by og land i Bergenhus len

Trolldomsskuldingar i Bergen handla i hovudsak om skademagi, men Bergen opplevde òg mange sakar som omhandla signing – Fleire saker omhandla faktisk berre signing. Skader på menneske briljerer statistikken, og det var spesielt sjukdom som råka folk. Elles ser ein at trolldom i mange tilfelle synes kopla til folk sitt levebrød: Byens handel vart ofte råka, og vond trolldom forårsaka stadige skipsforlis. Det er interessant at brann også dukkar opp i Bergen. Var dette ein frykt som stod spesielt for folk i ein by som ved fleire høve vart råka av enorme brannar?

4.3 Lov og rett

Alm skildrar Noreg sitt rettssystem som «umodent».²⁹⁴ Det er dette biletet eg sit att med etter å ha sett nærare på Bergen sitt rettssystem. Usikkerhet rådde om kva lover som best appellerte til det åndelege brotsverket som no for fullt trødde inn i norske tinghus. Det var ofte uklarthet rundt korleis og kven som skulle stå for dom, og relativt mange saker enda med domfelling.

4.3.1 Skuldingar: kven rettsforfølgde?

Bergen skil seg noko ut frå det nordiske mønsteret for rettsforfølging av trolldomssaker: Jamført det akkusatoriske rettssystemet (sjå kapittel 2.1) var det vanleg at privatpersonar stod som

²⁹¹ Saksnummer 680

²⁹² Eit ukjend antal personar drukna i desse forlisa; dette kjem ikkje fram i statistikken over død ved trolldom.

²⁹³ Botheim 1999: 16; Fossen 1979: ??

²⁹⁴ Alm 2000: 141

saksøkjarar når det vart reist sak.²⁹⁵ I Bergen ser ein derimot at offentlege tenestemenn stod som saksøkjar i dei aller fleste tilfella. Dette kan vere av ymse grunnar: Knutsen peiker på at futen gjerne førte sakar på vegne av private av di dette verna privatpersonar mot motsøksmål der saksøkaren kunne risikere å måtte betale bøter dersom saka vart underkjent i retten. Futen førte dessutan sakar på vegne av dei som var for fattige til sjølv å rettsforfølgje, der ingen ville stå som saksøkjar, eller på bakgrunn av utleggingar og bygderykte.²⁹⁶ Botheim finn at for heile Bergenhus len står offentlege tenestemenn som saksøkjar i 71 av dei 119 sakene ho undersøker; dette utgjer 60 prosent.²⁹⁷ Ho finn berre 13 saker (11 prosent) der private står som saksøkjarar.²⁹⁸ Ein ser her ein klar trend.

I mitt materiale for Bergen by, finn eg at det offentlege stod som saksøkjar i 11 av sakene, mens private stod som saksøkjar i tre av dei. No er diverre kjeldesituasjonen sånn at der ikkje er mogleg å fastsetje saksøkjar i 22 av sakene (61,1 prosent). Den same trenden er likevel synleg: Det offentlege står som den primære saksøkjar i trolldomssakar. I enkelte saker ser ein at futen er særst aktiv i å søke opp vitne og skape dom. Eit godt døme er saka mot Anne Pedersdotter.²⁹⁹ Futen, Claus Melzouw, fann ei enorm mengde vitne, og han agerer til og med på rykte om trolldom, som han nyttar både som prov på skuld og for å hente inn nye vitne.

4.3.1.1 Den bergenske heksekommisjonen?

Det er klart at rettssystemet i Bergen var umodent: Det var nok å ha rykte på seg for å hamne i retten for trolldom, slik ein ser i saka mot Dillis Rønke der fut Claus Melzouw undersøker eit rykte på det offentlege sitt initiativ.³⁰⁰ At det offentlege sjølv tar initiativ til å saksøke på denne måten er spesielt, ettersom det minner meir om ein inkvisitorisk rettsprosess. Som vist i saka mot Oluf Gausdal vart heller ikkje recessen av 1547 overhalden,³⁰¹ slik at rettstryggleiken til den skulda vart redusert sett i forhold til rettssystemet. Futen og lensmannen hadde altså stort spelerom, og dei følgde saka frå tiltale til dom: I saka mot Maren Robertsdotter ser ein døme på at lensherren vel å ignorere 1547-recessen til fordel for å rettsforfølgje Maren vidare.³⁰² I

²⁹⁵ Dette var også det vanlege mønsteret i Noreg; sjå Knutsen 1998: 52

²⁹⁶ Botheim 1999: 72; Knutsen 1998: 52

²⁹⁷ Botheim 1999: 72f.; innanfor desse tala har ho òg plassert saker der private og offentlege tenestemenn går sams om å saksøkje.

²⁹⁸ Botheim 1999: 72; I Botheim sitt materiale står 29% av sakene med ukjend saksøkjar.

²⁹⁹ Saksnummer 680

³⁰⁰ Saksnummer 673

³⁰¹ Saksnummer 669

³⁰² Dette var saksnummer 669a; Botheim finn dessutan at 20 av sakene ho behandla vart sett i gong utelukkande på bakgrunn av utleggingar. Botheim 1999: 90

ljøs av si offentlege rolle hadde enkeltpersonar altså mykje påverknadsmakt i trolldomssakenes gang. I ein slik situasjon kan vegen til staken verke kortare, og sjansen for dom større.³⁰³

Ein kan stille spørsmål ved i kva grad rettsprosessen haldt seg innanfor rammene fastslått av loven. Dømet over viser tilfelle der recessen av 1547 openlyst vart ignorert, og eg har tidlegare vist korleis Bergen sine juristar vakla mellom lovane. Ein kan spørje om dette berre skuldast inkompetanse eller om det òg opna for eigenrådigheit i trolldomssaker: Kunne dommarane til dømes velje fritt kva prov dei meinte måtte til for å få den tiltala dømd. Var der dømesvis alltid tilstrekkeleg vitneprov eller ei tilståing der det òg kjem fram domfelling, eller vart skuldspørsmålet avgjort på bakgrunn av embetsmennene sine *a priori* resonnement? Alm finn at norske aktørar ofte stod friare til å tolke lovsystemet, ettersom dei opplevde mindre kontroll frå høgare hald.³⁰⁴ Ein ser i Bergen konturane av sjølvstendige «heksekommissjonar» slik Dillinger finn i Tyskland, Amerika, Sverige, og Skottland.³⁰⁵ Slike kommissjonar opererte gjerne som «lukka system», med si eiga tolking av rettssystemet, og det var særse effektive til å starte og gjennomføre trolldomsprosessar, nettopp av di styresmaktene ikkje haldt kontroll med at dei haldt seg innanfor lov- og rettssystemet.³⁰⁶ Samstundes kunne det å føre trolldomssakar føre med seg gevinstar også for politikarar,³⁰⁷ og som vist i kapittel to var Bergens embetsmenn ein samansveist gjeng der skrivarar, futar, og rådmenn omgjekk kvarandre tett og gjerne var i slekt. Igjen ser ein at kjeldesituasjonen hindrar ei djuptgåande analyse av graden sjølvstende som dei offentlege tenestemennene viste i domsavsigelse i Bergen. Det finst derimot prov for at større grad av kontroll vart ført med norske embetsmenn i løpet av 1600-talet. Då Birgitte Ruus, kona til byfut Laurits Markvardsen, vart lagt ut for trolldom i 1632, så flykta ekteparet frå byen for å unngå rettssaken.³⁰⁸ Då kom det derimot eit kongebrev til lensherre Jens Juel, som beordra ekteparet attende i byen for å få saka til Birgitte prøvd hjå lagmannen. Saka til Birgitte vart etter kvart frikjend ved Herredagen, mellom anna fordi Markvardsen peikte på at utlegginga mot hans kone hadde funne stad under ulovleg tortur. På den eine sida viser det siste punktet at trolldomssaker enno ikkje vart ført heilt i takt med lovsystemet så seint som 1632; på den andre sida syner kongens ordre om å stille futens kone for retten at embetsmenn no var subjekt for lova, og at kongen var villig til å halde dei ansvarleg jamført rikets lover. Om denne

³⁰³ Dillinger 2013: 542; Alm 2000: 139

³⁰⁴ Alm 2000: 139

³⁰⁵ Dillinger 2013: 532ff., 535f.

³⁰⁶ Dillinger 2013: 539

³⁰⁷ Enkelte tyske byar såg aukte mengder prosesser i samband med politiske val ifølge Dillinger 2013: 544; Enkelte stader kan jakt på trollfolk ha fungert som ein «meritterande handling», og ein finn samband mellom auke i prosessar og tilsetjing av nye lensherrar, sjå til dømes Lilienskiold 1998: 46; og Willumsen 2013: 247f.

³⁰⁸ Saksnummer 376b

saka er representativ for graden av kontroll kongemakta forsøkte å utøve over embetsmenn er vanskelig å seie. Verd å nemne er nemlig at Markvardsen mogleikens hadde stukke seg spesielt godt fram, ettersom han tidlegare hadde vorte stilt for retten og attpåtil forsøkt dødsdømd for å nytte stillinga si som fut til å drive utbytting av bøndene.³⁰⁹ Det heile passer i alle fall inn i mønsteret Imsen finn om at 1620- og 30-åra var sterkt prega av kongemaktas aktivitet for å føre oppsyn og følgje opp mistanke om eventuelle forsømmingar eller overtramp begått av norske embetsmenn.³¹⁰ Spørsmålet om kva implikasjonar dette kan ha hatt for spørsmålet om kongens sentraliseringsprosess i Bergen vert likevel diskutert i kapittel fem. For no er det nok å seie at offentlege tenestemenn syntes å ha hatt stor råderett i trolldomssaker i Bergen.

4.3.2 Rettsinstansane; dom

Som vist i kapittel to opererte Noreg med noko annleis lovar enn Danmark. Recessen av 1576 gjaldt ikkje i Noreg, slik at trolldomssaker som regel berre var innom éin rettsinstans. Eg viste òg i kapittel 2.1.5 at forskarar meiner lagmannens innblanding i underrettane kunne ha bidrege til å svekke den skulda sin rettstryggleik ved å redusere mogleiken til å anke. Slik instansblanding er vanskeleg å finne prov på i Bergen grunna kjeldesituasjonen; det er faktisk uråd å seie sikkert kva for ein rettsinstans som til ei kvar tid behandla sakene. Basert på rutinar kan ein anta at dei fleste saker hamna for Rådstueretten, men dette er umogleg å avgjere i dei fleste sakane.³¹¹ Retten dømde i alle fall strengt: I mine saker enda 25 av dei 36 trolldomssakane i dom. Dette utgjer ein 69,4 prosent sjanse for å verta dømd. På landsbasis ligg denne sjansen på omtrent 50 prosent.³¹² Ein finn dermed at sjansen for å verta dømd var høg i Bergen by.

I Bergen finn ein òg andre straffar enn berre dødsstraff. Som vist vart Dilis Rønke³¹³ dømt til å forlate byen, mogleikens av di ho vart dømd etter kristenretten, mens to andre kvinner vart dømd til å betale bot.³¹⁴ I det eine tilfellet, mot Peder Dragars kone i 1608, er kjeldene klar på at den dømde berre var medvitar til signing.³¹⁵ Det hadde vore interessant å vite kva som låg bak den siste pengestraffa, men dette er ikkje kjeldene klare på.

³⁰⁹ Norske Rigs-registranter, Bd. 4: 583ff., 605, 613f.; futen fekk ved dette høvet venner og slekt til å kjøpe han fri for 4000 riksdaler

³¹⁰ Imsen 1982: 135, 142

³¹¹ Dette kjem av at mange dommar er kjend berre frå dagbøker eller gjennom andre saker, slik at detaljane om saka er tapt. Sjå Botheim 1999: 183f.

³¹² Hagen peiker på frikjenning var nesten like vanlig som dom på europeisk basis, og at «berre» omtrent 300 av 750 kjende norske trolldomssaker enda i dødsdom, sjå Hagen 2011: 25, 87

³¹³ Saksnummer 673

³¹⁴ Dette var i sakene 373 og 893.

³¹⁵ Saksnummer 373

Utfall av trolldomssaker i Bergen by		
Dømd	Frikjend	Ukjend
25	6	5
69,4%	16,7%	13,9%

Tabell 4.6: Fordeling av dom og frikjening i Bergen by. Sjansen for å verta dømd var høg.

Den mest utbreidde forma for straff var likevel dødsdom. I takt med sedvane var det først og fremst bålstraff som vart nytta for avretting. I Bergen nytta ein som regel stigemetoden, der den dømde vart bunde fast til ein stige som så vart tippa inn i bålet.³¹⁶ I dødsbuet etter Herluffs Anne Christensdotter finn ein at futen har ført opp utgiftene for både ved og stige, samt «enn mand som hialp Anders wædenn op».³¹⁷ Frå same dødsbu kom òg betalinga som bøddelen fekk for å ha «Ragnhild affliffuen med suerdett».³¹⁸ Ragnhild var tenestejenta til Herluffs Anne, og er ei av dei få som vart halshoggen. I to andre tilfelle finn eg at den dømde vart halshoggen,³¹⁹ men då spesifiserer kjeldene at kroppen òg vart brend i ettertid.

4.3.3 Tortur

Som vist i kapittel to var det ikkje uvanleg å nytte tortur i trolldomssaker. I førre kapittel viste eg at den dømde hamna på pinebenken enda dei seinare skulle brennast. Dette finn ein derimot ikkje så ofte i Bergen. Botheim finn berre ti saker i Bergenhus der det er sikkert at tortur vart nytta.³²⁰ I mitt materiale finn eg fem av dei.³²¹ Dette utgjer 15,6 prosent av kjeldematerialet.

Ved første augnekast kan det virke som tortur vart nytta «sjeldan» i Bergen, men dette stemmer ikkje heilt dersom ein ser det jamført dei norske høva: Botheim sine ti saker svarer til åtte prosent av sakane.³²² Tilsvarande finn Knutsen for Austlandet at tortur vart nytta i åtte prosent av sakane.³²³ Nord-Noreg er unntaket: Stave finn i Vardøhus len at 29,7 prosent av dei tiltala vart torturert.³²⁴ Næss finn likevel på landsbasis at trolldomstiltalte i Noreg vart torturert i «berre» fem prosent av sakane.³²⁵ Bruk av tortur var dermed unntaket i Noreg generelt, og med unntak av Finnmark synes tala for Bergen relativt sett høge. Eg finn fleire godt

³¹⁶ Botheim 1999: 174

³¹⁷ Saksnummer 376; Rentekammerets lensregneskaper Bergenhus len 1632-33: 51

³¹⁸ Saksnummer 376a; Rentekammerets lensregneskaper Bergenhus len 1632-33: 51

³¹⁹ Saksnummer 653 og 653a

³²⁰ Botheim 1999: 124f.

³²¹ Saksnummer 376, 376a, 653a, 661, 674

³²² Botheim 1999: 125

³²³ Knutsen 1998: 124

³²⁴ Stave 2012: 69

³²⁵ Næss 1981: 208, 211

dokumenterte trolldomssaker der tortur *ikkje* vart nytta, men dei aller fleste kjeldene er for dårlege til at ein kan danne eit fullstendig bilete av omfanget. Det synes likevel som at ein såg den offentlege avrettinga som straff nok i Bergen, utan at den dømde skulle måtte lide tortur i tillegg – Dette synes å vere trenden på landsbasis. Jamført denne statistikken synes Bergen å ha nytta tortur noko oftare enn elles i landet, men det er ikkje sikkert at dette er samanliknbart ettersom kjeldetilfanget mitt er så lite.

Tortur er eit diffust omgrep, og kan vere vanskeleg å få fatt på i kjeldene. Botheim drøfter tilfelle der det *truleg* har vorte nytta tortur, til dømes der den tiltala trekkjer attende ei tilståing for så å tilstå på nytt, der den tiltala utla medskuldige etter dom, og der den tiltala døydde i fengslet.³²⁶ Stave peiker dessutan på at bruken av tortur ikkje nødvendigvis vart nemnd i referata, ettersom ein kjende til at dette var ulovleg før dom.³²⁷ Dermed kan det reelle talet på torturerte kan ha vore høgare. I tillegg kan ein spørje: Kva var tortur? Recessen av 1547 forbod tortur før dødsdom var avsaugt, men Knutsen peiker på at det er «uheldig om historikeren uten videre godtar 1600-tallets lovgivnings definisjon av tortur».³²⁸ «Tortur» på den tida refererte til ein direkte fysisk handling, gjerne utført av ein bøddel som visste å nytte reiskapar for å påføre smerte; ei slik definisjon utelet det Knutsen femner innanfor sitt «utvida torturomgrep», der han inkluderer indirekte formar for tortur som til dømes søvnrøving, fysisk utmatting, psykisk press, langvarig forhør som kunne gå over fleire dagar, og utsvelting.³²⁹ Innanfor denne definisjonen fell òg såkalla «prøvingar» som ein nytta for å avgjere om den tiltala var ei/n trollkvinne /-mann eller ikkje.³³⁰ Eit døme på dette er *vassprøva*, der den mistenkte var kasta i eit vatn for å sjå om vedkommande flaut. Denne forma for prøving hadde ikkje lovheimel i Noreg, men vart likevel nytta i 23 tilfelle.³³¹ Eitt av desse finn ein i kjeldene frå Bergen by, då ei trollkone vart «udkastet udi et Vand og ganske ilde og utilbørligen medfaret».³³² Ei slik prøve var ikkje å rekne som tortur, men som indisium på skuld.³³³ At kjeldene ikkje seier noko om tortur utelét ikkje at den skulda vart harselert i arresten. Jamført lovas definisjon av tortur kan ein til og med ha tvinga fram tilståingar utan teknisk sett å ha forbrote seg på 1547-recessen. Basert på det landsdekkjande nivået av torturbruk kan ein sannsynligvis konkludere med at ein sjeldnare nytta «formell» tortur i Bergen enn i Ribe, utan at ein kan seie noko heilt sikkert om forholdet.

³²⁶ Botheim 1999: 125; desse tilfella er utelatne i både mitt og Botheim sitt materiale, då det manglar positivt prov på at tortur vart nytta.

³²⁷ Stave 2012: 53, 69

³²⁸ Knutsen 1998: 58

³²⁹ Knutsen 1998: 58

³³⁰ Botheim 1999: 126

³³¹ Knutsen 1998: 56

³³² Saksnummer 661; NRR, bind 4: 149

³³³ Botheim 1999: 126

Eit område for vidare forskning kan vere å undersøke om der var særpreg ved sakar der ein valte å nytte tortur jamført sakar der dette vart utelate. For dette treng ein eit betre kjeldemateriale enn det eg har for Bergen.

4.3.4 Utlekking

Utlekkingar vert gjerne definert som «tilståingar avlagte etter dom der den dømde angjev medskuldige».³³⁴ I Bergen passar ikkje denne definisjonen heilt, ettersom utleggingar som oftast kom før dom.³³⁵ For å setje ljøs på mønsteret av utleggingar opererer eg derfor med eit utvida utleggingsomgrep som inneber utleggingar som finn stad både før og etter dom. Eg nyttar her den enkle formuleringa som Knutsen nyttar: «En utleggelse var den delen av en tilståelse der en trollkone eller trollmann anklaget andre folk for å være trollfolk».³³⁶ Jamført denne definisjonen, finn eg ti utleggingar.³³⁷ Desse la til saman ut ti menneske.³³⁸

Som vist til over var tortur eit relativt omgrep, og det er derfor mindre viktig om utlegginga kom før eller etter domfelling. Den eventuelle forskjellen ligg i om recessen av 1547 vart følgd eller ikkje: Dømde folk var «udediske» menneske, og utleggingar frå desse var juridisk ugyldige. Kjeldene tillét ikkje ei godt belyst drøfting av når i rettsprosessen utleggingane fann stad, men basert på tidlegare drøfting ser det ikkje ut som at 1547-lova vart følgd spesielt tett. At lovar var subjekt for personleg tolking finn ein att så seint som 1632, då Birgitte Ruus vart rettsforfølgd basert på ei utlegging. Her hevder mannen hennar, Laurits Markvardsen, at utleggjaren Herlufs Anne Christensdotter «[...] skal med ulovligen og utilbørligen Pinsel og Medfart være tvungen at udlægge hans Hustru.»³³⁹ Dette er ei interessant sak, spesielt sett i ljøs av at Markvardsen sjølv var fut då Anne vart torturert. Denne saka er ikkje heilt god å få greie på, men den illustrerer at tortur nok vart nytta både før og etter dom, samt at utleggingar vart nytta som tilstrekkeleg prov til å starte nye trolldomssaker.

Dersom ein samanliknar tala for saker som involverte utlegging med saker der tortur vart nytta, så finn ein eit visst overlapp: Av dei fem som vart torturert, så la tre av dei ut andre trollfolk.³⁴⁰ Dette er ein interessant statistikk som byggjer oppunder ideen om at bruken av

³³⁴ Botheim 1999: 141; sjå også definisjon i Johansen 1991: 161, note 2; Tørnsø 1986: 134

³³⁵ Botheim 1999: 141

³³⁶ Knutsen 1998: 54

³³⁷ Saksnummer 680, 680b, 680c, 669, 669b, 669c 661, 653, 376a, 376

³³⁸ Saksnummer 680, 680a, 669, 669a, 661a, 661b, 661c, 653a, 376, 376b

³³⁹ Saksnummer 376b; Birgitte Hansdotter Ruus vart lagt ut av Herlufs Anne Christensdotter i sak 376; sitat henta frå NRR, bind 6: 436

³⁴⁰ Saksnummer 376, 376a, 661

tortur skapte fleire saker og forsterka tendensane til forfølging av trollfolk.³⁴¹ Dessverre er tala for smale til at dei kan nyttast til å påstå ein klar systematisk forskjell, men vil verta sett opp mot materialet frå Danmark i kapittel fem.

Botheim finn at embetsfamiliar er overrepresentert blant dei utlagde i trolldomssakar. Ho finn at 50 prosent av dei utlagde i hennar materiale var av embetsstanden.³⁴² Dette stemmer òg for Bergen by: Av dei ti som vart lagt ut i mitt materiale, var seks knytt til embetsstanden.³⁴³ Dette kan potensielt seie mykje om dynamikken i utleggingar i Bergen by: Var trolldomsutleggingar eit middel for å «sparke oppover» og råke embetsstanden i rettsleg forstand? Eg finn at Ruus-familien, som var av kopla til adelen og elles var sær sentral for Bergens handels- og embetsliv, var overrepresentert i trolldomssaker.³⁴⁴ Dette er eit spennande område som kan utforskast vidare ved å bruke eit utvida kjeldetilfang om borgarelitene i Bergen. Dette er dog ei studie i seg sjølve, og her er ikkje rom til at spørsmålet kan drøftast i djupna. Eg vil likevel peike på eit anna trekk ved Bergens byborgarar som vart skulda for trolldom: Mogleiken til å anke synest å vere førehaldt eliten.

4.3.4.1 Anke – Eit embetsmannsprivilegium?

Tilstanden for ankesaker er ikkje råd å få greie på ettersom lagtingsprotokollane manglar, men Botheim peiker på at relativt få sakar synes å ha vorte anka inn for høgare domstolar.³⁴⁵ Ettersom anke var eit samansett omgrep i Noreg, så vert det behandla i ein eigen del: Ein veit at to saker i same saks kompleks kom opp for overlagretten.³⁴⁶ Her vart Oluf Gausdal dømd og avretta, mens Maren Robertsdotter vart frikjend. Saka mot Anne Pedersdotter vart ført ved Herredagen post-mortem av æresgrunnar, men ho vart framleis funne skuldig.³⁴⁷ Elles finn ein tilfelle der den tiltala supplikkerte direkte til ein embetsmann eller attpåtil kongen sjølve. Dette vart nytta i fem tilfelle i mitt materiale:³⁴⁸ Johanne Jensdotter Flamske spurde rådmannen i Bergen om han kunne forsvare henne, men vart avvist – Ho vart som vist dømd til døden.³⁴⁹ Biskop Anders Foss tok som nemnd kontakt med kongen og fekk kona si, Maren, frikjend for

³⁴¹ Stave 2012: 53

³⁴² Botheim 1999: 91

³⁴³ Saksnummer 680, 669a, 661a, 661b, 661c, 376b

³⁴⁴ Til denne familien tilhøyrdte to saker før min periode: Ingeborg og Anna «på Berget» (saksnr. 607 og 607a). Elles hørde saksnummer Birgitte Ruus (i saksnr. 376b) og Strange Jørgensens kone (i saksnr 661b), sjå Fossen 1976: 861f.

³⁴⁵ Botheim 1999: 49; rettsprotokollane for overlagtinget og Herredagen er i langt større grad bevart.

³⁴⁶ Saksnummer 669 og 669a; sjå Botheim 49

³⁴⁷ Saksnummer 680

³⁴⁸ Saksnummer 661, 661a, 661b, 661c, og 674

³⁴⁹ Saksnummer 674; Botheim 1999: 180

skuld.³⁵⁰ Det same var tilfellet i sakene mot mor til lesemeister Tomas Hansen, og konene til Strange Jørgensen og Salomon Jonsen kor dei namngitte mennene òg tok direkte kontakt med kongen og fekk kvinnene frikjend. Etter å ha unngått rettssystemet over ein lenger periode, så reiste Birgitte Hansdotter Ruus og mannen hennar Laurits Markvardsen til København og talte Birgitte si sak ved Herredagen; ho vart her frikjend.³⁵¹

Utanom Johanne Flamske, så var alle appell-saker relatert til skulda trollfolk som var i ein høg sosial og økonomisk posisjon³⁵² – dei var med i Bergen sin borgar- og embets-elite. Utanom Anne Pedersdotter,³⁵³ så vart Bergens elite frikjend ved å appellere til høgare rettsinstansar. Dette er interessant, og dannar bilete av at sosial og økonomisk posisjon til ein viss grad kunne verne ein mot trolldomsskuldingar. Det er òg verd å peike på at den langt vanlegaste metoden for å frikjenne seg ved å appellere til høgare instansar, var ved å be kongen personleg om eit frikjenningsbrev. Dette syntes å ha ført fram til frikjenning i så godt som alle tilfelle. Dette viser at «anke til høgare rettsinstansar» fann stad utanfor rettssystemet, samstundes som at det gir inntrykk av at kongen var interessert i å verne sine representantar i lydriket Noreg. Sett på ei anna side: Kan det tenkast at kongen såg det som trugandes for sin maktbase dersom hans representantar vart dømd som trollfolk ved kongens domstol?

4.4 Samandrag

Bergen opplevde trolldomsprosessar jamt gjennom heile perioden fram til 1663, med toppar rundt 1590 og 1630. Trolldomsskuldingar handla i hovudsak om skademagi, men Bergen opplevde òg mange sakar som omhandla signing — Fleire av dei omhandla til og med berre signing. Skader på menneske, og då spesielt sjukdom, var den vanlegaste skuldinga.

Bergen opplevde ingen auke i prosessar mellom 1617-25; faktisk var her ingen sakar i det heile. Byen opplevde derimot ei auke i trolldomsprosessar rundt mellom 1588-94, ein periode som vart lagt under lupa for å sjå om der var ein samband med den nye lova i 1584/93. Dette fann eg ikkje prov for å påstå, ettersom den nye lova ikkje vert nemnd før dei to aller siste sakene i 1594. Denne drøftinga sette derimot ljøs på at rettshandhevinga i Bergen syntes å vere eit stykke frå lovens bokstav. Det synes som om juristar i Bergen var usikre på tolking av

³⁵⁰ Saksnummer 669a

³⁵¹ Saksnummer 376b

³⁵² Ein kan rekne med at Oluf Gausdal si sak havna i overlagretten grunna utlegginga mot biskopen si kone.

³⁵³ Dersom ein samanlikner Anne Pedersdotter si sak med den mot Maren Robertsdotter, så får ein inntrykk av at tilgjenge på ein ektemann som kan stille i retten kan ha ei betydning: Biskop Anders Foss gikk langt i sitt forsvar av kona Maren, og det same hadde mogleikens Absalon Pedersson Beyer gjort dersom han framleis var i live. Anne fekk litt hjelp frå son sin, Absalon, men han syntes helst å ville vaske seg av heile saka.

lovene, dersom dei ikkje rett og slett forkasta lovane heilt: Eg fann prov på at 1547-recessen ikkje vart følgd, og ein får inntrykk av at Bergens embetsmenn hadde stor sjølvråderett i rettssakene dei førte – i alle fall rundt hundreårsskiftet. Dette var underbygd av at Bergen skil seg noko frå det nordiske mønsteret ved at det i hovudsak var offentlege embetsmenn som førte sak mot trollfolk. Desse var periodevis særskild aktive og agerte til og med på utleggingar eller trolldomsrykte. Bergens trolldomssaker kunne tidvis bere preg av inkvisitoriske prosessar eller heksekommisjonar slik ein finn enkelte stader på kontinentet.

Ei sterk overvekt av sakar enda med dom i Bergen. I nokre tilfelle vart andre straffar enn dødsdom nytta — Det er her mogleg å spore ein viss samband mellom dom og lovtolking, samt mildare straff for medvitarar. Det var ikkje vanleg å nytta tortur i trolldomssakar; her er Bergen meir eller mindre i takt med trenden elles i Noreg. Utleggingar var heller ikkje spesielt utbreidd i Bergen i denne perioden. Kvinner av høgare sosiale lag syntes spesielt utsett for utleggingar, men med støtte frå husbonden hadde dei òg ein god sjanse for å verta frikjend ved å appellere til ein høgare rettsinstans eller supplikkere til kongen direkte.

Kapittel 5 – Analyse

I dette kapitlet vil eg peike attende på funna som kom fram frå det empiriske materialet presentert i dei to føregåande kapitla. Eg vil kjapt summere dei relevante resultatane frå empirien i høvesvis Ribe og Bergen for dermed å syntetisere dei jamført kvarandre. Dette vil så ligge til grunn for drøfting der eg forsøker å svare på spørsmåla eg stiller i problemstillinga. Før eg byrjar vil eg innleiingsvis peike på problemet med at kjeldene for Bergen er best bevart for 1590-åra og fell betrakteleg i kvalitet etter 1600. Det motsette er tilfellet for Ribe sitt materiale, der kjeldene er vage for 1590-åra men er særskilde gode etter 1600. Dette svekker samanlikninga mellom dei to byane, og i Bergen sitt høve er det vanskelegare å følgje utviklinga i rettshandhevinga. Eg vil likevel forsøke å skape ei, så langt på veg som mogleg, representativ samanlikning basert både på kvantitative trendar og openberre kvalitative forskjellar og likskapar i dei to setta med kjeldemateriale.

5.1 Samband mellom nye lovar og trolldomssaker

Som vist i kapittel tre finn Johansen at Jylland generelt opplevde intense trolldomsforfølgingar i kjølvatnet av trolldomsforordninga i 1617; dette er ikkje å spore i Ribe. I Noreg fann Knutsen eit slikt mønster på Austlandet etter 1619 og Willumsen finn det i Nord-Noreg etter 1620; dette er ikkje å spore verken i Bergenhus len generelt eller Bergen by spesielt. Ettersom aukt omfang av prosessar syntes å vere unntaket, heller enn regelen, så er det ikkje sikkert at mangelen på eit slikt mønster krev ei forklaring. Det er derimot interessant å drøfte kva dette mønsteret, eller mangelen derav, kan seie om sambandet mellom nye lovgivingar og trolldomsprosessar.

Johansen tillegger ikkje den nye lova ei direkte rolle i å forsterke omfanget av prosessar, men meiner den bidrog til ei slik auke ved å endre haldningar blant bøndene om korleis trolldomsproblemet skulle handsamast. Han viser mellom anna til at «folkejustisen», privat hemn folk imellom, forsvann til fordel for å behandle sakene i retten. Betyr dette at prosessauka i Jylland var eit resultat av at ei stor mengde usemjer/potensielle rettssaker med eitt sveip vart brakt inn i kongens rettssystem? Eg kjem attende til denne tanken.

Johansen forklarar at ei manglande auke i prosessar kan skuldast at byen forut for 1617 var «tømd» for potensielle trollfolk. Eit slikt mønster passar òg for både Bergen og Ribe, der store mengder prosessar fann stad like før 1617. Eg tok denne drøftinga lenger, og peikte på at store mengder prosessar før den nye lova kan tyde på at rettssystemet allereie hadde lært seg å handsame trolldomssaker. Det er klart utifrå prosessperioden 1610-14 at dette var tilfellet for Ribe sitt rettssystem. Var dette mogleikens tilfellet også for Bergen? Materialet frå sakene i

1615 er diverre for tynt til å seie sikkert korleis rettssystemet handsama trolldomssaker like før 1617, men i søken etter ein positiv korrelasjon mellom nye lover og prosessauke drøfta eg Bergen sin høgfrekvente perioden mellom 1588-94. Her var eg ikkje i stand til å finne nokon positiv samband mellom den nye lova av 1584/93 og størstedelen av sakene slik dei står fram i rettsprotokollane. Det eg derimot viste var at rettssystemet i Bergen synes å ha vore i ein «læringsfase», der gamle lovar vart tolka og nye lovar vart henta fram. Her ser ein konturane til manglande kompetanse og usikkerheit, noko som gjorde endringar naudsynt i rettssystemet på 1500- og 1600-talet. Det er vanskeleg å tru at denne fasen ikkje skulla ha leia til ei betring i Bergens rettshandheving i løpet av dei drygt to tiåra mellom sakene på 1590-talet og den nye lova i 1617. Det er dermed nærliggande å tru at også Bergen – i alle fall til ein viss grad – hadde etablerte prosedyrar for trolldomssaker innan den nye lova kom i 1617.

Dersom ein snur om på Johansen sitt resonnement så kan ein vurdere om skarpe reaksjonar som følge av nye trolldomslovar kan skuldast manglande presedens i trolldomssaker. I kontrast hadde juristane i Ribe og Bergen prøvd seg på slike saker før, og førte større mengder trolldomssaker like før lova kom i 1617. Slik sett kan ein vurdere om, samstundes som der var færre «potensielle trollfolk», så kom aldri «sjokket» av at den nye lova skulle tolkast og praktiserast for første gong. Dette er ei grov hypotese som mogleikens kan utforskast fruktbart ved å gå attende og nærlese kjeldene i høvesvis landsbygda i Jylland og Bergenhus for å sjå om prosedyrane for trolldomssaker skil seg merkeverdige frå dei i Ribe og Bergen. Her er derimot enkelte ting som argumenterer imot at dette vil bringe store endringar til Johansen si forklaring: Problem oppstår nemlig når ein ser at landstinget i Viborg – Jylland sitt anketing for landsbygda og dei byane som ikkje hadde eiga andreinstans – ikkje gav domfelling i prosentvis fleire saker mellom 1617-25, noko som tyder på at dynamikken som førte til prosessauke etter lovendinga i 1617 ikkje var å finne i rettssystemet, men hjå hopen av bønder som klaga trolldomssaker inn for tinget.³⁵⁴ Dette bringer oss attende til ideen om at Bergen sin topp i prosessar rundt 1590 var resultat av haldningsendringar hjå dei som klaga inn trolldomssaker, heller enn dei som handsame sakene i retten. Er det slik at lovendingar først gav utslag i rapporterte lovbrot? Dette er òg ein snodig tanke, ettersom ein burde kunne finne referanse til lovane av 1584/93 i rettsprotokollane, spesielt ettersom det var det offentlege som stod som dei primære pådrivarane for trolldomssaker også på 1590-talet.

Eg sit dermed att med ein noko utilfredsstillande konklusjon om at det ikkje syntes å finnast ein klar samband mellom nye lovar og tal på prosessar, i alle fall ikkje innanfor

³⁵⁴ Johansen 1991: 42f.

rettssystemet. Ein eventuell endring i talet på prosessar kan mogleikens skuldast, slik Johansen finn, haldningsendringar hjå dei som tok saker for retten, men dette er vanskeleg å finne prov på i Bergen. Mens prosessauka i Jylland dermed best kan forklarast slik Johansen gjer, som ein panikk hjå dei som skulda andre for trolldom, så unnviker Bergen si prosessauke rundt 1590 framleis ei fullgod forklaring. Eit alternativ er at prosessauka også her skuldast haldningsendringar som førte til fleire rapporteringar, men i dette tilfellet som eit resultat av ringverknadane etter den særst offentlege saka mot Anne Pedersdotter. Det kanskje mest fruktbare frå denne drøftinga er at det er mogleg å spore at Bergen sitt rettssystem opplevde ein «læringsfase» på 1590-talet. Eg foreslår at det etter denne fasen vart etablert eit visst minimum av rutinar for å handsame trolldomssaker, sett i ljøs av at trolldomssaker vart ført jamleg i Bergen også før 1617. Eg held derfor fast på ideen om at etablert presedens for trolldomssaker kan ha bidrege til at ei radikal auke i prosessar *ikkje* fann stad. Kjeldene mellom 1594-1617 er diverre for tynne til at eventuelle prosedyrar i trolldomssaker kan undersøkjast i djupna, men dette kan mogleikens undersøkast fruktbart i område der kjeldene er betre og sett i samband med undersøkingar av område der ei slik auke faktisk fann stad.

5.2 Relevante trolldomsskuldingar

Kva som utgjorde ei relevant trolldomsskulding var i stor utstrekning felles for Ribe og Bergen: Det var skuldingar om skademagi som gjaldt, og i stor utstrekning var det folk sitt levebrød eller helsa som vart råka. I båe områda fann eg ein sterk korrelasjon mellom innhaldet i trolldomsskuldingar og området sine regjerande handelsinstitusjonar: Bønder frykter tap av kyr, mens byborgarar fryktar tap i handelen. At liknande skuldingar dukkar opp i såpass mange saker kan tyde på at der finst meir eller mindre universelle mekanismar for kva folk tolka som skadeleg trolldom. Dette er underbygd av at folk si helse syntes spesielt utsett for trolldom. Alternativt var folk klar over kva som utgjorde ei relevant trolldomsskulding, slik at dei bygde på ein «trend» i trolldomsskuldingar for å byggje ei sak, utan at dette hadde samband med motivet bak skuldinga. Desse forklaringane utelukker ikkje nødvendigvis kvarandre.

Eit særpreg for Bergen er òg at her fann stad reine signesaker, noko som ikkje synes å ha dukka opp i Jylland. Ein kan vurdere om her var ein samband med at Bergen mellom 1584-1617 hadde lovar som kravde straff for signing, og at dette førte med seg nye haldningar mot denne forma for trolldom blant befolkninga. Dette er ein interessant tanke, ettersom det hadde bygd oppunder ideen skildra ovanfor om at sambandet mellom lover og folk sitt handlemønster er å finne i *skuldingsfasen*. Ei eventuell kartlegging av dette krev derimot nærare undersøkingar.

5.3 Forskjellar i rettssystemet

Rettssystemet i Bergen var mindre systematisk og rutinert enn det i Ribe. Eg har vist korleis juristane som dømde for det første var usikre på kva lovar som gjaldt og korleis desse skulle nyttast; for det andre at dei òg hadde mogleik til å velje vekk lovar om det skulle passe seg slik. Basert på litteraturen og diskusjonen i kapittel to ser ein òg at slik usikkerheit var spesielt gjeldande ved undertinga og førte til blanding mellom rettsinstansane som effektivt aucte sjansen for å verta dømd. Sistnemnde har vore vanskeleg å finne prov på i Bergen grunna kjeldesituasjonen, men ein kan rekne med at dette har spelt ei rolle også her. Dette kan i så fall vere med på å forklare den høge domsprosenten i Bergen: 69,4 prosent av Bergens saker enda i dom, mot 47,4 prosent av saker ved i Ribe. Ytterlegare kan sannsynligvis den disproporsjonale sjansen for å verta dømd koplast til det vide gapet mellom lov og rettspraksis.

5.3.1 Saksøkarane

Ein openbar forskjell mellom Ribe og Bergen er kven som førte trollfolket til retten: Mens Ribe haldt seg til norma for det nordiske akkusatoriske systemet der private saksøkarar var vanlegast, så ser ein at nesten alle saksøkarar i Bergen var offentlege tenestemenn. Kva konsekvensar fekk dette for saksgangen?

Dømet med Ole Andersen i kapittel 3 viste at private saksøkarar i Ribe kunne nytte trolldomssaker instrumentelt for å fremje personlege interesser, men at deira makt i ei kvar rettssak var avgrensa til å stille tiltale og presentere vitne for å underbygge denne. I drøftinga om utleggingar og dom i kapittel tre viste eg korleis saka mot Niels Holdensen vart underkjent ved Rådstueretten av di det formelt mangla ein saksøkar. Ripenske trolldomssaker som hamna for retten vart altså dømd av dommarar som følgde prosedyrar strengt, og det er eit klart skilje mellom saksøkar og dommar.

I Bergen ser ein at dei offentlege tenestemennene som stod som aktor både var del av same sosiale miljø som dommarane, og dei tok del i å tolke lovane, noko som tidvis førte til forskjellig dom frå sak til sak; samstundes fann eg i saka mot Maren Robertsdotter døme på at lovar som skulle verne trolldomsskulda mot «udediske» utleggingar vart ignorert. Domfelling bar dermed preg av subjektivitet, og når ein ser at offentlege tenestemenn stundom bygde sakar basert på både utleggingar og rykte, syner det bergenske rettssystemet inkvisitoriske trekk som var lite i tråd med lovsystemet. I ein tidleg del av min periode ser ein altså teikn på at Bergens tenestemenn hadde ei aktiv rolle i større delar av trolldomsprosessane: I si rolle som både saksøkar og med mogleiken til å tolke og velje lovar, hadde Bergens embetsmenn stort

spelerom. Dette står i kontrast til embetsmennene i Ribe, som berre var aktive som dommarar idet sakene vart vurdert i Rådstueretten. Funna mine tyder på at ripenske dommar i stor utstrekning haldt seg som ein nøytral meklar mellom saksøkar og skulda. Eventuelle usemjer om dom gjekk føre seg innanfor rettshierarkiet, slik ein såg i saka der lensherre Jørgen Pedersen anka sakene mot Maren Jelles og Niels Holdensen til rettartinget. Ripenske embetsmenn hadde dermed mindre grad av både involvering og kontroll i kvar trolldomssak, noko som kan tyde på at kongemakta hadde større grad av styringskompetanse allereie tidleg på 1600-talet.

Her må nemnast at dei bergenske sakene eg har best innsyn i er frå tidleg i perioden, dei fleste før 1600. Desse sakene viser ein kombinasjon av manglande kontroll på lovar og rutinar vart overhaldt, samt at det uklare skiljet mellom påtalemakt og dommar fører til situasjonar der rettstryggleiken for trolldomssikta vart redusert. Det er derimot høve som tyder på at situasjonen gradvis betra seg: I det noko betre kjeldebelagte sakskomplekset på 1630-talet³⁵⁵ ser ein døme på at kongen trer inn for å krevje saka mot Birgitte Ruus, byfutens kone, prøvd for retten. Denne saka, samt dei tidlegare høva der Birgittes mann hadde fått reprimande for overtramp i embetet sitt, viser ein ny form for styringskompetanse utøvd av kongemakta og dessutan ei vilje til å halde embetsmenn ansvarleg innanfor rettslege rammer. No er dette berre éi sak mot éin fut som dessutan hadde gjort seg sær sars upopulær i sitt embete, og mykje ved trolldomssakene han var involvert i tyder på overtramp jamført lovar og prosedyrar. Likevel ser ein teikn på at spelerommet til lokale embetsmenn hadde vorte mindre. Det er mogleg å tolke dette i retning av at maktutøving hadde vorte dregen innanfor rettslege rammer, og at generell makt i større grad var overført frå lokale elitar til den stadig meir sentraliserte kongemakta.

5.3.2 Tortur og utlegging

Tortur vart nytta i både Bergen og Ribe sine trolldomssaker. Men: der dette var ein sjølvsgt del av dommen i Ribe, så vart det berre unntaksvis nytta i Bergen. Det er interessant at ein finn så få tilfelle av tortur i Bergen; ettersom recessen av 1547 ikkje syntes å ha vorte overhalden, så kunne ein i praksis ha nytta tortur for å tvinga fram tilståingar og skapt enorme kjedeprosessar. At dette ikkje var tilfelle kan mogleikens vise teikn på at Bergens embetsmenn ikkje i utstrakt grad var interessert i å føre fleire trolldomssaker enn dei som dukka opp av seg sjølve? Ettersom politiske verv gjerne samsvarte med vellukka handelsmannposisjonar, så var det kanskje slik at rettsforfølging av åndelege brotsverk ikkje var så interessant?³⁵⁶ Graden av

³⁵⁵ Saksnummer 376, 376a, 376b

³⁵⁶ Sett i ljøs av Lilienskiold sin påstand om at trolldomsforfølging var ein «meritterande handling» så kan ein lure på om Bergens embetsmenn var ganske nøgd med den stillinga dei allereie hadde. Det hadde vore

torturbruk i Bergen og Ribe synes i stor utstrekning å relatere til sedvane. I kapittel to kom det fram at tortur i danske trolldomssaker relaterer attende til Fredrik II si lov i 1522-23. Denne lova var berre midlertidig, men sette presedens for bruk av tortur i danske trolldomssaker – Dette i ein slik grad at det var nødvendig å moderere bruken av tortur ved recessen i 1547. At den kortvarige lovendringa ikkje førte med seg ei overføring av sedvane for torturbruk til *norsk* rettsleg praksis kan nok forklarast av geografisk og rettskulturell avstand – sedvane tar tid å endre – og kan sjåast i ljøs av at Noreg omtrent ikkje opplevde trolldomssaker før førti års tid etter Fredrik II si lov.³⁵⁷ Kva var i så fall konsekvensane av at formell tortur ikkje vart nytta?

Førekomsten av tortur var låg i Bergen, og det same gjaldt førekomsten av utleggingar. Det er dermed interessant å vurdere om dette viser prov på direkte samband mellom desse to. Ein såg i kapittel fire at saker der tortur vart nytta, stemte godt overeins med saker der utlegging fann stad. Tendensen i Ribe er proporsjonalt motsett, og dermed tilsvarande: Førekomsten av tortur var høg, og det same gjaldt førekomsten av utleggingar. Bodild Harchisdatter vitna om press for å leggje ut under tortur: Ho la ut seks menneske for å sleppe vidare tortur. Det er dermed klart at det var ein samband mellom desse: Tortur spelte ei rolle i å skape utleggingar. At det var slik ein låg førekomst av tortur i Bergen kan dermed ha ført til at der òg var få utleggingar. At desse utleggingane i disproporsjonal grad råka borgareliten og embetsstanden er interessant. Dette er eit område som treng betre kartlegging, men ei hypotese er at utleggingar om trolldom vart nytta som våpen for å råke embetsstanden, som elles var utanfor rekkevidde. Eg har tidlegare vist til at Bergens borgarelite synes spesielt utsatt for trolldomsskuldinger. Sjå til dømes saka mot Birgitte Ruus, kona til den upopulære futen Laurits Markvardsen. Er det mogleg at denne skuldinga rett og slett var ein hemnaksjon?

5.3.3 Anke

Allereie i lovene finn ein at anke fungerer annleis mellom Noreg og Danmark. Den særdanske lova av 1576 sikra automatisk appell i trolldomssaker, slik at alle saker i Ribe først var innom nemningseiden og deretter Rådstueretten. Dersom det her oppstod usemje hamna sakene for kongens rettarting i København. Ankesaker involverte vanlege byborgarar,³⁵⁸ og det heile gjekk

interessant å utforske om ønsket for å vise evner var spesielt utprega hjå dei nord-norske embetsmennene av di dei ynskte å søke tilsetjing i meir sentrale delar av riket. Dette er imidlertid ein komparativ studie for seg sjølve, og ein dryg avsporing for denne oppgåva. Ei slik studie kunne i alle tilfelle sett betre ljøs på mønsteret for bruk av tortur i Noreg; dette var meir utbreidd i Nord-Noreg enn nokon annan stad, sjå Willumsen 1994

³⁵⁷ Trolldomsarkivet til IKOS sin tidlegaste sak er frå 1566. Før dette kjenner ein berre til saka mot Ragnhild Tregagås på 1300-talet, sjå Hagen 2011: 88f.

³⁵⁸ Niels Holdensen (saksnr. 87) var portnar; Maren Jelles (saksnr. 85) og Maren Splids (saksnr. 77/81) var byborgarskar. Sistnemnde var mogleikens litt betre stilt – Ho var handelskvinne og dreiv eit vertshus

føre seg innanfor det ordinære rettshierarkiet. Skilnadane i ankeinstansane synes likevel større enn denne lova skulle gi uttrykk for: Bergen sitt ankesystem synes ustrukturert, og der må ha rådd mykje usikkerheit. I tillegg til at instansblanding mellom underrettane og lagtinga må ha spelt ei rolle også i Bergen, så synes systemet for anke til høgare rettsinstansar uklart. Mens der var mogleikar for å anke til overlagtinget, overhoffsretten og Herredagen syntes det langt vanlegare å nytte personleg supplikk direkte til kongen. Dei fleste ankesaker i Bergen fann dermed stad utanfor det ordinære rettshierarkiet. Det er ikkje kjelder til å forklare kvifor så få saker hamna for dei høgaste rettsinstansane i Noreg, men det er interessant at majoriteten av desse sakane var kopla til ressurssterke embetsmenn. Inntrykket ein får er dermed at anke var eit privilegium førehaldt dei betre stilte i Bergen. At dette gjekk føre seg via private ordningar kan tyde på at retten ikkje gjorde merksam på at anke var ein mogleik, slik at dei forsvarande mennene sjølv tok initiativ til å søke til kongen om å få kvinnene frikjend, noko dei vanlegvis vart. Det synes i alle fall som at tilgjenget på ein ressurssterk *mann* var ein føresetnad: Enkekona Anne Pedersdotter stod aleine om å verne seg ved lagtinget, ettersom at mannen døydde 15 år tidlegare. Ho argumenterte enda så godt for seg ovanfor lagmannen, men var ikkje i stand til å verje seg. Saka hennar vart ikkje anka i hennar levetid, og då den vart supplert til kongen post-morten stod dommen over Anne til lags. Hennar opphøgde sosiale posisjon som enke etter Absalon Pedersson Beyer hjelpte henne altså ikkje her. Sett i ljøs av at Maren Robertsdotter to år seinare klarte å verje seg ved at mannen hennar både supplikkerte saka til kongen og stod fram for å tale hennar sak i overlagretten, så synes det som appell og vern i retten var avhengig av tilgjenget på ein ressurssterk mannleg slektning som var villig til å stå fram.

Sett innanfor eit sentraliseringsperspektiv kan dette kanskje hinte om korleis Bergen låg an ovanfor kongemakta sitt sentraliseringsprosjekt: Når kongen var ivrig til å frikjenne kvinnene til sine representantar i Bergen gjennom private ordningar, så kan dette tolkast som eit ønske om ikkje å framandgjøre den borgareliten som reelt sat på makta i Bergen. Dette vert berre spekulering sett i ljøs av kva for ein fase sentraliseringa av Bergen låg i. Det faktum at ankeprosessen i nesten alle høve fann stad utanfor rettshierarkiets rammer tyder i på at kongemaktas styringskompetanse ikkje var komen like langt i Bergen som i Ribe. Konsekvensen av det heile er for det første at rettstryggleiken for bergenske trollfok syntes svekka som følge av instansblanding, uklare prosedyrar, og mogleikens manglande kjennskap om anke til høgare appellordningar. For det andre peiker det på at trolldomsprosessane bar preg av standsdeling i Bergen: Kongemakta gav fripass til kvinner av embetsstanden, slik at desse effektivt var heva over lova.

5.4 Sentralisering

1500- og 1600-talet var prega av sentralisering frå øvste hald i det dansk-norske riket. I kapittel éin viste eg til at det er høve som tyder på at denne prosessen i utgangspunktet hang lenger etter i Noreg, og at det her tok lenger tid før kongemakta klarte å etablere effektiv styringskompetanse. Dette stemmer i stor utstrekning overeins med mine funn: Det mest sentrale er her at rettsapparatet i Bergen, samanlikna med det i Ribe, var prega av manglande rutinar og at det opererte med liten grad av referanse til lovverket. Her skal eg forsøke å knyte dette saman med det kongelege sentraliseringsprosjektet som gjekk føre seg på 1500- og 1600-talet. Dette var ei tid då det dansk-norske riket såg store endringar i både lover og rettspraksis; dette gjaldt spesielt i Noreg, der eit viktig ledd var å få kontroll på rikets rettshandtering. Eg meiner å finne prov på denne prosessen i periodens trolldomssaker.

Norsk jurisdiksjon likna ein byggjeplass gjennom mykje av perioden 1584-1683. Kongens justis vart utvida og forsøkt byråkratisert og profesjonalisert. Dette involverte at undertinga på bygdene og i byane vart absorbert i kongens rettshierarki etter dansk modell. At desse med eitt pennestrøk fekk domsplikt i trolldomssaker var med på å skape usikkerhet, og både Næss, Alm, og Botheim har peikt på at dette i sin tur førte til instansblanding og redusert rettstryggleik. Nettopp dette har vore vanskeleg å finne sikkert prov på i Bergen grunna mangelen på lagtingsprotokollar, men det er rimelig å anta at det fann stad her òg. Eg har dessutan funne mengder av prov på at trolldomssaker opererte med liten grad av referanse til lovsystemet. Dette i seg sjølv tyder på *behov* for å betre rutinar for rettshandheving: I ei tid då den katolske kristenretten vart nytta for å seie dom også i verdslege domstolar, så var det viktig å få på plass lovar som stamma frå kongen sin autoritet og å knyte handhevinga av denne tettare opp mot kongemakta. Det er klart at kongemakta var klar over det rettslege problemet, og mykje av siktemålet for dei mangfaldige lov- og prosessendringane gjennom 1500- og 1600-talet var å heve kvaliteten på rettshandhevinga. Innsettinga av sorenskrivaren i 1591 og denne si utvida rolle i 1634 kan sjåast i samband med slik kvalitetssikring. På denne tida var dette likevel ein embetsmann tatt i eid av lensherren, og desse endringane bar dermed mindre preg av sentraliseringssøken enn andre lovar i denne perioden. Sjå mellom anna på lovene som spesifikt omhandlar trolldom: Det er liten tvil om at føresegnene av 1584/93 og 1617 var ledd av sentraliseringspolitikken til kongemakta. For kongen var det viktig å presentere seg sjølv som religiøs så vel som verdsleg statsleiar og som den øvste garantisten for rettsleg og religiøs fred i sitt rike. Det er symptomatisk at lova av 1584 kom på initiativ frå Stavangerbiskop Jørgen Eriksson: For kongen var det viktig å gi motytelsar til regionale elitar for å sikre seg desse si

godvilje. Det er dermed klart at trolldomsprosessane var eit ledd i sentraliseringsprosessen, og her ser ein skilnader i korleis denne prosessen gjekk føre seg mellom Noreg og Danmark.

Det gjennomgåande inntrykket er at danske domstolar hadde ting «på stell» jamført trolldomsprosessar. Den sær danske lova av 1576 om automatisk appell i trolldomssaker hadde mykje å seie for at trolldomsprosessar gjekk føre seg innanfor det ordinære rettshierarkiet. Sett bort ifrå 1617-forordninga, så såg ikkje Danmark store lovendingar etter lova i 1576, og det er verd å vurdere om denne i stor utstrekning var vellukka i å sikre at kongens justis gjaldt i danske trolldomssaker. Eg har ikkje funne brot på denne lova, og sett i ljøs av at ankedomstolen ved Ribe Rådstuerett synes å ha fungert tett opptil fastsette lovar og prosedyrar får ein inntrykk av at kongemakta her hadde effektiv styringskompetanse, noko som kan omsetjast til at sentraliseringsprosessen var på god veg til å lukkast. Her var alle steg i trolldomsprosessen innordna i kongens rettshierarki, i skarp kontrast til det i Bergen der kongens embetsmenn ikkje berre tolka og valte lover fritt, men òg var i stand til å heve seg over lova gjennom private avtaler med kongen. Ein ser likevel at ei viss mengde framsteg fann stad i denne perioden: Kongens reprimande ovanfor futen og den trolldomsskulda kona hans i 1632 syner at kontroll med embetsmennene var i ferd med å strammast inn, og om ikkje anna så var ikkje lenger lokale elitar heva over rettssystemet. Det er òg verd å peike på at kongemakta ikkje var like hurtig til å ettergi etterspørsel om å verne embetsmennenes kvinner frå trolldomsskuldingar. Dersom ein tolkar det dit hen at kongemaktas tidlegare godvilje ovanfor embetsstanden reflekterer eit behov for kompromiss mellom kongens sentrale makt og lokale/regionale elitar, så kan ein i utvida forstand tenke at den tettare kontrollen som vart ført i 1630-åra syner ei maktoverføring frå lokale elitar til sentralmakta. Sentraliseringsprosessen var altså på frammarsj, men mykje tyder på at samstundes som denne prosessen byrja seinare, så gjekk den òg treigare i Bergen. Det er kanskje ikkje uventa sett i ljøs av at Noreg reint geografisk var i «periferien» av riket. Eg har forsøkt korleis denne prosessen sette sitt preg på trolldomsprosessane i dei to byane Bergen og Ribe, og at korleis arta seg forskjellig.

Kapittel 6 – Konklusjon; trolldomslov og rett i Ribe og Bergen

Summert ser ein at rettssystemets handtering av trolldomssaker skil seg meir mellom Ribe og Bergen enn det ein først skulle anta for to land innanfor same rike. I kapittel tre og fire forsøkte eg å kartleggje trolldomssaker frå og med skuldinga, til etter at den vart handsama i dei to byane sine rettssystem. Eg fann at skuldingar om trolldom i stor utstrekning hadde felles opphav, altså i mistankar om skademagi som råker helse og livsgrunnlag. Her spelte økonomiske så vel som pragmatiske interesser inn. Eg finn at i den grad trolldomsprosessar var kopla til nye lovendingar, så synes reaksjonane først og fremst å dukke opp i mengda rapporterte sakar. Dette er derimot ei tolking som i hovudsak er basert på litteraturen, ettersom verken Ribe eller Bergen synes å vise tydeleg korrelasjon mellom nye lovar og trolldomsprosessar.

Skilnadane i dei to byane sine trolldomssaker viser seg best etter at desse har hamna innanfor rettssystemet. Norske og danske tingordningar utvikla seg åtskilt frå ein annan gjennom fleire hundre år, og forskjellig sedvane fekk konsekvensar for handteringa av trolldomsprosessar. Dømesvis var det stor forskjell av kva grad tortur vart nytta i dei to byane, noko som kan ha fått følgjer for utbreiinga av utleggingar. Desse råka i vid utstrekning overklassen i Bergen, noko som mogleikens kan skuldast sosiale og økonomiske forklaringar. Denne forma av standsskilje pregar trolldomssakene i Bergen på ein måte som ikkje finst i Ribe og er noko som rører ved fleire aspekt av trolldomssakene – Til dømes synes mogleiken for anke synes førehaldt ressurssterke menn og deira kvinner.

Kongens representantar spelte ei større rolle i Bergen sine trolldomssaker enn i Ribe. Der trolldomssaker vart brakt for retten av private saksøkarar i Ribe, så var det det offentlege som stod som saksøkar og dommar i Bergen – Desse hadde dermed potensielt stor påverknadskraft i trolldomssaker. Dette står i kontrast til Ribe sine embetsmenn, som i hovudsak fungerte som nøytrale meklarar og dommar i trolldomssaker. Eg meiner dette relaterer til at Ribe sine domstolar syntes å ha vore stilt ovanfor streng kontroll for at lov og rettsprosedyrar vart følgd; trolldomssaker føregjekk i stor utstrekning jamført lovas bokstav. Dette er symptomatisk for ein gjenganger i samanlikninga mellom dei to byane: Ribe sitt rettssystem var tvers over meir systematisk, strukturert, og profesjonalisert enn det i Bergen allereie frå byrjinga av 1600-talet. På dette tidspunktet rådde Bergens embetsmenn i stor grad som dei ville, og dei bar mindre preg av å vere representantar for kongemakta, og meir som private aktørar som stod fritt i si tolking av lov og rett. Det finst høve som tyder på at denne situasjonen betra seg: Mot midten av 1600-talet stramma kongemakta inn oppsynet med og kontrollen over sine representantar i Noreg. Trolldomsprosessane i Noreg føregjekk altså i ein

prosess der stadig meir makt vart samla rundt sentralmakta, noko som gjekk hand i hand med eit ønske om å profesjonalisere lov- og rettssystemet. På kort sikt synes mengda nye lovar og endringar i rettsstrukturen på 1500- og 1600-talet til å ha ført med seg ein kaotisk og lite oversiktlig rettshandtering, og dette kan ha bidrege til redusert rettstryggleik og strengare dommar i trolldomssaker. På lang sikt vil nok også denne situasjonen ha betra seg. Dersom ein nyttar Ribe som mal så vert det klart at sentralisering av rettssystemet var i den skulda sitt favør.

Det er tydeleg at sentraliseringa av rettssystemet tok tid i Bergen, men basert på drøftinga rundt 1617-lova er det grunn til å tru at situasjonen betra seg i løpet av dei to tiåra etter «læringsfasen» som Bergens juristar opplevde på 1590-talet. Mens eg vanskelig kan vise til ein klar samband mellom lovar og aukt førekomst av trolldomssaker verken etter 1584/93-lova eller 1617-lova, så argumenterer eg for at nettopp mangelen på ein slik kvantitativ målbar kan tyde på at ein viss utvikling hadde funne stad i rettshandhevinga; at rutinar var på plass kan ha spelt inn i at verken Ribe eller Bergen opplevde ei slik prosessauke etter den nye lova. Eg finn lite som tyder på at lova av 1617 beinveges førte til reaksjonar i lovsystemet og slutter meg til Johansen si forklaring om at slike reaksjonar heller var å finne på eit sosialt plan hjå dei som førte skuldingar for retten.

Det synes som at kongen sitt sentraliseringsprosjekt på lang sikt førte til eit oppløft i dansk-norsk rettspraksis. I takt med kongens rolle som religiøs og verdslig leiar, vart det åndelege lovbrottet trolldom brakt innunder kongens justis; det same gjaldt kongens representantar også utanfor rikets «indre kjernen» i krinsen rundt København. Sentraliseringsprosessen synes i utgangspunktet å ha vore særskildt kaotisk i Bergen, mens Ribe i stor utstrekning har fungert som ein «mal» gjennom heile perioden. Handtering av trolldomssaker i perioden 1584-1683 ber preg av at sentraliseringa i Noreg var nokre hakk bak den same prosessen i Danmark. Ved inngangen til min periode stod det att mykje meir arbeid for å bringe Noregs spreidde rettsinstansar innunder kongemaktas justis, og dette førte periodevis til usikkerhet og stadige lov- og rutineendringar. På kort sikt synes dette å ha ført til ein vanskeleg situasjon der sjansen for domfelling aukte. Som nemnd har kjeldemessige problem ført til at det er vanskelegare å fullstendig vurdere utviklinga i Bergen sitt høve, men eg finn høve som tyder på at kongens styringskompetanse i rettslege høve etter kvart aukte også her. På lang sikt førte aukt sentralisering sannsynligvis til at trolldomsprosessar etter kvart vart redusert. Ribe er dømet på at fastsette lovar og rutinar for trolldomsprosessar er i den skulda sin favør, og etter kvart som rettssystemet også i Noreg vart profesjonalisert og byråkratisert, så vart domfelling i trolldomssaker stadig vanskelegare.

Litteratur

Publisert litteratur

- Alm, Ellen. (2001). Da djevelen kom til Danmark og Norge. I Inger Storli (Red.), *Ottar populærvitenskapelig tidsskrift* (nr. 1, s. 15-22). Tromsø: Tromsø Museum, Universitetsmuseet
- Alm, Ellen J. (2000). *Statens rolle i trolldomsprosessene i Danmark og Norge på 1500- og 1600-tallet* (Hovudoppgåve). Universitetet i Tromsø, Tromsø
- Alver, Bente. (1971). *Heksetro og trolldom: en studie i norsk heksevæsen*, Oslo: Universitetsforlaget
- Andresen, Astri., Rosland, Sissel., Ryymin, Teemu., Skålesvåg, Svein Atle. (2015). *Å gripe fortida – innføring i historisk forståing og metode* (2. utg.). Fagernes: Det norske samlaget
- Bastiansen, Gro Elisabeth. (1995). «*Væ dig Bergen du fule Sodomæ oc Gomorrhæ søster*» - En analyse av utenomtekenskapelige forhold i Bergen 1597-1669 (Hovudoppgåve). Universitetet i Bergen, Bergen
- Botheim, Ragnhild. (1999). *Trolldomsprosessane i Bergenhus len 1566-1700* (Hovudoppgåve). Universitetet i Bergen, Bergen
- Chan, Jia Mink. (2009) *Norske trolldomskonflikter i opplysningstiden* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo
- Degn, Ole. (1971) *Livet i Ribe 1560-1700, i samtidiges optegnelser*. Universitetsforlaget i Århus, Århus
- Degn, Ole. (1981) *Rik og fattig i Ribe, 1. bind* (Doktorgradsavhandling). Universitetsforlaget i Århus, Århus
- Dillinger, Johannes. (2009). «*Evil People*»: *A Comparative Study of Witch Hunts in Swabian Austria and the Electorate of Trier* (doktorgradsavhandling). University of Virginia Press, Virginia
- Dillinger, Johannes. (2013) Politics, State-building, and Witch-Hunting. I Levack, Brian P. (Red.), *The Oxford Handbook of Witchcraft in Early Modern Europe and Colonial America*. (1. Utg., s. 528-547). Oxford: Oxford University Press
- Dillinger, Johannes. (2015). The Good Magicians: Treasure Hunting in Early Modern Germany. I Kathryn A. Edwards (Red.), *Everyday Magic in Early Modern Europe* (1. Utg., s. 105-125). Surrey: Ashgate Publishing Limited
- Dillinger, Johannes. (2015a). Treasure and Drache. Ritual and Economy in the Early Modern

- Period. I Tatiana Minniyakhmetova og Kamila Velkoborská (Red.). *The Ritual 10: Magic in Rituals and Rituals in Magic*. Tartu: ELM Scholarly Press
- Fossen, Anders Bjarne. (1979). *Bergen bys historie: Borgerskapets by 1536-1800* (Bind 2, 1. Utg.). Bergen: Universitetsforlaget
- Foster, George M. (1965). Peasant Society and the Image of Limited Good. I *American Anthropologist, New Series, årgang 67* (Nr. 2), s. 293-315
- Gilje, Nils. (2003). *Heksen og humanisten – Anne Pedersdatter og Absalon Pederssøn Beyer – en historie om magi og trolldom i Bergen på 1500-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget
- Hagen, Rune Blix. (2011). *Dei europeiske trolldomsprosessane*. Oslo: Det norske samlaget
- Hagen, Rune Blix. (2013). Witchcraft criminality and witchcraft research in the Nordic countries. I Brian P. Levack (Red.), *The Oxford Handbook of Witchcraft in Early Modern Europe and Colonial America*. (1. utg., s. 375-392) Oxford: Oxford University Press
- Hodne, Ørnulf. (1994). *Kjærlighetsmagi: folketro om forelskelse, erotikk og ekteskap*. Oslo: Cappelen
- Imsen, Steinar. (1982) Norske ad hoc-kommisjoner i forvaltning og politikk under Christian IV. I Steinar Imsen og Gudmund Sandvik (Red.). *Hamarspor – Eit festskrift til Lars Hamre, 1912 - 23. januar – 1982*. Oslo: Universitetsforlaget
- Jacobsen, J. C. (1966). *Danske Domme i Trolldomssager i øverste Instans*. Berlin: Det Berlingske Boktrykkeri
- Johansen, Jens Christian. (1991). *Da Djævelen var ute: Trolldom i det 17. århundres Danmark*. Odense: Odense Universitetsforlag
- Kallestrup, Louise Nyholm. (2015). *Agents of Witchcraft in Early Modern Italy and Denmark*, Odense: Palgrave Macmillan
- Knutsen, Gunnar W. (1998). *Trolldomsprosessene på Østlandet: En kulturhistorisk undersøkelse*. Oslo: Tingbokprosjektet
- Levack, Brian P. (2006). *The Witch-Hunt in Early Modern Europe*. Edinburgh: Pearson/Longman
- Lilienskiold, Hans H. (1998). *Trolldom og ugudelighet i 1600-tallets Finnmark*. Rune Blix Hagen & Per Einar Sparboe (red.). Tromsø: Universitetsbiblioteket i Tromsø
- Macfarlane, Alan. (1970). *Witchcraft in Tudor and Stuart England*. London: Routledge & Kegan Paul
- Melve, Leidulf . (2018). Å arbeide komparativt, i Melve, Leidulf og Ryymin, Teemu (red.). *Historikerens arbeidsmåter* (1. utg.) . Oslo: Universitetsforlaget

- Moseng, Ole Georg., Opsahl, Erik., Pettersen, Gunnar I., Sandmo, Erling. (2012). *Norsk Historie: 1637-1814* (bind 2, opplag 2). Oslo: Universitetsforlaget
- Muchembled, Robert. (1987). Spegelens baksida: Satansmytar och kulturella realiteter. I Bengt Ankarloo og Gustav Henningsen (Red.). *Häxornas Europa*, Lund: Nordiska bokhandeln
- Murray, Margaret. (1921/2007). *The Witch Cult in Europe*. London: Filiquarian Publishing
- Nedrebø, Yngve. (1990/91). Bergen – frå Skandinavias største by til strilane sin hovudstad. Om folketalsutvikling og flytting 1600-1900. I *Frå Fjon til Fusa, Årbok Hordamuseet og Nord- og Midthordland sogelag*.
- Nenonen, Marko. (2012). Who Bears the Guilt for the Persecution of Witches?. *Studia Neophilologica*, vol 84 (1), 70-87. <https://doi.org/10.1080/00393274.2012.668072>
- Næss, Hans Eyvind. (1984) *Med bål og brann: Trolldomsprosessene i Norge*. Stavanger: Universitetsforlaget
- Næss, Hans Eyvind. (1981). *Trolldomsprosessene i Norge på 1500-1600-tallet: en retts- og sosialhistorisk undersøkelse* (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Oslo, Oslo
- Pettersen, Brita Marlen. (2017). «Paasagn om Troldom i vore oplyste Tiider fornem/m/elig maae ansees at henrøre fra Vankundighed og Overtroe» – En undersøkelse av holdningene til troldom i Bergen stiftamt, 1675-1787 (Masteroppgåve). NTNU, Trondheim
- Pfau, Aleksandra. (2013). «Ritualized violence against Sorcerers in Fifteenth-Century France», i *Magic, Ritual, and Witchcraft*, vol. 8 (1), s. 50-71
- Robberstad, Knut. (1969). *Gulatinglovi*. Brummundal: Det norske samlaget
- Sandmo, Erling. (2015). *Tid for historie – En bok om historiske spørsmål* (2. opplag). Oslo: Universitetsforlaget
- Stave, Torstein. (2012). *Da Lucifer kom til Vardøhus. En undersøkelse av demonologiske idéers utbredelse i Finnmark i forhold til resten av landet* (Masteroppgåve). Universitetet i Tromsø, Tromsø
- Taranger, Absalon. (1915). *Magnus Lagabøters Landslov* (1. Utg, 3. Opplag). Oslo: Universitetsforlaget
- Thomas, Keith. (1971). *Religion and the Decline of Magic: studies in popular beliefs in sixteenth and seventeenth England*. London: Weidenfeld and Nicolson
- Tørnsø, Kim. (1986). *Djævletro og folkemagi – Trolldomsforfølgelse i 1500- og 1600-tallets Vestjylland*. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag
- Willumsen, Liv Helene. (1994). *Trollkvinne i nord: i historiske kilder og skjønnlitteratur*

- (hovedoppgave). Tromsø: Høgskolen i Tromsø, avdeling for lærerutdanning
- Willumsen, Liv Helene. (2013). *Witches of the north – Scotland and Finnmark*. Leiden: Brill
- Nettbasert litteratur
- Dyrendal, Asbjørn. (1996/2005, 10. September). Satanister og Syndebukker. Et intervju med Professor Jeffery Victor om noen av de sentrale mekanismene bak satanismepanikkene. Henta frå <http://www.skepsis.no/satanister-og-syndebukker/>
- Fossen, Anders Bjarne. (2009, 28. September). Michael Hofnagel. *Store norske leksikon*. Henta frå https://nbl.snl.no/Michael_Hofnagel
- Hagen, Rune Blix. (2011a, 24. Oktober) Anne Christensdotter. *Norsk biografisk leksikon*. Henta frå https://nbl.snl.no/Anne_Christensdotter.
- Hagen, Rune Blix. (U.å.) Rune Blix Hagen – Hjemmeside. Henta frå <http://ansatte.uit.no/rune.hagen/hagen.htm>
- Hansen, Tore. (2015, 28. April). Sentralisering. *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/sentralisering>
- Kallestrup, Louise Nyholm, 2017 Trolddom i Danmark i 1500- og 1600-tallet. Henta frå <http://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/trolddom-i-danmark-i-1500-1600-tallet/>
- Norseng, Per G. (2017, 14. november). Ubotamål. *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/Ubotam%C3%A5l>
- Norseng, Per G. (2018, 20. Februar). Kristenrett. *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/kristenrett>

Andre kjelder

- Dreyer, Carl Theodor og Nielsen, Tage. (Produsentar). (1943). *Vredens dag* [Spillefilm]. Danmark: Palladium Productions
- Wiers-Jensen, Hans. (Skribent/regissør). (1908). *Anne Pedersdotter* (Teaterstykket). Oslo: Nationaltheatret

Kjeldesamlingar og trykte kjelder i IKOS sitt trolldomsarkiv

- Degn, Ole. (1971) *Livet i Ribe 1560-1700, i samtidiges optegnelser*. Universitetsforlaget i Århus, Århus
- Grønlund, David. (1973). *Historiske Efterretninger om de i Ribe Bye for hexerie forfulgte og brændte mennesker* (2. Utg.). Ribe: Historisk Samfund for Ribe Amt

Kinch, J. (1884). *Ribe Bys Historie og beskrivelse fra Reformationen indtil Enevoldsmagtens Indførelse* (bd. II). Odder: K. Bønnelycke

Hofnagels, Mikel. (1868). Optegnelser. I N. Nicholaysen (Red.), *Norske Magazin* (Bd. 2). Oslo

Nyerup, Rasmus. (1823). Udsigt over Hexeprocesserne her i Norden. I *Det skandinaviske Litteraturselskabs Skrifter* (bd. 19). København: Athenæum

Utrykte og andre kjelder i IKOS sitt trolldomsarkiv

Bergen bytingsprotokoll, nr. 1, 1663, fol. 5a, Statsarkivet i Bergen

Bergen domkapitels protokoll, nr. 2, 1624-1655

Norske rigs-registranter, Bd. 3, 1588-1602

Norske rigs-registranter, Bd. 4, 1603-1618

Norske rigs-registranter, Bd. 6, 1628-1634

Norske samlinger, Bd. 1, 1852

Norske samlinger, Bd. 2, 1860

Norsk Herredagsdombok, rekke 3., bd. 4, ved Dr. P. Groth, Oslo 1929

Norsk Herredagsdombok nr. 14, 1595- 1599, fol. 365ff, Riksarkivet i København

Rentekammerets byrekneskap for Bergen by, pk. 45, Sikt og sakefall 1606-1616, Riksarkivet i Oslo

Rentekammerets byrekneskap for Bergen by, pk. 49, Sikt og sakefall 1649-1680, Riksarkivet i Oslo

Rentekammerets lensrekneskap for Bergenhus len, 1631-1632, Riksarkivet i Oslo

Rentekammerets lensrekneskap for Bergenhus len, 1632-1633, Riksarkivet i Oslo

Rentekammerets lensrekneskap for Bergenhus len, 1650-1651, Riksarkivet i Oslo

Tillegg til Norsk Herredagsdombok, rekke 3, bind. 4, ved Oddvar Grønli, Oslo 1966

Vedlegg 1: Trolldomssaker i Ribe by

SAKSNR	ÅR	NAMN	KJELDER
8.	1590	Karen Lasdotter	Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 669
9.	1595	Maren Poulsdotter	Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 669
10.	1610	Ingeborg Harchis	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 26-33
11.	1610	Else Peder Mortens	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 33
12.	1610	Bodild Harchisdatter	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 33-47
20.	1613	Anne Lourups	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 49-65
23..	1614	Bodild Harchisdatter	Grønlunds <i>Efterretninger</i> s. 33-47; Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 237f.
24.	1614	Else Peder Mortens	Grønlunds <i>Efterretninger...</i> , s. 33, 49
25.	1614	Karen Kallis	Grønlunds <i>Efterretninger...</i> , s. 49
55.	1620	Birthe Olufsdatter	Grønlunds <i>Efterretninger...</i> , s. 65-81; Degns <i>Livet i Ribe...</i> , s. 150
56.	1620	Karen Roeds	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 82-97; Degns <i>Livet i Ribe...</i> , s. 150
57.	1620	Johanne Moltisdatter	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 97-101; Degns <i>Livet i Ribe...</i> , s. 150
77.	1637	Maren Tomesdotter Splids	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 102-36, Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 348-60
81.	1641	Maren Tomesdotter Splids	Samme som tidligere (saksnr. 77)
82.	1641	Anne Thomasdatter «Krøbbel»	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 121-36; Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 360-62
84.	1642	Anna Jensdatter Ebbis	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 126-36; Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 362-64
85.	1642	Maren Jellis/Jelle Skrædders	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 126-36, Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 364, Jacobsens <i>Danske domme...</i> , s. 278
86.	1642	Maren Matthesen	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 126-36; Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 364
87.	1642	Niels Holdensen «Portner»	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 126-36; Kinchs <i>Ribe Bys Historie ...</i> , s. 364-65
90.	1652	Anne Thomaskone Bruds	Grønlunds <i>Efterretninger ...</i> , s. 136-42

Vedlegg 2: Trolldomssaker i Bergen by

Forkortingar:

Lr. = Lensrekneskap

NHD = Norske Herredags-dombøker

NRR = Norske Riks-Registrarer

RA = Riksarkivet

RK = Rentekammeret

PROSESSNR.	ÅR	NAVN	KJELDER
607	1568	Anna på Berget	Absalons Pederssons dagbok, i Norske samlinger bd. 2, s. 143, 167
607A	1568	Ingeborg, Anna på Bergets dotter	Same som saksnummer 607.
679	1575	Anne Pedersdotter, Absalon Beyers kone	Same som saksnummer 680.
680	1590	Anne Pedersdotter, Absalon Beyers kone	Danske Kanselli, tillegg til Skapsakene, RA. NRR 3. Bd, 1588-1602, s. 122f, 126f. Norske Samlinger 1. Bd. , s. 525-548. Herredagsdombok nr. 14, 1595-1599, fol. 365ff, RA København.
680A	1590	Anne Gjertsdotter	Danske Kanselli, tillegg til Skapsakene, RA. Norske Samlinger 1. Bd. , s. 525-548. Herredagsdombok nr. 14, 1595-1599, fol. 365ff, RA København. (NB. Nevnt i dommen)
680B	1588	Maren Jakobsdotter	Danske Kanselli, tillegg til Skapsakene, RA. Norske Samlinger 1. Bd. , s. 525-548. Herredagsdombok nr. 14, 1595-1599, fol. 365ff, RA København. (NB. Nevnt i fol. 14b)
680C	1588	Gjønette Orkensysk	Danske Kanselli, tillegg til Skapsakene, RA. Norske Samlinger 1. Bd. , s. 525-548. Herredagsdombok nr. 14, 1595-1599, fol. 365ff, RA København. (NB. Nevnt i fol. 15a)
691	1592	Effi skottekvinne	Bergen Rådhusprotokoll 1, 1592-1594, i Norske Samlinger bd. 1, s. 321f.
691A	1592	Hennes mor	Bergen Rådhusprotokoll 1, 1592-1594, i Norske Samlinger bd. 1, s. 321f.
669	1590-92	Oluf Gausdal	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 222-

			233. NRR, 3. Bd., s. 175, s. 256, s. 262.
669A	1590-92	Maren Robertsdotter, biskop Foss' kone	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 224-233. NRR, 3. Bd., s. 175 og s. 256.
669B	1580-tall	Maren i Haldorsgård	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 230. NRR, 3. Bd., s. 256.
669C	1589?	Mumpe-Gudrun	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 230. NRR, 3. Bd., s. 256.
673	1594	Dilis Rønke	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 233-244.
674	1594	Johanne Jensdotter Flamske	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 245-252.
676	1594	Anne Knudsdotter	Bergen Rådhusprotokoll 1592-1594, i Norske Samlinger, bd. 1, 1852, s. 253-257.
661	1606	En trollkone	NRR, bd. 4, 1603-1618, s. 148-149.
661A	1606	Lesemester Tomas Hansens mor	NRR, bd. 4, 1603-1618, s. 148-149.
661B	1606	Strange Jørgensens kone	NRR, bd. 4, 1603-1618, s. 148-149.
661C	1606	Salomon Jonsens kone	NRR, bd. 4, 1603-1618, s. 148-149.
373	1608	Peder Dragers kone	RK. Byregnskaper, Bergen, pk. 45, Sikt og sakefall 1606-1616, RA.
651	1613	Svarte ravn (kone)	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 182.
651A	1613	Kristi jordmor	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 182.
648	1615	Mary Geith	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 182.
648A	1615	Gule	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 182.
648B	1615	En kone	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 182.

653	1627	En kone	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 191.
653A	1627	Vendel på øvregaten	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 191.
893	1631	Susanne	RK., Lr., Bergenhus len 1631-1632, RA.; Botheim 1999: 82, 85, 95, 172, 223,
376	1632	Herluff Lauritsens Anne Christensdotter	RK. Lr. Bergenhus len, 1632-1633, pk. 60, 1640- 1641, pk. 86, RA. NRR bd. 6, 1628-1634, s. 435f. Mikel Hofnagelse opptegnelser s. 196f. Bergen domkapitels protokoll nr. 2, 1624-1655, pag. 139- 140, møte 01.07.1634.
376A	1632	Ragnhild Thorleifsdotter	RK. Lr. Bergenhus len, 1632-1633, pk. 60, 1640- 1641, pk. 86, RA. NRR bd. 6, 1628-1634, s. 435f. Mikel Hofnagelse opptegnelser s. 196f. Bergen domkapitels protokoll nr. 2, 1624-1655, pag. 139- 140, møte 01.07.1634.
376B	1632	Laurits Markvardsens kone, Birgitte Hansdotter Ruus	NHD 3. R. 4. bd. , s. 37, tilleggsbind s. 449. NRR bd. 6, 1628-1634, s. 346, 435f, 527f.
655	1633	En jungmann	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 197.
656	1634	En trollkone	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 198.
657	1634	Svarte-Hans	Mikel Hofnagels opptegnelser 1596-1676, 1868- utg., s. 198f. Fossen s. 339
894	1650	Et kvinnefolk	RK., Lr., Bergenhus len 1650-1651, RA.; Botheim 1999: 223
689	1662	Synnøve	Rasmus Nyerup: Udsigt over Hexeprocesserne her i Norden. København 1823, s. 372f.
392	1663	Herman Skomakers Karen	Bergen bytingsprotokoll nr. 1, 1663, fol. 5a, SAB.
393	1663	Anne Knutsdotter	RK. Byregnskaper, pk. 49, Sikt og sakefall, 1649-1680, RA.

